

Stian Paulen

Frå strategi til avsetting

Eit studie om Statoil sin utvikling av strategi for avsetting av norsk olje i perioden 1974-1979, med fokus på råolje og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet.

Masteroppgåve i Historie

Veileder: Espen Storli


Mai 2019



Stian Paulen

Frå strategi til avsetting

Eit studie om Statoil sin utvikling av strategi for avsetting av norsk olje i perioden 1974-1979, med fokus på råolje og raffinerte produkt frå Statfjordfeltet.



Masteroppgåve i Historie
Veileder: Espen Storli
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske studier

Føreord

Eg hugsar tilbake til første forelesning av masterstudiet då forelesaren fortalte oss at masterskriving var «ein einsam affære». Skrekken satt seg inn når eg fekk høyre desse orda og tenkte at oppgåva eg stod ovanfor kom til å verte umogleg. Heldigvis viste det seg at sjølv om masterskriving er ein einsam affære er det mange støttespelarar som hjelper deg på vegen. Desse hjalp meg med å forstå at oppgåva slett ikkje var umogleg å gjennomføre. Prosessen har hatt sine opp- og nedturar, men når eg tenker tilbake så er det dei positive sidene rundt alt eg har lært som eg kjem til å hugse.

Først av alt vil eg takke Ingeborg som alltid smiler og er optimistisk medan eg sitt fast i skrivinga. Eg trur ikkje eg ville klart å fullføre masteroppgåva dersom du ikkje var så støttande og blid som du er. Takk til Espen som har vore ein flink rettleiar som har kome med gode innspel og diskusjonar når eg stod fast i skriveprosessen. Utan deg og «Fate of Nations»-gruppa ville truleg masteroppgåva vore om noko heilt anna. Takk til Equinor, som eg truleg alltid kjem til å kalle Statoil, for at eg fekk eit innblikk i dykkar kjelder og fekk bidra til å skrive ein liten del av Noreg sin historie. Takk til alle som har skrive om Statoil og norsk oljehistorie før meg. Utan dykkar ekspertise og refleksjonar ville ikkje oppgåva vore mogleg å gjennomføre. Tusen takk til Morten og James som har fått tankane på andre tema enn masterskrivinga dei siste åra.

Han treige som alltid fullfører.

Stian Paulen, 7. mai 2019. Trondheim.

Samandrag

Den 24. november 1979 opna Statfjord A sin produksjon av olje, og starten på avsettinga av oljen vart satt i gang kor tid etter. Målet med denne oppgåva er å gje innsyn i korleis strategien for avsettinga av råolje og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet vart danna, og korleis strategien endra seg i perioden 1974-1979. Oppgåva har som føremål å sjå på korleis strategien vart utvikla av Statoil, då med fokus på marknadsføringsavdelinga sitt arbeid om å utrette ein plan for avsettinga av råolje og raffinerte produkt. Det har difor mellom anna blitt sett på kva avtalar Statoil såg på som mest aktuelle, kven som var dei potensielle kjøparane av Statfjord-oljen og korleis oljen skulle avsettast. Innsyn i arkivmateriale henta frå Equinor sine arkiv i Stavanger gjorde det mogleg å finne svar på det overordna spørsmålet i oppgåva. Starten av planlegginga for ein strategi for avsettinga frå Statfjord-feltet starta når feltet vart oppdaga i 1974, og den resulterande strategien av planlegginga vart lagt fram den 15. januar 1979. I tida mellom desse to tidspunkta vart utretta ein strategi for korleis avsettinga skulle finne stad, og oppgåva omhandlar korleis denne strategien vart utvikla. Resultatet av strategien var at Statoil hadde innsikt i kva handlingsforløpet til den framtidige avsettinga i dei kommande åra ville vere og kva land som vart mest aktuelle å selje oljen til. Statoil hadde også danne ein framtidig handlingsplan for korleis fordelinga mellom sal av råolje og raffinerte produkt skulle sjå ut, og kva tidspunkt det ville vere aktuelt å selje desse formene for olje til norske og internasjonale oljeselskap og land.

Innholdsliste

Føreord	1
Samandrag	3
Figurar og tabellar	7
Kapittel 1 – Innleiing	1
1.1 Problemstilling	1
1.2 Avgrensing	2
1.3 Tidlegare forskning og kjeldeoversikt	3
1.3.1 – Det norske perspektivet	3
1.3.2 – Det internasjonale perspektivet	5
1.4 Kjeldegrunnlag	7
1.5 Oppgåva si oppbygging	8
Kapittel 2 – Norsk oljeverksemd før funnet av Statfjord-feltet	10
2.1 Konsekvensen av Ekofisk	11
2.2 Statleg styring med handlefridom	12
2.3 Avslutting	14
Kapittel 3 – Statoils plan for verksemda i 1976	15
3.1 Plan for marknadsføring av råolje	15
3.2 Opec og internasjonalt råoljesal	18
3.2.1 – API-Gravity og lågsvoelholdig olje	21
3.2.2 – Forventa pris for Statfjord sin råolje	22
3.3 Marknader for Statfjordoljen	23
3.3.1 – Aktuelt marknad: USA	25
3.3.2 – Aktuelt marknad: Sverige	27
3.4 Utsettingar av utbygginga av Statfjord-feltet	28
3.5 Konklusjon	30
Kapittel 4 – Etablering av ein avsetningspolitikk	31
4.1.1 – Fem problemstillingar knyta til sal frå Statfjord-feltet	32
4.1.2 – Salsmarknader og marknadsstrategi	36
4.1.3 – Eit mogleg avsetningsmønster	42
4.2 «Markedsføringsplan for Statfjord råolje»	44
4.3 Konklusjon	52
Kapittel 5 – Avsetningspolitikken tek form	53

5.1	Industridepartementet tek kontakt	53
5.2	«Avsetningspolitikk for petroleum»	55
5.2.1	– Nedstraumsaktivitet	59
5.2.2	– Val av marknader og avtaleformar	63
5.2.3	– Aktuelle marknader	66
5.2.4	– Fundamentet for avsetningspolitikken	70
5.3	Langsam framgang og nye utsettingar ved Statfjord-feltet	73
5.4	Konklusjon	75
Kapittel 6 – Langvarig plan etter produksjonsstart		76
6.1	Styringsgruppa rundt avsetningspolitikken	76
6.1.1	– Ny marknadsvurdering	77
6.1.2	– Raffinerte produkt og råolje	80
6.1.3	– Det nye avsetningsmønsteret	82
6.2	Planlegginga strekker seg til 1990	84
6.2.1	– Primærmarknader og andre marknader	84
6.2.2	– Råolje og raffinerte produkt til 1990	85
6.3	Produksjonsstarten nærmar seg	89
6.3.2	– Det andre oljesjokket	93
6.4	Marknadsstrategisk plan 1979-1990	94
6.5	Konklusjon	98
Kapittel 7 - Konklusjon		99
Kjeldeoversikt:		101
Kjelder frå Statoils arkiv ved statsarkivet i Stavanger:		101
	Da – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkiv:	101
	Dm – Statfjordarkivet:	103
Publiserte stortingsmeldingar, stortingsinnstillingar og stortingsproposisjonar		104
Skriftlege kjelder		106
Kjelder frå nettsider		108
Vedlegg		110

Figurar og tabellar

Figurar:

Figur 1 – Råoljesal ved topp-produksjon, Statfjord	17
Figur 2 - Historisk prisutvikling av Arabian Light i perioden 1973-1975	19
Figur 3 – USA, Forbruk av petroleumsprodukt og raffinerikapasitet	26
Figur 4 – Sverige, Forbruk av petroleumsprodukt og raffinerikapasitet	27
Figur 5 – Import / eksport av råolje i 1976 og forventa import 1985	78
Figur 6 – Mogleg avsettingsmønster	83

Illustrasjonar:

Illustrasjon 1 – Plan for marknadsføring av olje frå Statfjord-feltet	51
Illustrasjon 2 – Ulike nedstraumsalternativ 8.9.1978	86

Tabellar:

Tabell 1 - «Light» råoljekvalitetar frå marknadsverdiar for utvalde råoljekvalitetar, Februar 1976	23
Tabell 2 – Import av lågsvoel råolje fordelt på land i 1974 og 1975 (millionar tonn)	38
Tabell 3 - Oversikt over raffinerikapasitet, raffineriproduksjon, tilgjengeleg kapasitet, råolje import, oljen sin del av energiforbruket og det totale energiforbruket i ulike land for året 1975	39
Tabell 4 – Mogleg avsettingsmønster av råolje ved årleg produksjon på 20 millionar tonn	43
Tabell 5 – Prosentdel av importert lågsvoelholdig olje og energiforbruk i form av olje	47
Tabell 6 – Tidsplanar for avsettingspolitikken	57
Tabell 7 – Ulike nedstraumsalternativ	60
Tabell 8 – Fordeling mellom ulike avsettingsformar	71
Tabell 9 - Minking av inntekter ved ein forseinking av produksjonsstart av Statfjord-feltet på eitt år. (million kroner, 1978)	88
Tabell 10 – Overskottsdifferansar	89

Kapittel 1 – Innleiing

«... lørdag 24. november 1979. Telefon fra Jan M. Wennesland. Han er på plattformen. Norge får nå *to* oljeben, Ekofisk og Statfjord». ¹ Dette er orda Arve Johnsen valte å bruke i sin bok *Gjennombrudd og vekst* for å skildre at Statfjord-feltet sin produksjon av olje hadde starta. Noreg hadde som Johnsen skriv «to oljeben» ved Ekofisk og Statfjord på 1970, og desse to oljefelta markerte starten på den framtidige oljeindustrien i Noreg. Spesielt viktig var inntektene som felta skapte sidan det endra norsk økonomi i etterkant. Store delar av inntektene som vart skapt skjedde gjennom sal av oljen. Oljen, også kalla avgiftsolje, frå Ekofisk vart tildelt den norske stat frå utanlandske oljeselskap som betaling for utnyttinga av Nordsjøen, medan oljen frå Statfjord vart skapt og eigd av den norske stat. ² Oppgåva for å selje oljen frå begge felta vart tildelt den nasjonale oljeselskapet Statoil.

Kort tid etter at Statfjord-feltet vart oppdaga i 1974 vart det avgjort, både av Statoil og den norske stat, at mengda olje frå Statfjord kom til å vere langt større enn mengda olje frå Ekofisk. På grunn av dette vart det avgjort at ein strategi for salet av oljen måtte utgreiast. Sidan Statoil hadde ansvaret for salet av oljen var det naturleg at Statoil også vart tildelt denne oppgåva, og gjennom dei fem åra fram til produksjonsstart var det utrette ein strategi for korleis avsettinga av oljen skulle gjennomførast. Denne masteroppgåva forskar på kva Statoil sin strategi for salet av olje frå Statfjord-feltet var, og korleis strategien utvikla seg gjennom dei fem åra fram til produksjonsstarten av feltet vart sett i gang i 1979.

1.1 Problemstilling

Målet med masteroppgåva er å undersøke korleis den interne planlegginga av avsettinga for råolje og raffinerte produkt endra seg i perioden frå Statfjord-feltet vart funne i 1974 til produksjonen av feltet starta opp i 1979. Ved å analysere korleis planlegginga endra seg i tida mellom 1974 og 1979 er målet å forske på avgjerslene og vurderingane som førte til at oljen kunne seljast ved produksjonsstart i 1979. Problemstillinga for oppgåva er som følge:

Korleis utvikla Statoil ein strategi for avsettinga av norsk olje i perioden 1974-1979, med fokus på råolje og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet?

¹ Johnsen. *Gjennombrudd og vekst*, 1990. Side 98.

² Johnsen, *Utfordringen – Statoil-år*. Side 95.

I samanheng med denne problemstillinga er det sentrale spørsmål som må svarast på for å forklare korleis strategien for avsettinga frå Statfjord-feltet vart utforma. Desse sentrale spørsmåla er:

-Kven var dei potensielle kjøparane av råolje og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet?

-Kva potensielle avtalar vart inngått for å verkeleggjere salet?

-Kva skulle fordelinga mellom råolje og raffinerte produkt vere?

-Kva var konsekvensane av planleggingsprosessen?

1.2 Avgrensing

Oppgåva har ein gitt tidsperiode frå 1974 til 1979. Året 1974 markerte kor tid Statfjord-feltet vart oppdaga, samt året kor Statoil sin marknadsføringsavdeling fekk i oppgåve å danne ein strategi for salet av oljen frå Statfjord-feltet. 1979 var året kor produksjonsstarten av feltet starta og markerte difor tidspunktet kor strategien måtte vere ferdig utvikla. Grunngevinga for at oppgåva ikkje tek føre seg ein lenger periode er fordi målet er å undersøke kva strategien til Statoil var før oljen var utvinna i 1979. Oppgåva omhandlar difor tida før avsettinga ved feltet skjedde sidan det var då strategien vart utforma. Dette på bakgrunn av at tida etter produksjonsstart var sentralisert rundt sal og utvinning, og ikkje rundt planlegginga for ein avsettingsstrategi.

Det har vidare blitt gjort ei avgrensing om å kun ta føre seg strategien om avsetting frå Statfjord-feltet, og ikkje frå andre norske oljefelt frå perioden. Dette vart gjort for å avgrense oppgåva sitt omfang sidan å ta føre seg avsetting ved andre norske felt for perioden ville ha vore for omfattande. Grunnen til at Statfjord spesifikt vart valt var på grunn av storleiken til feltet, og at Statfjord skulle vise seg å vere Nordsjøens største produserande oljefelt.³ Dette gjorde at feltet hadde stor innverknad på avsettinga av olje i norsk samanheng.

På grunn av den periodiske avgrensinga har det vidare blitt gjort ei avgrensing i kva del av Statfjord-feltet som er mest sentral for å svare på problemstillinga. Statfjord-feltet er delt inn i tre grupper beståande av Statfjord A, Statfjord B og Statfjord C. Den mest aktuelle delen av feltet for den periodiske avgrensinga er Statfjord A sidan denne delen av feltet starta sin produksjon i 1979, medan Statfjord B og Statfjord C starta sin produksjon i 1982 og 1985.

³ Lie, *Oljerikdommer og internasjonal ekspansjon – Hydro 1977-2005*. Side 29.

I tillegg til dei førre avgrensingane har det blitt valt å avgrense kva produkt som var selt frå Statfjord-feltet. Ved sidan av sal av råolje og raffinerte produkt var gass i form av naturgass og våtgass ei viktig inntektskjelde. Strategien for sal av gass skjedde på same tidspunkt som strategien for av råolje og raffinerte produkt vart utvikla, og tidleg i skriveprosessen vart det vurdert å forske på alle tre salsprodukta. Grunngevinga for kvifor strategien om avsettinga av gass ikkje vert skildra i masteroppgåva er fordi omfanget av temaet ved å forske på alle produkta ville ha vore for omfattande å ta føre seg.

1.3 Tidlegare forskning og kjeldeoversikt

Av tidlegare forskning om strategien Statoil utvikla kring avsetting av olje frå Statfjord-feltet er det ingen forskning som har blitt publisert. Temaet har blitt nemnd av fleire forskarar, men ingen har gått spesifikt inn på dette temaet. Dette kan skyldast at tidlegare forskning i hovudsak tek føre seg andre tema innanfor norske oljeindustrien, som for eksempel teknologiutviklinga som fann stad, dei politiske følgene av oljeindustrien og korleis industrien utvikla seg. I tillegg utgjer Statfjord-feltet kun ein liten del av den totale forskinga som har blitt gjort om Nordsjøen, noko som avgrensar temaet vidare. Ein annan grunn kan vere at tilgangen til kjelder som tek føre seg temaet fram til nyleg tid har vore unnlatt offentleg innsyn, og det difor ikkje har vore mogleg å forske på temaet. Det finnast derimot forskning som skildrar strategien for avsetting ved andre oljeselskap og land enn Statfjord sitt eksempel. Tidlegare forskning som drøftar strategien for avsetting kan difor delast inn i to grupper. Den første vil vere forskning som omhandlar Statfjord-feltet frå eit norsk perspektiv, og den andre gruppa omhandlar forskning som har blitt gjort kring strategiskapinga for avsetting generelt i den internasjonale oljeindustrien.

1.3.1 – Det norske perspektivet

Tidlegare forskning som drøftar strategien som vart gjort kring sal av olje frå Statfjord-feltet har ikkje blitt direkte forska på, men har blitt nemnd i skriftleg norsk litteratur. I Arve Johnsen sin bok *Gjennombrudd og vekst: Statoil-år* finnast det noko dokumentasjon for korleis planlegginga av strategien internt i Statoil gjekk føre seg. I diskusjonen nemnar Johnsen at Statoil i perioden 1974-1978 marknadsførte om lag to millionar tonn olje til det internasjonale marknaden, då hovudsakleg gjennom avgiftsolje frå Ekofisk og ikkje Statfjord-olje.⁴ Han fortsett med å skildra at denne marknadsføringa fortsette i 1980-åra, då gjennom sal av olje og gass frå Statfjord-feltet og andre felt på norsk sokkel. «...en langsiktig og lønnsom avsetning

⁴ Johnsen. *Gjennombrudd og vekst*, 1990. Side 44-45.

for derved å sikre selskapets investeringer» er skildra som marknadsføringsorganisasjonen i Statoil sin oppgåve, kor spesielt Norden, Vest-Tyskland, Frankrike og USA vart skildra som land som Statoil var interessert i å få innpass til.⁵ Framgangen til desse marknadane skulle skje trinnvis, kor Norden vart den første marknaden som oljen vart selt til deretter Vest-Europa og USA. Dette er svært relevant informasjon knyta til min oppgåve, men Johnsen sin skildring av temaet er kort og det er ikkje spesifisert i detalj korleis dette resultatet vart skapt. I tillegg har Johnsen eit fokus kring Ekofisk, og ikkje Statfjord-feltet i sin diskusjon. Johnsen skildrar difor i større grad resultatet av strategien, og ikkje kva strategien var.

I likskap med Johnsen sin skildring er resultatet av avsettinga temaet som har fått mest fokus i annan forskning om Statfjord-feltet. I *Fra vanтро til overmot?* skriv Gunnar Nerheim og Tore Jørgen Hanisch om korleis oljemilliardane frå 1970-tallet skulle brukast.⁶ Igjen er fokuset retta mot resultatet av avsettinga med fokus på perioden før Statfjord-feltet var i drift. Diskusjonen omhandlar difor i stor grad avgiftsoljen frå Ekofisk, men også tida etter 1980. Avsettinga frå Statfjord vert diskutert i mindre grad, og fokuset er retta mot Ekofisk. Diskusjonen omhandlar ikkje utviklinga av strategien for avsettinga, og hovudfokuset i forfattarane sin diskusjon problematiserer kva oljepengane skulle bli brukt til og kva konsekvens avsettinga hadde for det norske samfunnet.

I artikkelen «Staten som petroleumsentreprenør» skriv Ole Gunnar Austvik om dei økonomiske konsekvensane av norsk oljeindustri og kva staten sin rolle var i petroleumsverksemda. Austvik diskuterer Statfjord-feltet sin plassering i norsk oljeindustri som betydeleg, og at Statoil oppretta ein kontantstraum frå Statfjord-feltet.⁷ Dette tilseier at Statoil såg høg avsetting frå feltet. Forfattaren skriv «Frå 1977 hadde Statoil alene forhandlet om sal av gass på vegne av rettighetshaverne i store gassfelt som Statfjord, Sleipner og Troll». ⁸ Dette fortel at Statoil hadde ansvar for salet som gjekk seg av gass frå mellom anna Statfjord-feltet i 1977, og det plasserer difor Statoil og ikkje den norske stat som ansvarleg for avsettinga av gass. Om dette var tilfellet for oljen vert ikkje skildra, men det fortel at Statoil hadde ansvar for delar av avsettinga frå Statfjord-feltet.

⁵ Ibid. Side 45.

⁶ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vanтро?* Side 406.

⁷ Austvik. «Staten som petroleumsentreprenør», Side 209.

⁸ Ibid. Side 210.

I likskap med Austvik sin kommentar kring gass fortel Stortingsmeldingane om «Den norske stats oljeselskap a.s» frå Industridepartementet, i tida mellom 1974 og 1977, og Olje-energidepartementet i ettertid at Statoil hadde ansvar for marknadsføringa av olje og gass frå mellom anna Statfjord-feltet. Skildringa som vert gitt i stortingsmeldingane i åra kor strategien vart utvikla skildrar at Statoil hadde ansvar for marknadsføringa av oljen og korleis salet skulle gå føre seg. Stortingsmeldingane skildrar vidare at planlegginga av strategien føregjekk i åra før produksjonsstarten ved Statfjord-feltet starta. Meldingane gjev derimot ikkje eit innsyn i korleis planlegginga gjekk føre seg, men fortel at det var Statoil som hadde ansvar for planlegginga og danninga av avsettingsstrategien. Etter produksjonsstart av feltet endra dette seg i nokon grad, og stortingsmelding nr. 44 frå Olje- og energidepartementet vert punktet «avsetningsstrategi» skildra.⁹ I likskap med kva Johnsen skriv i sin bok vart marknadar som Sverige og Vest-Tyskland nemnd som aktuelle marknadar for Statfjord-oljen. På tross av dette er hovudfokuset i stortingsmelding nr. 44 den norske marknaden, men som tidlegare ligg fokuset kring kva resultatet av strategien for avsetting var og ikkje korleis Statoil hadde kome fram til dette resultatet.

1.3.2 – Det internasjonale perspektivet

Ved sidan av det norske perspektivet rundt strategien for avsetting av råolje og raffinerte har det blitt gjort forskning på korleis andre selskapet enn Statoil planla sin avsetting. Det har også blitt funnet ei kjelde som skildrar Statoil sin strategi i liten grad. I Valérie Marcel si bok *Oil Titans – National Oil Companies in the Middle East* skriv Marcel om Oljedirektoratet sin rolle i norsk oljeindustri rundt lovgiving og styring. Ho presiserer likevel at det var Statoil som hadde ansvar for naturressursane kring oljeindustrien, og Marcel skriv:

...it looks to the national oil company, Statoil, for “objective,” loyal advice, and the NOC continues to carry national responsibility for the resource. Statoil would, for instance, have special responsibility to make the government aware of market and technical issues, so that the latter can make informed decisions about depletion and price.¹⁰

⁹ Olje- og energidepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1981. Årsberetning og regnskap 1979. Melding om virksomheten 1. halvår 1980», Stortingsmelding nr 44, 1980. Side 25.

¹⁰ Marcel, *Oil Titans – National Oil Companies in the Middle East*. Side 87-88. + Forkortelsen NOC står for national oil company.

Dette fortel at Statoil hadde ansvar for å rapportere marknads- og tekniske spørsmål kring oljeindustrien til den norske stat og Oljedirektoratet. Det var Statoil, og ikkje den norske stat, som hadde ansvar for bruken av ressursane frå oljeindustrien deriblant råolje og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet. Ved at Statoil fekk ansvaret for bruken av oljeresursane hadde Statoil også ansvar for strategien som låg føre for at avsetting skulle finne stad. Marcel skriv vidare at andre land har adaptert denne forma for styring, og ho viser at Algeria er eit eksempel på dette.¹¹

I si bok diskuterer Marcel også korleis ulike nasjonale oljeselskap sitt nedstraumsengasjement og avsettingsstrategi kan samanliknast med store internasjonale oljeselskap.¹² Ho skildrar ikkje Statoil spesifikt sidan hennar fokus er kring land i Midt-Austen, men det er likevel interessant at hennar skildring av nasjonale selskap ser ut til å følgje ein viss trend. Denne trenden kan difor også vere gjeldande for Statoil sjølv om Marcel ikkje diskuterer Statoil som eksempel. Trenden ho skildrar er at nasjonale oljeselskap har eit ynskje om å ekspandere sin industri utanfor sine eigne grensar, og at store delar av avsettinga difor ikkje vert skapt på det nasjonale marknaden.¹³ Dette er noko som internasjonale selskap starta med før dei nasjonale gjorde det. Marcel påpeika at oljeselskap frå Midt-Austen som Kuwait Petroleum Corporation og National Iranian Oil Company har internasjonalisert nedstraumsengasjementet sitt. Det er difor interessant om dette var ein tanke Statoil hadde i sin strategi for råolje og raffinerte produkt frå Statfjord.

Marcel sitt perspektiv omhandlar i store delar land frå Midt-Austen og tek ikkje føre seg nasjonale og internasjonale selskap utanfor dette området i stor grad. I boka *Fossil Fuels, Oil Companies, and Indigenous Peoples* diskuterast det i større grad kva påverknad internasjonale selskap har hatt for oljenasjonar som Ecuador, Peru og Venezuela.¹⁴ Boka tek mellom anna føre seg strategien for bruken av avsetting av oljen for ulike oljenasjonar og selskap, og det vert skildra kva planer dei ulike landa hadde til korleis avsettinga skulle brukast. Dette tilseier at det har blitt gjort studiar som tek føre seg andre land enn Noreg sin bruk av avsettinga, men i likskap med Statoil sitt eksempel vert det ikkje gått i detaljer for korleis strategien av avsettinga vart gjort.

¹¹ Marcel, *Oil Titans – National Oil Companies in the Middle East*. Side 88.

¹² Nedstraumsengasjement omhandlar mellom marknadsføring av oljen, og difor også avsettinga.

¹³ Marcel, *Oil Titans – National Oil Companies in the Middle East*. Side 190-191.

¹⁴ Haller et al., *Fossil Fuels, Oil Companies and Indigenous Peoples*.

I samråd med strategien for avsettinga i ulike land har det i tillegg til nasjonale oljeselskap blitt skriva litteratur om dei multinasjonale oljeselskapa, og korleis desse bygde opp ein strategi for sin avsetting. Eit av dei multinasjonale selskapa som var store før Statoil var oppretta var Royal Dutch Shell. I *Powering the Hydrocarbon Revolution, 1939-1973 - A History of Royal Dutch Shell, volume 2* skriv Stephen Howarth og Joost Jonker om danninga av eit nedstraumsengasjement for selskapet. Dette kan sjåast som Shell sin strategi for avsettinga, og diskuterer mellom anna om korleis Shell bygde opp eigne raffineri på 1940- og 1950-tallet.¹⁵ Dette skapar eit perspektiv for korleis eit multinasjonalt oljeselskap danna sin planlegging for avsetting.

1.4 Kjeldegrunnlag

Kjeldegrunnlaget for denne masteroppgåva er i hovudsak knyta til Statoil sitt arkiv som er plassert hjå Statsarkivet i Stavanger. Arkivet består av 269 arkivseriar og 11834 arkivstykker som er plassert i boksar som tek føre seg Statoil sin dokumentasjon av selskapet sin drift i perioden mellom 1972 til 2010. To arkivseriar har vore sentrale for å svare på problemstillinga for denne oppgåva. Desse arkivseriane er «Da- Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkiv» og «Dm – Statfjordarkivet». I desse arkivseriane har det mellom anna blitt brukt brev, rapportar, notat, utkast av dokument, referat, samt andre interne dokument for å skildra oppgåva sitt innhald.

I tillegg vart det på det tidlege stadiet i oppgåveskrivinga sett på seriane «Aab- Generalforsamling og vedlegg, Statoil» og «Ecb – Paragraf-10 planer». Desse to arkivseriane bidrog til å bygge forståing kring temaet og satt planlegginga av strategien i perspektiv i samanheng med Statoil sin overordna styring. Desse arkivseriane var likevel ikkje sentrale for å finne svar på temaet for oppgåva. Ved arkivbesøket var også serien «K- Markedsføring og sal» sett nærare på, men det viste seg at innhaldet i denne arkivserien omhandla ein seinare periode på 1980-tallet og ikkje perioden kor strategien for avsettinga vart danna.

Statoil sitt arkiv ved Statsarkivet i Stavanger er klausulert, taushetsbelagt og er unnlatt offentleg tilgang i dei neste 60 år. Kjeldene som har blitt brukt i denne oppgåva vil difor ikkje vere tilgjengeleg til offentleg tilgang, og ein direkte søknad til Equinor må rettast for å få innblikk i kjeldene som har blitt brukt.

¹⁵ Howarth og Junker, *Powering the Hydrocarbon Revolution, 1939-1973*. Side 258-263.

Saman med kjelder frå Statoil sitt arkiv i Stavanger har stortingsmeldingar, stortingsproposisjonar og stortingsinnstillingar om norsk oljeindustri vore sentrale kjelder som gjennomgåande har blitt brukt i utforminga av oppgåva. Desse kjeldene er hente frå perioden 1970-1980. I tillegg har det blitt brukt ei rekkje skriftlege kjelder som omhandlar norsk og internasjonal oljeverksemd, samt nettsider om ei rekkje tema for å informere om norsk oljeindustri, internasjonal oljeindustri og tema som var sentrale i oppgåva.

Det må også nemnast at under skriveprosessen vart det diskutert saman med rettleiar om å sjå på andre kjelder enn Statoil sine arkiv. Den mest aktuelle staden å sjå etter slike kjelder var Olje- og energidepartementet sine arkiv. I samråd med rettleiar vart det slutta at eit slikt arkivsøk ville vere for tidskrevande, og at innsynet til dette arkivet ikkje ville passe med tanke på innleveringsfrist av den ferdige masteroppgåva. Ei avgjersle om å ikkje søke om innpass til desse arkiva vart difor tatt saman med rettleiaren.

1.5 Oppgåva si oppbygging

Oppgåva er delt opp i ei fem hovudkapittel, samt innleiing og konklusjon, som følgjer eit kronologisk handlingsforløp av planlegginga for strategien til sal av råolje og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet i tida 1974 til 1979. Kapittel to skildrar perioden før 1974 i norsk oljeindustri, og studerer kva som førte til at Statoil fekk ansvar for planlegginga av sal av råolje og raffinerte produkt ved Statfjord-feltet.

Kapittel tre diskuterer den første planlegginga av sal av olje frå Statfjord-feltet, kor diskusjonen i store delar skildrar planleggingsprosessen som gjekk føre året 1976. Dette kapittelet analyserer den tidlege planlegginga av strategien for avsettinga som vart gjort av Statoil sin marknadsføringsavdeling. Vidare problematiserast planlegginga i lys av OPEC sin rolle i internasjonal oljeindustri og kva konsekvensen av oljekrisa i 1973-1974 var for marknadsføringsavdelinga sin planlegging. I tillegg vert det drøfta kva konsekvensane var av at Statfjord-feltet sin utbygging i 1976 vart utsett. Det fjerde kapittelet studerer planlegginga som vart gjort tidleg i 1977, og diskuterer innhaldet i to ulike utkast av ein marknadsføringsplan for Statfjord-olje. Kva marknadar som var aktuelle for avsettinga, kva strategi Statoil skulle ha kring avsettinga og kva problemstillingar Statoil måtte løyse for at salet skulle finne stad er sentrale punkt som vert analysert i kapittelet.

Kapittel fem tek føre seg andre halvdel av året 1977, og utforskar følgjene av at Industridepartementet sendte ein førespurnad til marknadsføringsavdelinga om å få ei utgreiing om planleggingsprosessen og sette oljen inn i eit petroleumsperspektiv. I tillegg

diskuterer kapitlet framgangen ved utbygginga av Statfjord, og kva konsekvensane var av at feltet vart utsett enda ein gang. Det siste hovudkapitlet analyserer kva all tidlegare planlegging leie fram til, og korleis den endelege planen før produksjonsstart av feltet såg ut. Planleggingsperioden dette kapitlet tek føre seg er åra 1978 og 1979, kor ein lengre plan som skulle strekke seg fram til 1990 var resultatet av strategien. Oljekrisa som fann stad i 1979 vert også sett i kontekst med planlegginga av strategien.

Kapittel 2 – Norsk oljeverksemd før funnet av Statfjord-feltet

Norsk oljeindustri starta så tidleg som i 1962 når Phillips Petroleum Company tok kontakt med Trygve Lie om ynskje om oljeleiting av Nordsjøen.¹⁶ Søknaden vart sendt på vegne av det nederlandske og britisk eigde oljeselskapet Shell. Shell hadde saman med Esso i 1959 funnet eit stort gassområde i nærheit av Groningen i Nederland, og retta seg i 1962 mot Noreg for å finne nye oljeområder.¹⁷ Som følgje av Groningen funnet i 1959 følgde ei rekkje andre oljeselskap Phillips sitt eksempel, og det skulle vise seg at Nordsjøen var eit ettertrakta søkarområde for olje og gass i tida etter 1962. Den første boringa fann stad i 1964 i regi av den vest-tyske regjeringa, og det vart påvist at gass i Nordsjøen eksisterte.¹⁸ Storbritannia fylgde etter Vest-Tyskland eit år seinare, kor det vart påvist gass på britisk sokkel. På grunn av det britiske funnet var også delar av Noreg sin sokkel sett på som moglege områder kor gass ville vere førekommande, og i 1965 godkjente stortinget at oljeutvinning på norsk sokkel kunne initierast.¹⁹

Frå norske myndigheita var det i 1965 få tankar som var retta mot ein norsk deltaking i oljeindustrien i tida etter godkjenninga. I staden var samarbeidet mellom den norske stat og internasjonale oljeselskap temaet som vart lagt mest vekt på, og den norske stat var i hovudsak positiv til samarbeidet med eksterne oljeselskap. Dette var ein tanke som var gjeldande i store delar av 1960-tallet, og eit norsk engasjementet ved Nordsjøen vart difor ikkje innleia frå norsk myndigheita. Grunngevinga som vart gitt var at kun etablerte oljeselskap hadde kompetansen og moglegheita til å engasjere seg på norsk sokkel.²⁰ Både norske myndigheiter og dei utanlandske oljeselskapa ynskja at industrien ved norsk sokkel skulle starte opp raskt. For norske myndigheita tyda dette at avsetting og inntektene ville kome, og det vart lagt stort fokus på spørsmål som sikker avsetting og skattlegging av oljen på 1960-tallet.²¹

¹⁶ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 12.

¹⁷ Howarth, *A century in Oil: The «Shell» Transport and Trading Company 1897-1997*. Side 278.

¹⁸ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 91-93.

¹⁹ Nerheim, Gunnar. *Norsk oljehistorie - En gassnasjon blir til*. Side 16.

²⁰ Ryggvik. *Norsk oljevirkosomhet mellom det nasjonale og det internasjonale*. Side 77.

²¹ Sejersted, Francis. *Systemtvang eller politikk: Om utviklingen av det oljeindustrielle kompleks i Norge*. Side 17.

2.1 Konsekvensen av Ekofisk

Haldninga til oljeutviklinga i Nordsjøen fekk ei drastisk endring når gigantfunnet Ekofisk vart funnet i 1969 av Phillips-gruppa.²² Det var ikkje lenger berre gass som fanst i Nordsjøen, men når det ved plattformen «Ocean Viking» vart påvist at også olje kom opp frå brønnen markerte det eit skifte i norsk oljehistorie.²³ Haldning var no at oljeressursane måtte skje under norsk kontroll, men spørsmålet var korleis dette skulle gjerast. Arve Johnsen, formann for Arbeidarpartiets industriutval, hadde ein klar meining i 1970 om kva han ville skulle skje med oljen. Johnsen ville at oljefunn på norsk sokkel skulle ilandførast til Noreg.²⁴ Dette på grunn av at det ville ha store innverknad på den industrielle Noreg, og vere mykje betre eigna enn å tene på kun skattar og avgifter frå oljen. Johnsen sin tanke av at norsk industri skulle byggast ut, og ilandføring av olje var første steg for denne utbygginga.

Spørsmålet om norsk olje frå Nordsjøen tok seg verkeleg opp i etterkant av Ekofisk, og i løpet av 1970 og 1971 var det politiske diskusjonar kring ein danning av eit norsk oljeselskap, men vedtaket om at eit nasjonalt oljeselskap skulle verte skipa vart ikkje tatt under Borten regjeringa. Dette endra seg når regjeringa gjekk i oppløysing på grunnlag av EF-striden i 1971.²⁵ Trygve Brattli overtok rolla som statsminister, med Finn Lied som industriminister og Arve Johnsen som statssekretær. Ved regjeringsskiftet skjedde det endringar i synet rundt diskusjonen av skipinga av eit nasjonalt styrt oljeselskap, og i løpet av 1971 var det fleire hint til at eit slikt selskap var i ferd med å verte skipa. Det vart mellom diskutert at «nøkkelblokker» hadde blitt haldt tilbake i tidlegare konsesjonsrundar, og at desse var forbeholdt eit framtidig norsk oljeselskap. Når dei «ti oljebud» vart skildra i stortingsinnstilling nummer 294 var det denne tanken kraftig styrka.²⁶ Desse «oljebuda» omhandla ti punkt som skulle vere rettingsleiande for utviklinga for ein norsk oljepolitikk gjennom nasjonal styring. Det overordna målet med «buda» var at naturressursane frå norsk sokkel skulle kome samfunnet til gode. Grunnen til at desse «buda» leia mot skipinga av eit nasjonalt oljeselskap var at bud nummer åtte skildra at skipinga av eit nasjonalt styrt

²² Kvendseth. *Funn! - Historien om Ekofisks første 20 år*. Side 36.

²³ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 121-122.

²⁴ Nerheim, Gunnar. *Norsk oljehistorie - En gassnasjon blir til*. Side 21-22.

²⁵ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 266.

²⁶ Industridepartementet «Innstilling fra den forsterkede industikomité om undersøkelse etter og utvinning av undersjøisk naturforekomster på den norske kontinentalsokkel m.m.», Innst. S. nr. 294, 1970-71. Side 638.

oljeselskap for å ivareta statlege forretningsinteresser og danne eit samarbeid med norske og utanlandske oljeinteresser.²⁷

2.2 Statleg styring med handlefridom

Som følgje av regjeringsskiftet i 1971 skjedde det eit skifte i synet av korleis eit nasjonalt oljeselskap skulle verte styrt. I juni 1971 vart temaet tatt opp i stortinget, og overraskande nok var det einigheit i vente frå begge politiske sider. Svaret som vart gitt i juni var at det nasjonale oljeselskapet skulle verte eit «non- operativt holdingselskap».²⁸ Sjølv om det var einigheit i Stortinget ved juni endra synet seg med tid. Arbeidarpartiet, som no hadde no fått statsministerposisjonen, var det klart kva det politiske synet til eit statleg oljeselskap partiet hadde. Synet var at stortinget skulle ha minst mogleg innblanding på drifta av selskapet og høg handlefridom vart sett på som vitalt for selskapet.²⁹ Det vart difor sett vekk frå at det nasjonale oljeselskapet skulle vere eit «non- operativt holdingselskap», og spesielt frå Finn Lied og Arve Johnsen sitt synspunkt var det viktig at selskapet var operativt og hadde kontroll for norsk oljeverksemd.³⁰ På motsett politisk side vart tanken om ei slik styring ikkje godt mottatt, og det vart satt sterk tvil om at ei slik løysing ville vise seg til norsk industri sitt beste.³¹ Det oppstod difor politiske kollisjonar i synet på korleis det framtidige oljeselskapet skulle bli styrt. Ueinigheita skulle halde fram sjølv etter at selskapet vart skipa.

Den 18. september 1972 vart den norske stats oljeselskap skipa, og selskapet fekk etter kvart namnet Statoil.³² Selskapet skulle vere eit aksjeselskap som hadde «forretningsmessig handlefrihet», men staten skulle ha 100% eigarskap av aksjane.³³ I samråd med opprettinga av selskapet var det danna ei generalforsamling som skulle ha ansvar for å setje vedtekter for selskapet. Desse vedtektene skulle vere styrande for korleis selskapet skulle stå i forhold til den norske regjeringa, og korleis kommunikasjonen mellom selskapet og staten skulle gå føre

²⁷ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 170.

²⁸ Hanisch, *Om valget av det gode samfunn: Artikler om økonomi og historie*. Side 214-215. + Selskapet skulle på ei side forvalte staten økonomi, men også ha ansvar for utviklinga av nasjonal oljeindustri, i hovudsak gjennom datterselskap. (Hanisch og Nerheim *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 272).

²⁹ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 280-282.

³⁰ Ibid. Side 273.

³¹ Hanisch, *Om valget av det gode samfunn: Artikler om økonomi og historie*. Side 218.

³² Hanisch og Nerheim *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 284.

³³ Hanisch, *Om valget av det gode samfunn: Artikler om økonomi og historie*. Side 242

seg. Arbeidet med desse vektene heldt fram til 1974. I løpet av denne perioden var ei rekkje tilsetningar ved selskapet gjort.

Den 19. oktober 1973 vart Arve Johnsen tildelt stillinga som direktør for selskapet, og i løpet av åra 1972 og 1973 vart leiarstillingane i Statoil gradvis fylte.³⁴ Vidare vart det internt mellom avdelingane fordelt ansvar for kva arbeidsoppgåver som Statoil stod ovanfor. Korleis selskapet var organisert i 1972/73 er lagt fram i vedlegg 1. Marknadsføringsavdelinga, med Erik Schanche som leiar, fekk ansvar for den framtidige planlegginga av avsettinga for framtidige oljefelt. I tillegg fekk avdelinga i løpet av 1974 ansvar for avsettinga av avgiftsoljen, då hovudsakleg frå Ekofisk.³⁵ Avgiftsoljen var olje som den norske stat mottokk som ein form for betaling frå ulike selskap som utvinna oljen i Nordsjøen. Marknadsføringsavdelinga hadde difor i hovudsak hadde to store arbeidsoppgåver i starten av 1974, avsetting av avgiftsoljen frå Ekofisk og å leggje ein grunnleggande plan for framtidig avsetting av norske oljefelt. I den andre arbeidsoppgåva skulle det vise seg at Statfjord-feltet vart ein viktig del av oppgåva. Då spesielt med tanke på korleis avsettinga av råolje og raffinerte produkt skulle gå føre seg når produksjonsstart ved feltet starta i 1979.

I løpet av perioden var det skapt ein diskusjon til korleis den norske stat kunne tildele Statoil såkalla «nøkkelblokker» som vart sett på som spesielt attraktive områder på norsk sokkel.³⁶ Blant desse blokkene var spesielt blokkane 33/9 og 33/12, også kalla «brentblokkane» blant dei mest ettertrakta, og alt i 1972 hadde stortinget mottatt søknad om utvinning av desse frå Esso og Shell.³⁷ Under eit styremøte i Statoil den 9. mars 1973 vart det konkludert at Noreg kunne lide store tap dersom desse blokkene ikkje vart gjort i norsk regi. Tre løysingar vart lagt fram for korleis tildelinga av eigarskap ved blokkene kunne sjå ut:

1. Shell/Esso 50% og Statoil 50%
2. Statoil 100%
3. Statoil 50-51% og Saga/Hydro 49/50%

³⁴ Hanisch og Nerheim *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 284.

³⁵ Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I -19.7.77. Kapittel 1 – Side 1-2 + Johnsen *Utfordringen – Statoil-år*. Side 97-98.

³⁶ Johnsen, *Utfordringen – Statoil-år*. Side 83.

³⁷ Hanisch og Nerheim, *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 303.

Ingen av desse løysingane vart valt, og styret i Statoil kom fram til at ein erfaren operatør var nødvendig for at ein suksessfull utbygging av feltet skulle skje.³⁸ Forslag om operatøransvar til Shell og Esso vart nemnd, men ein slik avtale vart aldri inngått. Dette i hovudsak fordi Shell såg på utbygginga av feltet som for vanskeleg på grunn av djupneforhold og at vêrsituasjonen var langt vanskelegare enn bygginga av tidlegare oljeplattformer.³⁹ I staden gjekk operatøransvaret til det amerikanske selskapet Mobil som fekk 15% av eigarskapet ved feltet. Det restande eigarskapet var fordelt mellom Statoil (50%), Shell (10%), Esso (10%), Conoco (10%) og Saga (5%). Felta vart aldri utlyst, og vart tildelt til eigarane utan ein vanleg konsesjonsbehandling. Med tid endra «brentblokkane» namn og fekk namnet Statfjord-feltet, kor Mobil/Statoil-gruppa hadde ansvar for utvinninga av feltet

2.3 Avslutting

Ved funnet av Statfjord-feltet i 1974 hadde norsk oljeindustri vore eksisterande i overkant av ti år. Den tidlege fasen av norsk oljeindustri hadde på langt nær omhandla Noreg, og det var andre etablerte selskap som hadde stått for den største delen av utviklinga i Nordsjøen. Etter funnet av olje ved Ekofisk endra denne haldninga seg, og det vart gradvis større og større fokus på at nasjonale synspunkt skulle kome først. Blant dei viktigaste avgjerslene som vart gjort i etterkant av Ekofisk-funnet var etableringa av eit nasjonalt oljeselskap. Politisk vart diskusjonen på kva rolle dette selskapet skulle ha tosidig, og i perioden 1971-1974 var det stadige debatter regelverket for selskapet skulle sjå ut. Løysinga vart at selskapet både skulle vere styrt av den norske stat, men også ha stor handlefridom til å ta nødvendige avgjersle. Når inndeling av Statfjord-feltet skulle skje fekk dette selskapet, som då hadde fått namnet Statoil, 50 prosent av eigarskapet i feltet. Dette tyda at marknadsføringsavdelinga stod ovanfor ei viktig oppgåve vidare, nemleg å leggje ein plan for kva som skulle skje med oljen frå Statfjord-feltet.

³⁸ Ibid. Side 305.

³⁹ Keetie Sluyterman, *Keeping Competitive in Turbulent Markets, 1973-2007*. Side 43.

Kapittel 3 – Statoils plan for verksemda i 1976

Funnet av Statfjord-feltet gav Statoil oppgaver knyta til sal av olje og raffinerte produkt. Statoil fekk 50% eigarskap av feltet, og det vart antatt at feltet hadde oljereservar på omkring fire milliardar fat olje utifrå data som vart presentert i stortingsmelding 81 frå Industridepartementet i 1975.⁴⁰ Det vart konkludert at mengda olje frå Nordsjøen var meir enn tilstrekkeleg til å dekkje Noreg sitt behov for olje, og at Noreg kom til å vere i ein situasjonen kor landet hadde meir olje enn kva landet kunne bruke sjølv. Ein plan for kva som skulle skje med oljen frå Statfjord-feltet måtte difor utrettast. Den logiske framgangsmåten var å selje oljen internasjonalt, og som ansvarleg for marknadsføringa av olje og raffinerte produkt fekk Statoil sin marknadsføringsavdeling i oppgåve å leggje fram ein plan kva som var den beste måten å utnytte oljen frå Statfjord-feltet på. Med dette kan ein spørje seg: kva var planen til marknadsføringsavdelinga til Statoil for marknadsføring av olje frå Statfjord-feltet? Kva inneheldt planen til Statoil, og kva endringar skjedde undervegs? Når ein ser på desse spørsmåla vil det vere sentralt å sjå nærare på kva interesser som var viktige i planen, og kor det var mest aktuelt å marknadsføre oljen frå Statfjord-feltet.

3.1 Plan for marknadsføring av råolje

I 1974 kunngjorde Statoil/Mobil-gruppa omfanget av olje frå Statfjord-feltet, og at det ville vere økonomisk gunstig å danne planar rundt produksjonen av feltet.⁴¹ Som følgje av dette fekk Statoil ansvar av den norske stat for å danne ein strategi for kva som skulle skje med oljen frå feltet, og Statoil gav marknadsføringsavdelinga ansvar for planlegginga og strategiutviklinga for korleis salet skulle gjennomførast. Avdelinga vart delt inn i tre underavdelingar: distribusjon, kjøp/sal og økonomi og planlegging som hadde ulike oppgaver innanfor avdelinga.⁴² Underavdelinga, kjøp/sal, hadde ansvar for råolje, raffinerte produkt og gass. I tida etter kunngjeringa frå Statoil/Mobil-gruppa starta planlegginga rundt korleis Statoil skulle marknadsføre oljen frå feltet når produksjonen vart satt i gang. I perioden 1973-

⁴⁰ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1976. Årsberetning og regnskap 1974. Melding om virksomheten 1. halvår 1975», St. meld. nr. 30, 1975. Side 54.

⁴¹ Industridepartementet, «A. Virksomheten på den norske kontinentalsokkel. B. Virksomheten til Den norske stats oljeselskap A/S i 1974, og selskapets planer for virksomheten i 1975. C. Virksomheten til Statens oljedirektorat i 1973 og 1974», St. meld. nr. 81, 1974. Side 16-17.

⁴² Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Del II – Avsetningspolitikk 7.7.1977. Side 1-2 (mitt sidetal). (Etter dette tidspunkt vil kjelder frå Statsarkivet i Stavanger bli vist til i kortform i fotnotatane).

1975 vart lite informasjon knyta til dette temaet lagt fram. Ei utgreiing for korleis marknadsføringa skulle skje vart ikkje lagt fram i stortingsmeldingar for perioden, og det er ikkje blitt funnet dokument som diskuterer planlegginga av ein strategi. Dette kan forklarast ved å sjå på Statoil sin posisjon av feltet i 1974-1975, og at selskapet i perioden ikkje enda hadde avgjort om sin deltaking av utbygginga av feltet. Stortingsmelding 81 frå 1974 legg til rette for at Statoil hadde frist fram til 8. august 1975 til å avgjere om Statoil skulle delta i utbygginga.⁴³

Avgjersla om at Statoil skulle delta vart konstatert i stortingsproposisjon nr. 114 frå mars 1975, og vedtatt av Stortinget tre månader etter.⁴⁴ Dette markerte at marknadsføringsavdelinga kunne starte planlegginga for ein strategi for Statfjord-feltet og kva som skulle skje med oljen. Den første dokumentasjonen av dette arbeidet vart gjort i starten av 1976, kor kjøp/sal-avdelinga haldt eit seminar for å diskutere kva som skulle skje med oljen og gassen frå Statfjord-feltet.

I februar 1976 starta Statoil å lage ein plan for korleis marknadsføringa frå Statfjord-feltet skulle skje. Marknadsføringa vart delt in i tre områder, råolje, våtgass og naturgass, kor spørsmålet rundt råolje vart diskutert den 24. februar.⁴⁵ Kven frå marknadsføringsavdelinga og Statoil som deltok på dette møte vart ikkje skildra, og dokumentet var i stor grad eit arbeidsdokument som ikkje skulle offentleggjerast. Dette var det første møtet kor Statoil diskuterte kva som skulle skje med oljen på langvarig basis, med hovudsynspunkt retta mot korleis Statoil kunne marknadsføre råolje frå Statfjord internasjonalt. Råolje er olje som enda ikkje er raffinert til et bestemt produkt som for eksempel bensin, diesel, plast eller andre oljebaserte produkt.⁴⁶ Ein viktig avgjersle som vart tatt under dette tidlege møtet var at Noreg sitt behov for olje skulle kome før eit eventuelt internasjonalt sal, og at kun den resterande oljen etter som Noreg ikkje hadde behov for sjølv skulle seljast internasjonalt. Det vart slått fast at den årlege produksjonen av Statfjord-feltet ville dekkje 6,4 gangar så mykje som

⁴³ Industridepartementet, «A. Virksomheten på den norske kontinentalsokkel. B. Virksomheten til Den norske stats oljeselskap A/S i 1974, og selskapets planer for virksomheten i 1975. C. Virksomheten til Statens oljedirektorat i 1973 og 1974», St. meld. nr. 81, 1974. Side 28.

⁴⁴ Johnsen. *Utfordringen – Statoil-år*. Side 160.

⁴⁵ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 1.

⁴⁶ Lundberg. «Råolje».

Noregs årlege behov dersom konsumet til Noreg var lik den frå 1974.⁴⁷ Moglegheita for internasjonalt sal var difor i høg grad til stade, og det vart slått fast at Statfjord kunne dekkje for omkring 1,6% av verdas globale forbruk om forbruket var på høgde med kva som vart forbrukt i 1974.

Som ein relativt uerfaren aktør i internasjonal oljeindustri var funna gjort ved Statfjord-feltet over all forventing for Statoil. Figur 1 viser Statoil sin forventa inntekt på omkring 12.5 milliardar kroner frå Statfjord-feltet dersom den årlege produksjonen av råolje var på topp. Diskusjonen under seminaret la føre at oljen i hovudsak skulle seljast i form av råolje, og det vart ikkje diskutert i nokon stor grad at det var moglegheit å også selje raffinerte produkt. Dette var av betydning sidan Statoil i denne tidlege fasen bestemte at råolje var forma oljen skulle marknadsførast som. Vidare skapte dette eit tidleg rammeverk for korleis Statoil skulle danne ein strategi for avsettinga av oljen.

Figur 1 – Råoljesal ved topp-produksjon, Statfjord

S T A T F J O R D

RAOLJESALG VED TOPP-PRODUKSJON	TOTALT	HERAV 50% STATOIL
PR. ÅR I MILLIONER TONN	45	22.5
" " I MILLIARDER KRONER	25	12.5
PR. DAG I TUSEN TONN	125	62.5
" " I MILLIONER KRONER	69	34.5

VERDI ETTER DAGENS PRISER, FEB. 1976

Kjelde: PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapport. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Statsarkivet i Stavanger. Tabell 3, Side 17.

Som grunnlag for internasjonalt sal av råolje la marknadsføringsavdelinga fram to punkt som var viktig for marknadsføringa av råoljen. Det første punktet handla om at Statoil måtte finne aktuelle marknader i form av land for sal av oljen. Innanfor desse marknadane var

⁴⁷ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapport. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 1.

det nødvendig å finne aktuelle kjøparar av råoljen, og danne marknadsundersøkingar for alle dei aktuelle marknadane.⁴⁸ Statoil hadde alt oppretta kontakt med nokre marknader i Europa og Skandinavia gjennom sal av avgiftsolje frå Ekofisk-feltet, og kunne bruke desse marknadene vidare i marknadsføringa av Statfjord-oljen. Dette indikerer at Statoil alt i denne tidlege fasen ynskja å selje oljen til fleire marknader. Satsing på fleire marknader ville gje Statoil auka handlefriheit dersom det var mange som ynskja å kjøpe oljen, og dersom det var få kjøparar ville relasjonsbygginga styrke moglegheita for sal. Uavhengig om det var få eller mange aktuelle kjøparar ville kontaktbygging frå Statoil sin side danne eit bilete over kven som kunne vere dei mest aktuelle kjøparane av råoljen.

Det andre punktet som marknadsføringsavdelinga la fram fokuserte på korleis Statoil kunne selje oljen frå Statfjord-feltet. Marknadsføringsavdelinga la fram to moglegheiter for korleis salet kunne gjennomførast, då enten gjennom langvarige avtalar eller å selje oljen på «spotmarkedet».⁴⁹ Begge alternativa hadde positive og negative sider. Sal på «spotmarkedet» var mindre stabilt enn ved langvarige avtalar, men på grunn av at prisane på «spotmarkedet» ikkje var fastsette kunne salet av olje gje ein høgare pris på relativ kort tid samanlikna med langvarige avtalar. I tillegg var tida det tok å danne avtalar på «spotmarkedet» langt kortare enn ved langvarige avtalar. Langvarige avtalar var meir stabile enn sal på «spotmarkedet», noko som vidare førte til at innteninga også vart meir føreseieleg. Å opprette desse kontraktane var derimot langt vanskelegare, sidan kjøparane av oljen kom til å følgje standardiserte priser på råolje utifrå internasjonal prissetting. Internasjonal prissetting var utanfor Statoil sin kontroll og vart i hovudsak bestemt utifrå ulike land sine behov og tilgang på råolje. OPEC (Organization of the Petroleum Exporting Countries) var verda sin største aktør rundt råoljesal, og hadde stor innflyting på internasjonal prissetting. Dette var eit viktig diskusjonspunkt under seminaret, spesielt for å framheve OPEC sin rolle i internasjonal oljeindustri.

3.2 Opec og internasjonalt råoljesal

Historisk hadde Europa og USA vore avhengig av import av råolje og raffinerte produkt for å dekke energibehovet sitt.⁵⁰ Store delar av importen av oljeprodukt til desse landa var eksportert frå OPEC. OPEC-medlemmar var på 1970-tallet verdas leiande oljedistributørar og

⁴⁸ Ibid. Side 11.

⁴⁹ Ibid. Side 12.

⁵⁰ Venn, *The Oil Crisis*. Side 113-114.

når Statfjord vart oppdaga i 1974 var OPEC ansvarleg for 53,3% av verdas produksjon av olje.⁵¹ Med ein marknadsandel på denne størrelsen hadde organisasjonen stor innflyting på prisendringar i oljeindustrien, samt oljedistribusjon til både europeiske og amerikanske marknader. Oljekrisa i 1973 og 1974 viser kor stor påverknad OPEC hadde på internasjonal prissetting. Som følgje av Yom Kippur-krigen, også kalla oktoberkrigen, mellom Israel og Egypt/Syria vart eksport av OPEC oljen langt dyrare og produksjonen vart kraftig redusert.⁵² For land som USA og vestlege land som støtte Isreal under krigen var følgjene av dette at vestlege marknader stod ovanfor ein stor mangel på tilgang av olje sidan OPEC satt restriksjonar på eksporten av olje til vestlege marknader, samt ei drastisk auking av prisen på råolje frå 1973 til 1975.⁵³ I figur 2 kan ein sjå korleis prisen på Arabian Light, ein type råolje som OPEC distribuerte, endra seg i perioden frå starten av 1973 til oktober 1975.

Figur 2 - Historisk prisutvikling av Arabian Light i perioden 1973-1975

		POSTED PRICE (NOTERT PRIS)
1973	1. JAN.	2.591
	1. APR.	2.742
	1. JUNI	2.898
	1. JULI	2.955
	1. AUG.	3.066
	1. OKT.	3.011
	16. OKT.	5.119
	1. NOV.	5.176
	1. DES.	5.036
1974	1. JAN.	11.651
	1. NOV.	11.251
1975	1. OKT.	12.376

Kjelde: PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapport. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Statsarkivet i Stavanger. Tabell 8 – Historisk prisutvikling, Side 25 (mitt sidetal).

⁵¹ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapport. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 4.

⁵² Yergin, *The Prize – The Epic Quest for Oil, Money & Power*. Side 570-571.

⁵³ Priest, Tyler, «Shifting Sands: The 1973 Oil Shock and the Expansion of Non-OPEC Supply», Side 113-114.

Prisen på Arabian Light endra seg drastisk i året 1973, med ein prisauke frå 2.591 dollar per fat i januar til 5.036 dollar per fat. I januar 1974 hadde prisen auka til over 11 dollar per fat, kor prisen stabiliserte seg og oljeeksporten til OPEC vart normalisert på linje med kva den var før krisa. Oljekrisa i 1973/1974 visar kor stor påverknad OPEC hadde som verdas leiande oljeeksportør, og korleis olje kunne verte brukt som eit politisk pressmiddel frå OPEC. Krisen hadde også innverknad på Noreg og handelsminister Jens Evensen skildra situasjonen ovanfor regjeringa slik:

Den plutselige svikten i oljeleveransene fra Midt-Østen har stilt den industrialiserte del av verden overfor alvorlige forsynings- og knapphetsproblemer. [...] I forbindelse med oktoberkrigen er oljen for alvor blitt trukket inn som et våpen i forbindelsene mellom stater.⁵⁴

Dette viser alvoret av oljekrisa og kor stor makt OPEC hadde ovanfor marknadane som var avhengige av å importere olje. Det legitimerer også Statoil sitt hovudsynspunkt frå seminaret i 1976 rundt å dekkje Noreg sitt oljebehov først, for deretter å selje den resterande råoljen. Ved eventuelle prisaukingar av råolje ville denne fordelinga gjere at Noreg ikkje var avhengig av import av olje frå aktørar som OPEC, og kunne lausrive seg frå eksterne faktorar som kunne skape øydeleggjande problem i energisektoren. Stortingsmeldinga 30 (1973-1974) skildrar OPEC sin posisjon slik:

Selv om en stadig kostnadsøkning representerer en fare for lønnsomheten, knytter likevel den største usikkerheten seg til det framtidige prisnivået på olje. Dette prisnivået vil i stor grad være bestemt av de disposisjoner som treffes i OPEC-landene. Dette gjelder særlig for råolje.⁵⁵

Frå Statoil sitt perspektiv var framtidige prisjusteringar noko selskapet såg føre seg kunne verte ei moglegheit, spesielt justeringar som var iverksett av OPEC. Under seminaret vert OPEC sin rolle beskrive slik: «Som tidlegare nemnt er det OPEC-landene som gjennom sine prissettinger bestemmer verdens råoljepriser direkte eller indirekte».⁵⁶ Dette indikerer at både Statoil sin marknadsføringsavdeling og Stortingsmeldinga gav uttrykk for at internasjonal

⁵⁴ Norsk Esso A/S, 1974 «Om forsyningskrisen vinteren 1973/74», Oslo: Grøndahl & Søn Forlag: Side 9.

⁵⁵ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1976. Årsberetning og regnskap 1974. Melding om virksomheten 1. halvår 1975», St. meld. nr. 30, 1975. Side 40.

⁵⁶ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 11.

prissetting, hovudsakleg i regi av OPEC, var noko Statoil måtte forholde seg til. Prissetting på Statfjord-oljen ville difor indirekte skje i regi av OPEC. Øystein Noreng påpeiker i *Olje-Norge: det bevisstløse eksperiment* kor radikalt dette synspunktet var ovanfor vestlege land.⁵⁷ Noreg var frå eit synspunkt støttande til OPEC sin avgjersle til å sette opp oljeprisen sidan det tyda at prisen ein kunne forvente seg frå den eksisterande olje frå blant anna Ekofisk, og den framtidige oljen frå Statfjord ville vere høg dersom ein fylte OPEC sin prissetting og eventuelle prisaukingar. Sjølv sagt ville dette gje ein høgare inntening, men ovanfor handelspartnarar brukte Noreg oljekrise som eit verkemiddel for å auke sin eigen inntening i oljeindustrien.

3.2.1 – API-Gravity og lågsvoelholdig olje

På grunn av at det vart konkludert at prisen på Statfjord-oljen indirekte var kontrollert av OPEC måtte prissettinga på Statfjord-oljen skje utifrå prisar som ulike land i OPEC satt. Dette for at Statfjord-oljen skulle vere konkurransedyktige på pris. For å finne ut kva denne prisen ville vere vart Statfjord-oljen samanlikna med liknande råoljekvalitetar som den frå Statfjordfeltet. Resultatet var at råoljekvalitetar frå Nord- og Vest-Afrika var tilsvarande nær Statfjord sin råoljekvalitet.⁵⁸ Det vert ikkje forklart kvifor oljen frå Statfjord var av lik kvalitet som råolje frå Nord- og Vest-Afrika. Det er likevel to faktorar som råoljen frå desse to områda har til felles. Den første var at American Petroleum Institute (API) Gravity-verdien av råolje i dei to områda var høge. API Gravity-verdi er ei måling av tettheita i olje til samanlikning med vatn.⁵⁹ Utifrå denne målinga kan ein avgjere om oljen er av «light», «medium», heavy» eller «ekstra heavy» kvalitet.

Råoljekvalitetar med API Gravity-verdiar høgare enn 31.1 vert sett på som «Light», og Statfjord-råoljen hadde ein måling på 38.2.⁶⁰ Samanlikna med for eksempel Nigerian Light sin verdi på 34 var desse verdiane nær kvarandre.⁶¹ I diskusjonen rundt produktfordeler forklarar marknadsføringsavdelinga dei positive følgjene rundt dette og skildrar råoljen med ein låg API Gravity-verdi slik, «...råoljes lave egenvekt er ofte en indikasjon på at denne

⁵⁷ Noreng, *Olje Norge: Det bevisstløse eksperiment*, Side 76-77.

⁵⁸ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 11.

⁵⁹ Petroleum.co.uk, «API Gravity».

⁶⁰ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 33 (mitt sidetal).

⁶¹ Petroleum.co.uk «*Benchmark Oils*».

gjennom raffineringprosessen vil gi en mer verdifull produktpakke, enn hva en råolje med høyere egenvekt vil kunne gi.»⁶² Statoil var utifrå kommentaren positive til at oljen frå Statfjord-feltet hadde ein høg API-gravity sidan det påverka kva pris Statoil kunne forvente å selje råolje for, sidan marknadsverdiane på ulike typar råoljekvalitetar avgjorde om prisen var låg eller høg.

Den andre faktoren var at begge områda, Nordsjøen og Nord- og Vest-Afrika, hadde råolje med lågt svovelinnhaldet. Råolje kan enten vere «sur» eller «søt», avhengig av kor mykje svovel som er i oljen. For at råolje skal reknast som «søt» må den ha eit svovelinnhald som er lågare enn 0.5 prosent.⁶³ I seminaret vart svovelinnhaldet i oljen frå Nordsjøen beskrive å vere 0.29 prosent, som kan samanliknast med oljetypen Bonny Light frå Nigeria som har eit svovelinnhald på 0.16%.⁶⁴ Sjølv om svovelinnhaldet i oljen frå Nordsjøen var høgare enn olje frå Nigeria var svovelinnhaldet fortsett lågt samanlikna med oljetypar frå andre områder. At svovelinnhaldet i oljen frå Nordsjøen var låg var ein viktig faktor for marknadsføringsavdelinga, sidan raffinering av denne oljen gav eit «reinare» produkt. I diskusjonen rundt produktfordelar vert lågsvovelholdig beskrive som eit produkt som med tid ville bli meir og meir ettertrakta. Prisen vart også påverka som følgje av svovelinnhaldet, og Statoil kunne forvente seg ein høgare pris enn om oljen ikkje hadde vore lågsvovelholdig.

3.2.2 – Forventa pris for Statfjord sin råolje

Marknadsføringsavdelinga sin konklusjon om at Statfjord-råoljen var lågsvovelholdig og at den skulle samanliknast med liknande råoljekvalitetar måtte sjåast i samanheng med land som var medlem av OPEC. OPEC-land som låg i Nord-Vest Afrika bestod mellom anna av Nigeria og Algerie. Det vart difor tatt høgde for at Statfjord-oljen skulle marknadsførast på like linje som nigeriansk og algerisk råolje. Prisen Statoil kunne forvente for Statfjord-råoljen ville difor vere tilsvarende for kva nigeriansk og algerisk råolje vart selt for. For å samanlikne ulike prisnivå satt marknadsføringsavdelinga opp ein pristabell om marknadsverdiane til eit utval av råoljekvalitetar frå februar 1976. I utvalet var Nigerian Light ein av råoljekvalitetane

⁶² DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapportar. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 13.

⁶³ Petroleum.co.uk, «Sweet vs. Sour Crude Oil».

⁶⁴ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapportar. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 13 + Petroleum.co.uk «Benchmark Oils».

som vart skildra. Samanlikna med andre light kvalitetar var Nigerian Light kvaliteten som hadde høgast pris uavhengig av fraktkostnader, som ein kan sjå i tabell 1.

Tabell 1 - «Light» råoljekvalitetar frå marknadsverdiar for utvalde råoljekvalitetar, Februar 1976.

Råoljekvalitet	Dollar-pris per fat (utan frakt)	Dollar-pris per fat (med frakt)
Arabian Light	11,51	12,10
Iranian Light	11,62	12,23
Nigerian Light	12,71-12,81	13,18-13,28

Kjelde: PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapportar. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Statsarkivet i Stavanger. Tabell 11. Side 33(mitt sidetal).

Dette var positivt for Statoil sidan det tyda at den forventade prisen for Statfjord-råolje ville vere høg. Det var også ein stor produktfordel som Statoil kunne utnytte, og i diskusjonen rundt produktfordelar vart både API-gravity verdien og lågsvovelholdig olje sett på som viktige produktfordelar. I tillegg vart ein tredje produktfordel, Nordsjøen, diskutert på grunnlag av at Nordsjøen var eit politisk stabilt område.⁶⁵ Som følgje av oljekrisa frå 1974 var oljeleveranse eit viktig tema for verdens energikonsum, og for Statoil var det viktig å vere ein distributør som kunne levere olje dersom ei liknande krise oppstod. Desse tre produktfordelane var viktige i diskusjonen rundt kva marknader som Statoil såg som moglege å selje Statfjord-råoljen til.

3.3 Marknader for Statfjordoljen

Nordsjøen som eit stabilt politisk område var ein viktig faktor sidan leveransen av oljen ville vere føreseieleg. Oljekrisa i 1974 hadde påverka oljetilgangen til ei rekkje vestlege land på grunn av den politiske ustabiliteten rundt OPEC, noko som Statoil ynskja å utnytte.

Marknadsføringsavdelinga skildrar difor Nordsjøen slik:

⁶⁵ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapportar. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 13.

Med utgangspunkt i at Nordsjøen er et politisk stabilt område, vil levering av olje fra disse områder være bedre sikret enn oljer fra politisk mer ustabile områder.⁶⁶

OPEC var ein leiande del av desse ustabile områdene, noko som posisjonerte Statoil i ein utmerka situasjon for kva marknader Statfjord-oljen kunne seljast til. Seminaret diskuterer spesielt tre områder som var av interesse, Skandinavia, Vest-Europa og USA. Dette var marknader som var avhengig av importert råolje frå OPEC-medlemsland, noko som gav Statoil moglegheit til å fylle denne etterspørselen ved å marknadsføre seg som eit meir politisk stabilt område.

I seminaret vart Vest-Europa og Skandinavia sett på som hovudmarknadane som marknadsføringsavdelinga ynskja å selje Statfjord-oljen til, med USA som ein tredje marknad som kunne vere av interesse. Sjølv om marknadsføringsavdelinga hadde klare tankar rundt kva områder som ein ynskja å selje olje til var logistikken og planlegginga av salet fortsett i eit tidleg stadium. Det var mellom anna uklart kva spesifikke land som kunne vere aktuelle kjøparar innanfor Skandinavia og Vest-Europa. Utifrå prognoser rundt behov og forbruk av råolje, interesse for Statfjord-oljen og raffinerikapasitet vart ei rekkje ulike land diskutert som moglege marknader. Skildringa for kvar marknad var kort og marknadsføringsavdelinga konkluderte ikkje at nokre av marknadane kunne vere sikre marknader å marknadsføre Statfjord-oljen.⁶⁷ Avdelinga trengte difor lengre tid for å danne kontakt med kvar enkelt marknad og deretter lage ein oversikt over kva marknader som var mest gunstige.

For å danne ein oversikt over kva marknader som var mest gunstig tok marknadsføringsavdelinga kontakt med marknadskontaktar som Statoil tidlegare hadde etablert i Skandinavia og Europa, hovudsakleg gjennom Ekofisk.⁶⁸ Kven desse kontaktane var vart ikkje spesifisert, men stortingsmelding 21 frå 1976 gir eit innblikk til marknadsføringa av avgiftsolje frå Ekofisk. Statoil hadde hatt ansvar for marknadsføringa av avgiftsoljen frå Ekofisk sidan 1974.⁶⁹ Store delar av avgiftsoljen hadde blitt raffinert ved Shell sitt raffineri på Sola og ved Norsk Brændselolje på Mongstad, samt ein liten del hadde blitt selt utanlands. Det ferdige produktet hadde hovudsakleg blitt selt innafor Skandinavia, så Statoil hadde

⁶⁶ Ibid. Side 13.

⁶⁷ Ibid. Side 8-10.

⁶⁸ Ibid. Side 10-11.

⁶⁹ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1977. Årsberetning og regnskap 1975. Melding om virksomheten 1. halvår 1976», St. meld. nr. 21, 1976. Side 38.

kontaktar innanfor dette området. Kven kontaktane Statoil hadde utanfor Skandinavia var ikkje nemnd.

Det vart vektlagt kor viktige Statoil sine kontaktar var utifrå korleis marknadsføringsavdelinga skildrar dei i marknadsvurderinga. Avdelinga ynskja mellom anna at kontakten med desse marknadane skulle intensiverast, og at marknadsanalyser av andre marknader også skulle undersøkast. Dette viser at marknadsføringsavdelinga ynskja å strekke seg til flest mogleg marknader for å finne dei mest gunstige kjøparane av Statfjord-oljen. Det vart også poengtert at avdelinga var positiv til tanken av opprettinga av kontaktar som vert skildra som: «Med den internasjonale kontaktflate avdelingen har fått, vil man ha et godt utgangspunkt for videre undersøkelser av det internasjonale marked». ⁷⁰ Utifrå korleis marknadsføringsavdelinga skildrar sine undersøkingar av moglege marknader hadde prosessen rundt å etablere kontakt med moglege kjøparar av Statfjord-oljen alt på dette tidspunktet starta. Kven desse marknadane var, og kor stor interesse det var for å kjøpe Statfjord-oljen var viktige spørsmål som ikkje vart svart på i februar 1976.

3.3.1 – Aktuelt marknad: USA

Sjølv om marknadsføringsavdelinga ikkje hadde ein oversikt over kva land som kunne vere aktuelle marknader på dette tidlege tidspunktet, vart nokre land av større interesse enn andre. Sverige og USA vart spesielt lagt fram som marknader av interesse, hovudsakleg på grunn av Nordsjøen sitt låge svovelinnhald. Begge landa vart skildra som føregangsland sidan det alt vart implementert restriksjonar over kva svovelinnhald importert olje skulle ha.

Grunngjevinga for desse restriksjonane var av miljøsyn, noko som vert skildra som ein aukande trend under seminaret. Med tid ville difor Statfjord-oljen verte høgt ettertrakta, og på dåverande tidspunkt ynskja avdelinga å fokusere på kjøparar i Sverige og USA sidan desse hadde høg etterspørsel av råolje av denne kvaliteten. ⁷¹


Dette var marknader som Statoil alt på dette tidlege tidspunktet ynskja å marknadsføre oljen til, og det vart skildra positive og negative sider ved eit eventuelt sal til desse to landa. Av alle områda og landa som vart diskutert under seminaret hadde USA den største

⁷⁰ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 11.

⁷¹ Ibid. Side 13.

potensielle kapasiteten, samt at dei hadde eit vaksande produktbehov som vert skildra i figur 3.

Figur 3 – USA, Forbruk av petroleumsprodukt og raffinerekapasitet.




Kjelde: PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapport. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Statsarkivet i Stavanger. Figur 7, Side 32 (mitt sidetal).

USA var i ein posisjon kor landet ikkje var i stand til å vere sjølvforsynte av olje og behovet for import av råolje var stort dersom landet skulle ta i bruk den fulle raffinerekapasiteten som var tilgjengeleg. Raffinerekapasiteten ville også auke etter at Statfjord-feltet hadde starte produksjonen, noko som indikerte at kjøparar frå USA kunne vere langvarige kjøparar av Statfjord-oljen. Sjølv om behovet av import olje var høgt var ikkje den amerikanske marknaden det mest geografisk ideelle området for sal av råoljen frå Statfjord-feltet. Dette var eit faktum som marknadsføringsavdelinga måtte ta høgde for i diskusjonen om USA som ein mogleg marknad. Sidan diskusjonen rundt valet av marknader framleis var i det tidlege stadiet vart ingen konklusjon rundt USA som marknad tatt. Seminaret skildrar difor USA som ein «interessant marknad» utan å gå i djupna på kva betyding dette hadde.

3.3.2 – Aktuelt marknad: Sverige

Sverige var i motsetning til USA geografisk godt plassert for transport av Statfjord-oljen, og på grunnlag av etterspørselen av lågsvovelholdig olje burde Sverige vore ein ideel marknad for Statoil. Som figur 4 viser hadde Sverige, i likskap med USA, eit større produktbehov enn kva raffinerikapasiteten klarte å produsere, og produktbehovet hadde ein årleg vekst på tre prosent.

Figur 4 – Sverige, Forbruk av petroleumsprodukt og raffinerikapasitet.



Kjelde: PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Statsarkivet i Stavanger. Figur 5, Side 30 (mitt sidetal).

Behovet for olje var difor til stade, men Sverige var i ein situasjon kor raffinerikapasiteten dikterte kor mykje råolje landet kunne importere. I grafen ser ein at raffinerikapasiteten til Sverige hadde stagnert sidan midten av 1960-tallet, noko som tyda at behovet for råolje ikkje hadde auka i denne perioden. Sidan seminaret tok høgde for at inntekta frå Statfjord skulle skje i form av sal av råolje gjorde dette at den svenske marknaden var usikkert. Det vart lagt fram at moglegheita for eit nytt raffineri, i regi av Nynäs, ville vere ferdig bygd i 1980.⁷²

Dersom denne utbygginga vart gjennomført ville Sverige sitt behov auke, men som grafen

⁷² DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 9-10.

viser ville behovet stabilisere seg raskt. Uavhengig av størrelsen på raffineringskapasiteten var det svenske markedet sitt behov for råolje vere under stor konkurranse, noko Statoil måtte ta høgde for.

Vurderinga av desse to markedane grunnjev kvifor marknadsføringsavdelinga hadde restriksjonar rundt å konkludere kva marknader som var gunstige. At oljen frå Nordsjøen var lågsvovelholdig burde plassert USA og Sverige som ideelle marknader, men begge markedane hadde framleis negative sider. Dette synleggjer at ein meir detaljert vurdering måtte utformast før marknadsføringsavdelinga kunne avgjere kva marknader som ville vere mest aktuelle.

Sjølv om marknadsføringsavdelinga ikkje tok nokon konklusjonar rundt val av marknader var dei tre produktfordelane tatt opp som viktige marknadsfordelar når oljen skulle seljast. Dette er eit viktig poeng som vart tatt opp i oppsummeringa av dokumentet frå februar i 1976.⁷³ Ein annan viktig del av oppsummeringa var når Statfjord ville starte å produsere olje. På dåverande tidspunkt vart det planlagt at produksjonsstart ved Statfjord ville finne stad i 1978. I løpet av 1976 ser ein at produksjonsstart på dette tidspunktet ikkje ville skje, noko som hadde betydning på den vidare planlegginga kring ein strategi til marknadsføringsavdelinga.

3.4 Utsettingar av utbygginga av Statfjord-feltet

Månadane etter seminaret var prega av drastiske endringar rundt utbygginga av Statfjord-feltet. Den mest betydelege av desse endringane var ei utsetting av bygginga av plattformen ved Statfjord-feltet ved at den ikkje ville vere ferdig bygd til fastsett tid. Etter at Statfjord vart erklært drivverdig i 1974 var planen at installasjonen av feltet skulle skje sommaren 1976, og at produksjonsstart av feltet skulle starte enten seint 1977 eller tidleg 1978.⁷⁴ Dette var føresettinga under seminaret i februar 1976, men kort tid etter ser ein at desse datoane ikkje lenger var moglege å oppretthalde. I mars 1976 vart det konstatert at installasjonen av plattformen sommaren 1976 ikkje lenger ville vere mogleg og at plasseringa av plattformen ved feltet måtte utsettast.⁷⁵ Hovudårsaken til utsettinga var at bygginga av plattformen ved Aker

⁷³ Ibid. Side 1+14.

⁷⁴ Industridepartementet, «Utøvelse av Den norske stats oljeselskap a.s.' opsjon på deltakelse i utviklingen av petroleumforekomst på Statfjord-feltet», St. prp. nr. 114, 1975. Side 8.

⁷⁵ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmøt til vantro?* Side 388-389.

sitt verft ved Stord låg bak skjema på grunn av at bygginga viste seg å vere meir kompleks enn forventa ved byggestart.⁷⁶ Ein ny installasjonsdato av plattformen vart satt til mai 1977.

Konsekvensen av denne utsettinga var at produksjonsstarten av feltet vart utsett til årskiftet 1978/79, og at kostnadsevalueringa av Statfjord-plattformen måtte revaluerast.⁷⁷ Inntektene frå Statfjord vart difor utsett med omkring eit år, og dei forventa kostnadane rundt bygginga av feltet auka. Arve Johnsen skriv i *Utfordringen: Statoil-år* «Etter at det ble klart at Statfjord A ville bli ett år forsinket, og at kostnadene ville øke betraktelig, måtte Statoil revidere sine planer for 1977».⁷⁸ At Statoil måtte revidere planane for 1977 hadde konsekvensar for marknadsføringa av Statfjord-oljen, spesielt når det kom til å finne informasjon av ulike marknader. Prognosane som marknadsføringsavdelinga brukte i februar ville vere mindre relevante på grunnlag av utsettinga, og nye prognoser og analyser måtte produserast for å danne eit overblikk over korleis Statoil skulle selje oljen. Dette vart synleggjort når Statoil sine planar for verksemda vart lagt fram for industridepartementet i stortingsmelding 21 for 1976.

Som følgje av utsettinga vart det ikkje lagt betydeleg vekt på synet kring salet av råoljen i stortingsmelding nr. 21 for 1976, og fokuset var retta mot betydinga til aukinga av kostnadar av feltet. Tankar som vart lagt fram under seminaret i februar vart ikkje tatt opp i stortingsmeldinga, og kun eit avsnitt diskuterte marknadsføringsspørsmålet av råoljen frå Statfjord-feltet. Stortingsmelding nr. 21 skildrar spørsmålet rundt raffinering og marknadsførings slik:

I løpet av planperioden vil Statoil disponere råolje i et omfang som gjør det nødvendig at det blir lagt et grunnlag for en langsiktig avsetningspolitikk for den råolje som selskapet etter hvert vil disponere. I tilknytning dette vil det i tiden fremover måtte skje et løpende samarbeid mellom selskapets administrasjon og Industridepartementet om disse spørsmål. Slike planer vil bli inntatt i selskapets §10-plan etter hvert som konkretiseringsgraden tilsier dette.⁷⁹

⁷⁶ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1977. Årsberetning og regnskap 1975. Melding om virksomheten 1. halvår 1976», St. meld. nr. 21, 1976. Side 41.

⁷⁷ Johnsen. *Utfordringen – Statoil-år*. Side 192.

⁷⁸ Ibid. Side 193.

⁷⁹ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1977. Årsberetning og regnskap 1975. Melding om virksomheten 1. halvår 1976», St. meld. nr. 21, 1976. Side 52.

Dette forklarar kvifor ein ikkje ser ein vidareføring av arbeidet som vart gjort under seminaret frå februar i 1976. Utsettinga av Statfjord-feltet førte til at Statoil sin administrasjon og Industridepartementet skulle ha eit tettare samarbeid rundt spørsmålet om raffinering og marknadsføring av råolje. I avsnittet frå stortingsmeldinga vart omgrepet «avsettingsspolitikk» tatt i bruk, eit omgrep som ville ha stor betydning for det vidare arbeidet rundt marknadsføringa av Statfjord-oljen.

3.5 Konklusjon

Året 1976 markerer starten på korleis marknadsføringa av Statfjord-oljen skulle skje. På dette tidlege tidspunktet vart det lagt føre at salet av oljen hovudsakleg skulle skje i form av råolje, og at Noreg sitt behov for olje skulle dekkjast før eit eventuelt sal til utanlandske marknader. Dette var på grunnlag av OPEC sin rolle under oljekrisa frå 1974, og ved å prioritere Noreg først ville situasjonen rundt oljemangel ikkje vere like kritisk som den var i 1974. OPEC sin rolle i den internasjonale oljemarknaden var viktig for Statoil for å danne meiningar rundt kva marknader som kunne vere aktuelle og kva pris Statoil kunne forvente seg for Statfjord-oljen. Ein ser likevel at planlegginga som vart gjort frå marknadsføringsavdelinga ikkje vart vidareført i løpet av 1976 på grunn av utsettingar av feltet. Til tross for dette ser ein at seminaret frå februar starta ein prosess rundt marknadsføring, og at fleire delar av diskusjonen under seminaret ville ha stor innverknad på det vidare arbeidet.

Kapittel 4 – Etablering av ein avsetningspolitikk

Året 1976 representerer starten kor Statoil sin marknadsføringsavdelinga danna tankar kring marknadsføringa av Statfjord-oljen. 1977 var året kor desse tankane utvikla seg til å verte ein tidleg versjon av ein norsk avsetningspolitikk for Statfjord-oljen. I løpet av 1977 vart ei rekkje avgjersler vidareutvikla utifrå synspunkta som vart lagt fram i 1976, og ein ser at eit meir nøyaktig og detaljert forslag til marknadsføringa av Statfjord-feltet vart lagt fram. Kva utviklingar og endringar skjedde i 1977? Det heile starta tidleg i januar 1977 kor marknadsføringsspørsmålet på nytt vert tatt opp.

4.1 Mot ein avsetningspolitikk

Ved årskiftet, den 3. januar 1977, tok marknadsføringsavdelinga i Statoil opp igjen spørsmålet rundt marknadsføringa av råolje og la fram eit tidleg forslag for korleis ein avsetningsstrategi kunne sjå ut.⁸⁰ I likskap med seminaret frå 1976 var hovudfokuset til marknadsføringsavdelinga å finne moglege kjøpsmarknader av Statfjord-oljen og kven det ville vere mest gunstig å selje oljen til for Statoil. Samanlikna med seminaret frå 1976 hadde dokumentet frå 1977 ei rekkje likskapstrekk. Det var òg tydeleg at det har skjedd ei utvikling i tida fram til 1977, og marknadsføringsavdelinga hadde danna nye tankar til korleis Statfjord-oljen kunne verte selt mellom anna som raffinerte produkt. I innleiinga la marknadsføringsavdelinga fram at dette var eit dokument som framleis var i eit tidleg stadium for diskusjonen rundt avsettinga frå Statfjord-feltet, og at informasjonen som vart lagt fram kun var retningslinjer for å rapportere framgangen til Statoil sin leing og danne tankar som kunne vidarebyggast.

Dokumentet frå 1977 kan skildrast som ein vidareutvikling av seminaret frå 1976 med ei rekkje likskapar. Eit eksempel på dette var skildringa av OPEC sin rolle i det internasjonale salet av råolje. I likskap med seminaret vart det konstatert at salet av råolje ville vere sterkt knyta opp mot OPEC sin innflytelse på pris, og OPEC var hovudeksportør av olje til verda med omkring 53% av verdas råoljeproduksjon.⁸¹ Marknadsføringsavdelinga posisjonerte OPEC i ein liknande situasjon som i 1976. Vest-Europa og USA var framleis sett på som

⁸⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 1.

⁸¹ L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 7-9 (mitt sidetal) + DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapportar. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 4.

områda som var mest avhengig av OPEC sin olje, samt dei største konsumentane som ikkje var sjølvforsynte. Til saman utgjorde konsumet for desse to områda omkring 59% av verdas oljekonsum.⁸² Med eit årleg behov på 700 millionar tonn importert olje var Vest-Europa verda sin største konsument av importert olje, med USA sitt behov på 200 millionar tonn følgande etter.

Dette var store mengder olje, noko som tyda godt for at desse marknadane ville vere potensielle markadar for Statfjord-oljen. Om ein ser tilbake til figur 1 frå februar 1976 anslo Statoil at Statfjord ville kunne produsere 45 millionar tonn råolje årleg ved topp-produksjon. Dette ville fylle omkring 1/18-del av oljebehovet til det samla behovet til desse to områda. Statoil vart framleis ikkje kjent som ein stor oljeleverandør på dette tidspunktet, men moglegheita til å fylle ein relativ stor del av området gjorde at spørsmålet om marknadsføring var reelt. Det var difor viktig at Statoil etablerte seg som ein aktør som kunne fylle dette behovet.

Dersom Statoil skulle selje oljen frå Statfjord-feltet med høgast mogleg inntening måtte Statoil ha ein klar plan for korleis salet skulle skje. For å løyse dette vart det lagt vekt på tre områder som Statoil måtte ta stilling til rundt marknadsføringa av oljen frå Statfjord-feltet.⁸³ Desse tre områda var:

1. Problemstillingar som Statoil måtte løyse for at salet av råolje frå Statfjord-feltet skulle vere mogleg å gjennomføre.
2. Kva marknader som var av interesse for Statoil ved eventuelle sal frå Statfjord-feltet.
3. Kva marknadsstrategi Statoil skulle ha kring salet og korleis salet av råoljen skulle organiserast.

4.1.1 – Fem problemstillingar knyta til sal frå Statfjord-feltet

Til område nummer éin la marknadsavdelinga fram fem ulike problemstillingar som Statoil måtte løyse for at salet av oljen frå Statfjord-feltet skulle vere mogleg å gjennomføre.⁸⁴ I diskusjonen rundt kvar enkel problemstilling la marknadsføringsavdelinga fram sine

⁸² DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 9.

⁸³ Ibid. Side 1.

⁸⁴ Ibid. Side 2 (mitt sidetal).

synspunkt om kva avgjersle som var best for å løyse dei fem problemstillingane. Dei fem problemstillingane var:

1. Skulle salet av råoljen skje gjennom «spotmarkedet», korttid- eller langtidsavtalar?
2. Kva marknader ynskja Statoil å selje Statfjord-oljen til?
3. Kva produkt skulle seljast frå Statfjord-feltet, råolje eller raffinerte produkt?
4. Korleis skulle Statoil stille seg til moglege samarbeidspartnarar?
5. Statoil måtte lage ein marknadsprofil kring dei fire tidlegare punkta rundt internasjonal handel.

Marknadsføringsavdelinga var ikkje konkluderande i kva løysing som var mest gunstig for problemstilling nummer éin. Uavhengig av kva type kontrakt ein valde ville det vere negative og positive sider, liknande som diskusjonen som hadde blitt gjort rundt «spotmarkedet» og langvarige avtalar frå seminaret i 1976.⁸⁵ Sal på «spotmarkedet» og ved korttidsavtalar ville gje Statoil fleksibilitet ved pris dersom råoljeprisen endra seg.⁸⁶ Dersom ein ny oljekrise fann stad ville desse kontrakttypane vere mest sikre, men dette kunne òg skje i negativ retning og dermed senke Statoil sine inntekter. Frå eit innteningsperspektiv var det difor uklart kva inntekter Statoil kunne forvente seg gjennom korttidsavtalar og sal på «spotmarkedet». Langtidsavtalar ville gje Statoil ein sikrere inntekt enn dei to andre alternativa, men låse Statoil sin inntekt dersom dei internasjonale oljeprisane auka.

Sidan ingen av kontraktformane markerte seg som mest gunstig var marknadsføringa sitt forslag at ei fordelinga ville mest gunstig. Langtidskontrakter fekk den største delen ved at 40-50 prosent av avkastinga skulle skje gjennom slike avtalar.⁸⁷ Kortvarige avtalar fekk ein mindre del på 25-30 prosent og «spotmarkedet» fekk 10-15 prosent. Dette gav ein resterande del på 5-25 prosent som skulle raffinert ved Mongstad i Noreg. Grunngevinga for skilnaden i kor stor del Monstad skulle tildelast kan forklarast ved å sjå på anlegget sin raffineringkapasitet. I 1977 hadde anlegget ein kapasitet på 1.2 millionar tonn per år. Dersom Statoil ynskja å satse stort på raffinering måtte denne kapasiteten utvidast, noko som var eit av hovudpunkta i avslutningsdiskusjonen i dokumentet frå januar. Ein mogleg utviding ville auke

⁸⁵ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 11-12.

⁸⁶ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 2 (mitt sidetal).

⁸⁷ Ibid. Side 39 (mitt sidetal).

kapasiteten ved Mongstad med 7-8 millionar tonn per år, kor fem av desse ville vere frå Statfjord-feltet. I *Norsk oljevirkosomhet mellom det nasjonale og det internasjonale* skriv Helge Ryggvik:

Produksjonen på norsk sokkel ville snart bli så stor at en vesentlig del måtte selges som råolje på verdensmarkedet. Men både ut frå reine økonomiske kalkyler og en standardoppfatning av hvordan og hvorfor et oljeselskap skulle integrere, framsto det som viktig for Statoil å skaffe seg en raffineringsskapasitet og et distribusjonsapparat.⁸⁸

Tilgang til norsk raffinering og moglegheita til å selje raffinerte produkt var to viktige punkt som marknadsføringsavdeling måtte vurdere, og Mongstad ville vere ein nøkkedel i denne diskusjonen. Ein utviding av anlegget ville gje Statoil ein styrka posisjon for å fylle det norske behovet ved ein eventuell ny krise, men opne òg opp for moglegheita til selje raffinerte produkt.

Situasjonen var likevel ikkje så enkel. Statoil hadde fått eigarskap i Mongstad i 1976 etter at den norske stat kjøpte opp BPs distribusjonsapparat og Norsk Brændselolje sine delar av anlegget i 1975.⁸⁹ Statoil fekk 15% eigarskap av anlegget, men delte det saman med tre andre norske selskap, Norsk Hydro, Saga og Norges Kooperative Landsforening (OK). Den norske stat hadde størst eigarskap av kva som skulle bli Norsk olje A.S/Norol med 71.3 prosent. Denne inndelinga gjorde at diskusjonen kring utvidinga av Mongstad var uklar sidan alle tre selskapa hadde meiningar om saka. Diskusjonen rundt Mongstad var i 1977 ikkje avgjort og ei utviding vart sett på som svært usikker. Likevel var det klart at marknadsføringsavdelinga såg på Mongstad som ein viktig del for korleis avsettinga av Statfjord-oljen skulle gå føre seg.

Problemstilling to fokuserte på Statoil sitt val av marknader, og kva marknader som ville vere mest gunstige å selje oljen til. For å avgjere dette vart faktorar som transportkostnader, behov for olje og kor stor del oljen bidrog i energiforbruket til ulike marknader drøfta, samt kva marknad som ville betale høgast pris.⁹⁰ Kvart aktuelt marknad vart difor vurdert utifrå desse kriteria, og utifrå vurderingane kunne

⁸⁸ Ryggvik. *Norsk oljevirkosomhet mellom det nasjonale og det internasjonale*. Side 184.

⁸⁹ Johnsen. *Gjennombrudd og vekst*, 1990. Side 60.

⁹⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 3 (mitt sidetal). + (Forkortelsen BP står for British Petroleum)

marknadsføringsavdelinga avgjere kva marknad som var mest aktuelle. Moglege marknader var eit eige diskusjonsområda, og vart diskutert utanfor dei fem problemstillingane.

Det vart påpeikt at Statoil måtte ta ein avgjersle på kor mange marknader som var gunstig å oppretthalde samtidig. Å satse på fleire marknader ville gje meir fridom enn å satse på eitt marknad sidan Statoil ville få fleire moglegheiter rundt marknadsføringa.

Konkurransperspektivet var òg eit viktig aspekt å vurdere dette utifrå sidan ved satsing på fleire marknader kunne Statoil sjølv bestemme kven dei ynskja å selje oljen til. Utifrå dette var marknadsføringsavdelinga retta mot at satsing på fleire marknader var mest gunstig.

Satsing på eitt marknad vart likevel diskutert, og avdelinga kom fram til ei positiv side ved ein slik satsing. Det var at kjøparen frå dette eine marknaden kunne skape ein avhengigheit til Statfjord-oljen.⁹¹ Dette perspektivet var hypotetisk sidan salet av Statfjord-oljen ikkje hadde funne stad på dåverande tidspunkt. Ei satsing på fleire marknader ville difor vere sikrast for marknadsføringsperspektivet. Statoil måtte difor vurdere kvar enkel aktuelt marknad utifrå kriterium som vart lagt fram, og finne land som kunne vere gunstige kjøparar av oljen.

Den tredje problemstillinga diskuterte kva produkt Statoil skulle selje frå Statfjord-feltet, og om salet skulle fokusere på råolje aleine eller om Statoil samtidig skulle raffinere deler av råoljen til sal av raffinerte produkt. Under seminaret i 1976 var tanken at salet skulle skje i form av råolje, og moglegheita for å selje raffinerte produkt vart ikkje diskutert i nokon stor grad. Denne tanken hadde endra seg i perioden fram til 1977, noko som problemstilling nummer éin viser. Råolje var framleis plassert som hovudinntektskjelda frå Statfjord-feltet, men sal av raffinerte produkt hadde sine gunstige sider. Dersom for eksempel prisen på raffinerte produkt auka ville Statoil vere i ein situasjon kor valet om å satse på to områdar ville styrke inntektene frå Statfjord-feltet. Vurderinga av marknadar måtte difor sjå nærare på om sal av raffinerte produkt ville vere lønnsamt, og om behovet var til stade for å rettferdiggjere ei satsing på raffinerte produkt. Satsing på raffinerte produkt ville vere smart dersom ein ny oljekrise oppstod, ved at Statoil ville ha tilgang til raffinerte produkt frå eigne anlegg. Noreg ville då vere frigjort frå å måtte importere raffinerte produkt frå andre selskap. Marknadsføringsavdelinga kom fram til at det sikraste ville vere å ha ein delt fordeling, med hovudvekt på råolje. Mongstad utbygginga ville vere ein nøkkedel rundt sal raffinerte produkt sidan ei utviding ville auke mengda produkt Statoil kunne selje betydeleg.

⁹¹ Ibid. Side 4 (mitt sidetal).

Problemstilling fire stilte spørsmål til om det ville vere gunstig for Statoil å inngå i samarbeid med andre oljeselskap for å styrke kundeforholdet med eventuelle kjøparar. Marknadsføringsavdelinga såg føre seg at samarbeid med andre selskap ville ha positive og negative sider avhengig av kva produkt det vart samarbeida rundt. Rundt salet av råolje ville det vere best for Statoil å ikkje ha samarbeidspartnarar sidan prisen var fastsett av internasjonale priser, og behovet til samarbeid var difor ikkje til stade.⁹² Det også da med tanke på at Statoil ynskja å behalde sin handlefridom, og ved eit eventuelt samarbeid ved sal av råolje kunne selskapet miste denne fridommen. Ved raffinerte produkt kunne moglege samarbeid med andre selskap vere aktuelt, men marknadsføringsavdelinga gjekk ikkje inn i detaljar som grunnleggjend for denne tanken. Eit samarbeid ville eksempelvis støtte marknadsføringa av produktet og gjere prosessen rundt sal enklare. Det kunne òg ha negative sider ved at Statoil kunne få ein lågare inntening enn om dei marknadsførte produkta sjølv. Innanfor denne diskusjonen måtte Statoil ta stilling til om eventuelle samarbeidspartnarar var nasjonale eller internasjonale oljeselskap. Dette var på grunn av konkurranse, og at prissettinga kunne variere på grunnlag av kva type oljeselskap som var leiande i gitte land.

Den siste problemstillinga omhandla danninga av Statoil sin marknadsprofil, og korleis selskapet skulle plassere seg innanfor det internasjonale oljemarknaden. Hovudsynspunktet i denne diskusjonen var at Statoil måtte marknadsføre seg som ein seljar med hovudfokus på råolje frå eit stabilt politisk område.⁹³ Igjen ser ein at tema frå seminaret i 1976 vart tatt opp, og at viktigheita til Nordsjøen som eit stabilt politisk område var noko Statoil kunne dra nytte av. Nordsjøen sitt låge svovelnivå og API-gravity verdien på oljen frå Statfjord ville vere viktige fordelar i Statoil sin marknadsprofil. Marknadsføringsavdelinga meinte at for eksterne partar ville det vere viktig at Statoil hadde ei klar meining kva marknadsprofilen til selskapet var.

4.1.2 – Salsmarknader og marknadsstrategi

Det andre området som vart diskutert av marknadsføringsavdelinga var kva marknader som ville vere mest gunstige ved sal frå Statfjord-feltet. Avdelinga ynskja å skape ei oversikt over alle aktuelle marknader og vidare organisere kven som kunne vere aktuelle kjøparar av Statfjord-oljen. For å starte denne prosessen var målet å finne kva områder som var avhengig av importert olje. I likskap med seminaret i 1976 var salsmarknadane i dokumentet frå 1977

⁹² Ibid. Side 5.

⁹³ Ibid. Side 6-7.

like, med hovudområda konsentrert rundt Skandinavia og Vest-Europa, med USA som ein mogleg tredjepart.⁹⁴ Grunngevinga for desse områda var, som i 1976, at behovet av importerte oljeprodukt var høgt i desse områda. Vest-Europa og Skandinavia var sett på som dei mest aktuelle kjøparane av Statfjord-oljen. Innanfor Skandinavia var Sverige, Danmark og Finland aktuelle, og i Vest-Europa vart Vest-Tyskland, Nederland, Belgia, Frankrike, Storbritannia og Sveits vurdert.

Tilgjengelegheita av raffineri var ein sentral faktor som spelte inn for om dei ulike landa var moglege kjøparar av råolje. Totalt sett hadde Vest-Europa ein utnyttingsgrad på omkring 60-70 prosent, med variasjonar mellom kvart land sin utnytting av raffineringsskapasiteten.⁹⁵ Land med høg raffineringsskapasitet burde difor prioriterast av Statoil sett frå marknadsføringsavdelinga sitt synspunkt. I tillegg såg marknadsføringsavdelinga at det var mogleg å etablere marknader kor oljen stod for ein sentral del av energiforbruket hjå kvart enkelt land. Dette med bakgrunn i at land som var avhengig av råolje for å bruke det i energiforbruket var potensielle kundar som Statoil kunne etablere langvarige avtalar med. Dette var med tanke på at Statfjord-råoljen kunne konkurrere med andre leverandørar av liknande produkt dersom langvarige avtalar vart inngått.⁹⁶ Sidan energiforbruket til land alltid ville vere ein faktor og at Noreg var geografisk nærmare konkurrerande landa frå OPEC-organisasjonen ville Statoil ha moglegheit til å konkurrere ut leverandørar frå OPEC.

I likskap med seminaret frå 1976 var lågsvovelholdig olje ein viktig faktor for val av marknader. Medan seminaret i februar hovudsakleg hadde fokusert på USA og Sverige som importørar av lågsvovelholdig olje var det fleire land som hadde viste interesse for olje med lågt svovelinnhald i 1977.⁹⁷ Sverige, Finland og Vest-Tyskland vart nemnd som land med nasjonale oljeselskap som hadde viste interesse for å importere råolje frå Nordsjøen til fordel frå dåverande leverandørar. Kven desse nasjonale oljeselskapa vart ikkje nemnd i januar, men det tyda på at interessa for Statfjord-oljen alt hadde vist seg på dette tidspunktet. For Statoil var dette interessant og ein mogleg veg å gå i marknadsføringa. Statoil ville ved eventuelle

⁹⁴ Ibid. Side 14 (mitt sidetal).

⁹⁵ Ibid. Side 8-9 (mitt sidetal).

⁹⁶ Ibid. Side 44 (mitt sidetal).

⁹⁷ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapportar. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 13.

avtalar med desse selskap konkurrere med råolje frå leverandørar som hadde råoljekvalitetat som var lik den frå Statfjord-feltet

Som seminaret frå 1976 diskuterte, var Statfjord sin råoljekvalitet av lik kvalitet som råoljekvalitetar frå Nord- og Vest Afrika. Spesifikt ville råoljen frå Statfjord-feltet konkurrere på lik linje med råoljekvalitetar frå Libya, Algerie og Nigeria.⁹⁸ Forutsetninga var som i 1976 at Statoil kunne forventa seg ein liknande pris for råoljen som desse tre landa selte oljen for. Frå tabell 2 ser ein mengda lågsvovelholdig råolje kvart land importerte i 1974 og 1975 frå dei tre OPEC-medlemslanda, og kor stor prosentdel av den totale oljeimporten som var lågsvovelholdig. Mengda olje frå dei tre landa utgjorde omkring 19 prosent, omkring 101 millionar tonn råolje, av den totale europeiske importen i 1975. USA var òg importør av denne oljen med ein lågsvovelimport på omkring 61 millionar tonn frå desse tre landa.⁹⁹

Tabell 2 – Import av lågsvovel råolje fordelt på land i 1974 og 1975 (millionar tonn)

LAND	TOTAL		ALGERIE		LIBYA		NIGERIA		TOT.LAVSVOVLIG		PST.ANDEL	
	1974	1975	1974	1975	1974	1975	1974	1975	1974	1975	1974	1975
NORGE	6.729	5.745	280	-	85	227	627	808	992	1.035	14,7	18,0
DANMARK	9.284	7.872	297	-	291	138	690	889	1.278	1.027	13,8	13,0
SVERIGE	10.049	12.140	349	57	-	-	2.441	2.533	2.790	2.590	27,8	21,3
FINLAND	9.366	9.602	-	356	-	-	-	-	0	356	0	3,7
V.TYSKLAND	102.543	90.025	9.685	10.214	16.719	14.795	11.514	10.105	37.918	35.134	36,9	39,0
NEDERLAND	60.649	53.183	151	358	278	462	13.846	7.528	14.275	8.348	23,5	15,7
BELGIA	29.302	26.168	530	880	1.733	661	1.048	1.116	3.311	2.657	11,3	10,2
FRANKRIKE	130.351	107.041	9.411	5.971	4.119	2.166	10.839	9.130	24.369	17.267	18,7	16,1
STORBRIANNIA	113.550	90.318	492	1.433	8.741	2.666	7.900	5.839	17.133	9.938	15,1	11,0
SVEITS	6.009	4.385	437	99	935	311	851	837	2.223	1.247	37,0	28,4
USA	172.000	200.000	8.773	13.200	65	11.150	34.850	37.300	43.688	61.650	25,4	30,8

Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 31 (mitt sidetal).

⁹⁸ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 29-30 (mitt sidetal).

⁹⁹ Ibid. Side 31 (mitt sidetal).

Marknadsføringsavdelinga hadde fått eit innblikk i kva behov og etterspørsel kvart land hadde kring import av lågsvoel råolje. Vest-Tyskland, Sverige og USA markerte seg som land som importerte ein høg prosentdel av denne kvaliteten. Desse ville difor vere land som vart sett på som ideelle marknader kring sal av lågsvoelholdig råolje frå Statfjord-feltet.

Saman med data kring import av lågsvoelholdig olje vart ei rekkje anna informasjon samla inn av marknadsføringsavdelinga for å danne eit bilete for kvart enkelt marknad som kunne vere aktuelle. For å skildre kven som var moglege kjøpar av Statfjordoljen har informasjonen som vart samla for kvart enkelt land blitt samla saman i tabell 3. Tabellen skildrar kvart aktuelt land sine behov for import av olje, raffinerikapasitet og produksjon samt ein oversikt over energiforbruk i 1975. Land som importerte ein relativt høg mengde (over 15 prosent) lågsvoelholdig olje i 1975 er også oppført.

Tabell 3 - Oversikt over raffinerikapasitet, raffineriproduksjon, tilgjengeleg kapasitet, råolje import, oljen sin del av energiforbruket og det totale energiforbruket i ulike land for året 1975.

Land	Raffinerikapasitet 1975 (mill/tonn)	Raffineri produksjon 1975 (mill/tonn)	Tilgjengeleg kapasitet 1975 (mill/tonn)	Råolje import 1975 (mill/tonn)	Energiforbruk i olje 1975 (%)	Totalt energiforbruk i olje 1975 (mill/tonn)	Høg lågsvoel import i 1975 (Ja/nei)
Noreg	12,5	7,5	5,0	5,9	38	18,6	Nei
Sverige	21,1	11,2	9,9	12,1	70	35,6	Ja
Danmark	10,8	8,1	2,7	7,9	95	15,7	Nei
Finland	10	7,7	3,3	9,6	74	-	Nei
Vest Tyskland	155	90,8	64,2	91,9	51	230	Ja
Nederland	97	54	43,0	55,2	29	52,8	Ja
Belgia	49	28,2	20,8	30,6	-	-	Nei
Frankrike	175	98,4	76,6	103,7	52	173	Ja
Storbritannia	147	87,1	59,9	91,4	41	209	Nei
Sveits	-	4,4	-	4,7	93	-	Ja
USA	764	600	164	200	55	-	Ja

Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 15-26, 30.

I tillegg til desse faktorane var geografi ein faktor som marknadsføringsavdelinga såg på som betydeleg for vurderinga av marknader. Dette på grunn av at fraktkostnader var ein viktig faktor som spelte inn kva innteninga frå Statfjord-feltet ville vere. Land med ein låg fraktdistanse frå Statfjord-feltet ville difor frå Statoil sin side vere føretrekt sidan det ville minke utgiftene og auke innteninga til Statoil. Forutsetninga kring transport av oljen frå Statfjord-feltet var at transporten skulle skje i form av bøyelasting til skip.¹⁰⁰ Planen var at ved produksjonsstart ville minst to lastebøyer vere installert ved feltet. I tillegg vart det i stortingsmelding 21 frå 1976 diskutert ein mogleg installasjon av ein oljerørleidning til Noreg kunne vere aktuelt, noko som skulle bedømmast av Stortinget. Transporten av oljen ville difor vere sterkt knyta til tilgangen på hamnar, og land med kystar. Marknadsføringsavdelinga meinte difor at land nær Noreg og Statfjord-feltet burde prioriterast. Utifrå desse faktorar dannar det seg ei oversikt over positive og negative sider for kvart enkelt land og mogleg eksport av Statfjord-olje.¹⁰¹

Den låge fraktdistansen, tilgjengeleg kapasitet og eit energiforbruk som var avhengig av olje gjorde at dei tre skandinaviske landa nær Noreg såg ut til å vere aktuelle områder kor oljen frå Statfjord kunne seljast. Sverige hadde ein høg import av lågsvoelholdig olje, samt ein stor import av raffinerte produkt. Sverige vart difor sett på som eit aktuelt satsingsområde for å marknadsføre Statfjord sin råolje og selje raffinerte produkt.¹⁰² Danmark hadde ein relativ låg import av lågsvoelholdig råolje som vart brukt i raffineringsindustrien, men var saman med Sverige ein stor importør av raffinerte produkt.¹⁰³ Danmark som marknad var difor i hovudsak sett på som ein marknad kor Statoil kunne selje raffinerte produkt. Finland hadde den lågaste importen av lågsvoelholdig råolje av alle marknadane i Europa som vart vurdert i 1977. Finland hadde likevel ein høg import av råolje, og sal av råolje var difor Statoil sin innfallsvinkel for den finske marknaden på tross av at behovet for lågsvoelholdig råolje var låg. På grunn av at Sverige og Danmark vart sett på som land kor raffinerte produkt kunne seljast vart Mongstad sin aktuelle utbygging, samt moglegheita for norsk raffinering

¹⁰⁰ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1977. Årsberetning og regnskap 1975. Melding om virksomheten 1. halvår 1976», St. meld. nr. 21, 1976. Side 8.

¹⁰¹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 40 (mitt sidetal).

¹⁰² Ibid. Side 17 + 40 (mitt sidetal).

¹⁰³ Ibid. Side 16 (mitt sidetal)

ved andre norske raffineri vere eit spørsmål som Statoil måtte ta stilling til.¹⁰⁴ Alle dei skandinaviske landa var difor sett på som aktuelle marknader frå marknadsføringsavdelinga sitt synspunkt.

Vest-Tyskland, Nederland og Belgia var i likskap med dei skandinaviske landa geografisk nær Statfjord-feltet, men marknadsføringsavdelinga hadde ulike synspunkt kring kvart av desse landa. Vest-Tyskland vart sett på som mest ideelle sidan landet hadde ein høg tilgjengeleg kapasitet av olje, importerte store mengder lågsvoelholdig råolje og hadde eit energiforbruk kor omkring 50 prosent var knyta til oljeforbruk. I likskap med Sverige kryssa Vest-Tyskland av alle dei positive sidene frå norsk side, og det virka som ein logisk plass å starte eksporten frå Statfjord-feltet. Nederland delte ei rekkje likskapstrekk med Vest-Tyskland, men landet var under stor konkurranse. Leiande internasjonale selskap som Britisk Petroleum, Esso, Chevron og Shell hadde raffineri i landet, og som Europa sin største eksportør av raffinerte produkt ville konkurransen vere stor for å selje oljen til Nederland.¹⁰⁵ Marknadsføring av raffinerte produkt til Nederland ville vere ein umogleg oppgåve på grunn av dei internasjonale selskapa sitt fotfeste i landet, men sal råolje kunne vere aktuelt. Avtalar med oljeselskap som eigde raffineri i Nederland måtte dermed diskuterast før Nederland kunne verte sett på som ein aktuell marknad. Belgia hadde i motsetning til Vest-Tyskland og Nederland ein låg import av lågsvoelholdig olje. I tillegg hadde ikkje marknadsføringsavdelinga informasjon rundt landet sitt energiforbruk. Mangelen på denne informasjonen gjorde at Belgia ikkje var like aktuell som dei tidlegare marknadane som hadde blitt diskutert, men eint mogleg sal av råolje vart sett på som mogleg.¹⁰⁶

Frankrike, Storbritannia og Sveits var land som var av mindre interesse i diskusjonen. For Frankrike og Sveits var dette hovudsakleg på grunn av at marknadsføringsavdelinga såg på det som mindre lønnsamt å frakte oljen til desse landa. Sidan transporten av oljen frå Statfjord skulle skje ved skipstransport var det geografiske problem å få frakta oljen til Sveits. Kostnadane ville verte for høge, og Statoil ville måtte lage ein eigen plan kring transporten for at transporten skulle vere mogleg å gjennomføre. Frankrike var geografisk lengst vekk av alle dei europeiske landa som vart sett på som aktuelle. Transportkostnadane ville difor verte høge. Likevel var vurderinga av Frankrike positiv rundt faktorane som spelte inn, og dersom

¹⁰⁴ Ibid. Side 39 (mitt sidetal).

¹⁰⁵ Ibid. Side 21 (mitt sidetal).

¹⁰⁶ Ibid. Side 39 (mitt sidetal).

marknader nær Statfjord viste seg å ikkje vere aktuelle kunne Frankrike vise seg å verte eit land av større interesse enn kva som vart framstilt i januar 1977. Storbritannia var ikkje sett på som ein aktuell importør av Statfjord-oljen. Grunngevinga for dette var Mobil sin deltaking ved Statfjord-feltet, og Mobil ville dekkje Storbritannia sin etterspørsel av råolje med kvalitet lik den frå Nordsjøen. Det britiske marknaden ville difor vere i ein lik situasjon som Noreg, og sal av olje var av større viktighet enn å kjøpe den.

I tillegg til det europeiske marknaden vart ein vurdering av USA gjort. USA hadde den største tilgjengelege raffineringkapasitet av alle landa som hadde blitt vurdert, samt ein høg import av lågsvoelholdig olje. Olje sin rolle i energibehovet til landet var også høgt og importbehovet som figur 3 skildra i 1976 var relevant. Desse faktorane var viktig i vurderinga av USA som marknad, og ein rekke positive sider markerte seg i vurderinga. Fraktkostnader og distansen frå Statfjord-feltet var likevel ein viktig negativ side ved ein eventuelt sal. Til tross for denne negative sida ved USA som marknad var marknadsføringsavdelinga positiv til å velje USA som ein aktuelt marknad på grunn av landet sin høge import av lågsvoelholdig olje.¹⁰⁷ I avsluttinga av dokumentet kor avdelinga la fram eit forslag til korleis råoljen kunne fordelast mellom ulike marknader vart dette synleggjort. Dette forslaget var det første avsettingsmønsteret som vart danna av marknadsføringsavdelinga.

4.1.3 – Eit mogleg avsettingsmønster

Utifrå informasjonen i dei to første områdene som marknadsføringsavdelinga tok stilling til, kunne avdelinga kome med eit forslag til korleis eit mogleg avsetningsmønster kunne sjå ut. Mønsteret som vart lagt fram tok høgde for at Statfjord-feltet ville ha ein årleg produksjon på 20 millionar tonn råolje. Fordelinga var delt inn etter kva avdelinga hadde kome fram til i diskusjon rundt ulike typar avtalar, og fordelte aktuelle marknader etter kva kontrakttypar som ville mest gunstig for kvart enkelt land. I tabell 4 kan ein sjå korleis marknadsføringsavdelinga såg føre seg at eit mogleg avsettingsmønster kunne sjå ut.¹⁰⁸

¹⁰⁷ Ibid. Side 27 +39 (mitt sidetal).

¹⁰⁸ Ibid. Side 43 (mitt sidetal).

Tabell 4 – Mogleg avsettingsmønster av råolje ved årleg produksjon på 20 millionar tonn.

	Millionar tonn per år	Prosent av den totale fordelinga
Nasjonalt raffineri (Mongstad)	1-5	5-25%
Eksport: Langtidsavtalar	8-10	40-50%
Sverige	1-3	
Finnland	1-2	
Danmark	0-1	
Vest-Tyskland	2-4	
Eksport: Mellom-/Korttidsavtalar	5-6	25-30%
USA, Europa og internasjonale selskaper		
«Spotmarkedet»	2-3	10-15%
Totalt	20	100%

Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 43.

Marknader i Skandinavia og Vest-Tyskland vart tildelt den største delen av avsettinga gjennom langtidsavtalar. Nasjonalt behov var framleis usikkert sidan ein mogleg utviding ved Mongstad ikkje hadde blitt avgjort. Kor stor del av avsettinga som skulle skje ved Mongstad måtte avgjerast før produksjonen ved Statfjord starta. Sal til USA, delar av Europa og sal til internasjonale selskap skulle skje i form av korttidsavtalar, medan ein liten del av avsettinga vart satt av til sal ved «spotmarkedet».

Avsettingsmønsteret som var satt opp representerer kva tankar marknadsføringsavdelinga hadde kring avsettinga frå Statfjord-feltet, grunngjeva frå informasjonen som hadde blitt samla frå seminaret i 1976 og tida fram til 3. januar 1977. Sjølv om mykje av informasjonen var viktig i den framtidige planlegginga og utføringa av avsettinga frå Statfjord-feltet, var planlegginga framleis i den tidlege fasen. Produksjonsstarten ved feltet ville ikkje skje før 1979, og viktige spørsmål rundt avsetting måtte svarast på før produksjonen starta. Det var framleis ikkje fastsett kven som skulle kjøpe

oljen innanfor kvart enkelt marknad, og dokumentet skildrar mest tankar som marknadsføringsavdelinga såg føre kunne skje rundt oljen utan at nokon faste avtalar hadde blitt oppretta. Slike avtalar måtte difor dannast, og avdelinga måtte finne ut kven desse kjøparane kunne vere.

Dokumentet frå 3. januar 1977 representerer starten på utviklinga av Statoil og Noreg sin avsettingspolitikk av Statfjord-oljen, og saman med seminaret frå 1976 representerer det startperioden kring ein strategi for korleis norsk olje skulle seljast i åra framover. Fortsettinga av dette arbeidet fann stad den 8. mars i 1977 kor eit tredje utkast av dokumentet frå januar vart lagt fram. Dette dokumentet innehaltdt konkret informasjon rundt kven som kunne vere moglege kjøparar av oljen frå Statfjord-feltet.

4.2 «Markedsføringsplan for Statfjord råolje»

Den 8. mars i 1977 vart eit tredje utkast av dokumentet frå 3. januar lagt fram med den nye tittelen «Markedsføringsplan for Statfjord råolje». Strukturelt og innhaldsmessig var store delar av informasjonen lik det frå 3. januar, men deler av dokumentet var ein vidareføring av arbeidet. I det nye utkastet hadde det blitt formulert ein hovudmålsetting som tidlegare ikkje hadde blitt formulert. Denne målsettinga var at innteninga frå Statfjord-feltet skulle skje gjennom inntektsmaksimalisering under forutsetninga om mest mogleg stabile inntekter.¹⁰⁹ For å gjennomføre denne målsettinga vart det, i likskap med dokumentet frå januar, lagt fram ulike problemstillingar som Statoil måtte ta omsyn til for å realisere målsettinga.

Problemstillingane i dei to dokumenta var identiske med unntak av problemstilling fem frå januar, danninga av ein marknadsprofil av Statoil, som hadde blitt fjerna i mars.¹¹⁰ Dette skyldast at Statoil uavhengig av planlegginga av Statfjord-feltet ville danne ein marknadsprofil sett frå eksterne aktørar. Å leggje ein plan for korleis denne profilen ville sjå ut var umogleg, sidan det var usikkert om eksterne partar ville dele synet Statoil hadde til sin eigen profil. Dei fire resterande problemstillingane omhandla prisforholdet og gunstigheita mellom råolje og raffinerte produkt og kva marknadsval som vart sett på som mest gunstige. I

¹⁰⁹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Markedsføringsplan for Statfjord råolje, 8.3.1977. Side 2.

¹¹⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977. Side 3 + DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Markedsføringsplan for Statfjord råolje, 8.3.1977. Side 2.

tillegg vart det diskutert om Statoil skulle satse på fleire marknader, kundar og samarbeidspartnarar og kva type avtalar som var mest gunstige for Statoil å inngå.

Opprettinga av korttids- og langtidsavtalar saman med sal på «spotmarkedet» var, som i januar, måten marknadsføringsavdelinga foreslo at salet av oljen frå Statfjord-feltet skulle skje.¹¹¹ Avsettingsmønsteret som vart lagt fram i januar la føre at den største delen av salet skulle skje gjennom langtidskontakter, sidan det ville gje høgast inntening. Dette synet hadde endra seg til ein viss grad i mars sidan fleksibiliteten til kortvarige avtalar og sal på «spotmarkedet» ville gje ein raskare inntening i oppstartfasen av Statfjord-feltet. Marknadsføringsavdelinga skildra difor desse som meir «ønskelig» enn langvarige avtalar i startfasen. Ein grunngeving for dette vart ikkje lagt fram, men ein grunn var nok at kortvarige avtalar og sal på «spotmarkedet» var langt enklare å sette i gang enn langvarige avtalar. På grunn av utsettinga som fann stad i 1976 auka utgiftene ved Statfjord betydeleg, og ei rask inntening ville difor vere føretrekt for å oppheve kostnadsauken. Dette viser at Statoil ynskja fleksibilitet framover langvarige inntekter i startfasen av salet frå Statfjord. Etter oppstartfasen ville avsettingsmønsteret frå januar (sjå tabell 4) vere meir gjeldande, og ingen endringar var gjort i fordelinga av kontraktstyper og kor stor del av avsettinga som skulle tildelast kvar kontraktform.¹¹²

Gunstigeita rundt fordelinga av raffinerte produkt og råolje var framleis uklar i mars, sidan Mongstad sin utviding var usikker. For å avgjere kva som var mest lønnsamt vart det lagt fram to synspunkt som Statoil måtte ta omsyn til, kva prisen på råolje var i forhold til raffinerte produkt og kva raffinerisituasjonen var.¹¹³ Utifrå tal frå 1975 (sjå tabell 3) var raffinerikapasiteten i Vest-Europa stor nok til at det vart sett på som tvilsamt at norsk raffinering ville vere lønnsamt på kort sikt. Norden vert nemnd som eit unntak for dette, men om ein ser på raffinerikapasiteten var også Norden prega av overkapasitet.¹¹⁴ På grunn av dette ville det i oppstartfasen vere mest gunstig å satse på råoljesal framfor å selje raffinerte produkt, sidan behovet for råolje var langt større enn raffinerte produkt i dei aktuelle marknadane. Sidan behovet var stort ville Statoil vere i ein situasjon kor prisen var høg.

¹¹¹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Markedsføringsplan for Statfjord råolje, 8.3.1977. Side 5-6.

¹¹² Ibid. Side 22 (mitt sidetal).

¹¹³ Ibid. Side 3.

¹¹⁴ Overkapasitet tyda at raffinerianlegget hadde større kapasitet enn kva som var nytta.

Langsiktig kunne raffinering vere meir aktuelt dersom behovet for raffinerte produkt endra seg og moglegheita til å selje delar av olje til land som Sverige og Danmark, som var avhengig av å importere store mengder raffinerte produkt.¹¹⁵ For at sal av raffinerte produkt skulle verte ein realitet, måtte raffineringssituasjonen i Noreg utgreiast. Ved Mongstad hadde Statoil moglegheit til å raffinere, og ved ein eventuell utviding ville Mongstad spele ein sentral rolle ved sal av raffinerte produkt. Utvidinga var framleis uklår og marknadsføringsavdelinga måtte sjå på andre moglegheiter. Ein moglegheit var å leige raffineringsskapasitet i andre, noko som vart sett på ei løysing som var aktuell i tida fram til utvidinga fann stad eller om den ikkje fann stad.¹¹⁶

Sjølv om det vart lagt fram at sal av råolje ville vere meir gunstig enn raffinerte produkt var tanken at Statfjord-oljen med tid skulle seljast i begge former, med fokus på sal av råolje i startfasen. Dei aktuelle marknadane hadde ulike behov til råolje og raffinerte produkt, og marknadsføringsavdelinga argumenterte for at dersom Statoil satsa på begge områda ville fleire marknader vere aktuelle for sal av Statfjord-oljen. I tillegg ville Statoil vere betre rusta dersom behovet for raffinerte produkta auka i tida framover ved for eksempel ei ny oljekrise. Behovet for raffinerte produkt for kvart av dei aktuelle marknadane måtte vurderast, og dersom eit stor behov vart funnet legitimerte dette ei satsing på raffinerte produkt.

Rundt spørsmålet om valet av marknader var det tatt stilling til om Statoil skulle konsentrere salet til éin eller fleire marknader. I januar var det lagt fram at sal på fleire marknader var betre enn å konsentrere seg på eitt. Dette var eit syn som fortsette i mars og dei same føresetningane som vart tatt i januar låg til grunn for denne avgjersla.¹¹⁷ For å velje aktuelle marknader vart transportkostnadar, import av lågsvovelholdig olje og behovet av importert energi hovudsynspunkt for å avgjere kva marknader som var mest aktuelle, i likskap med kva som hadde blitt diskutert i januar. Sverige, Danmark, Finland, Vest-Tyskland, Nederland, Belgia, Frankrike og USA vart sett på som moglege marknader. Storbritannia og Sveits hadde blitt sett på som moglege marknader i januar, men var no fjerna. Grunngevinga

¹¹⁵ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Markedsføringsplan for Statfjord råolje, 8.3.1977. Side 10+12 (mitt sidetal).

¹¹⁶ Ibid. Side 3.

¹¹⁷ Ibid. Side 4.

for at desse var fjerna var av same grunn som vart tatt opp i førre delkapittel knyta til transport for Sveits og mangel på behov for Storbritannia.

I likskap med dokumentet frå januar var det gjort ein analyse av alle dei aktuelle marknadane for å avgjere kven som var mest aktuelle. Import av råolje, lågsvoelholdig råolje, raffinerte produkt og kor stor del av energiforbruket som var knyta til olje var punkta som vart sett på, og som er skildra i tabell 5. Dette vart også diskutert i januar, men i mars har ein konkrete tal for perioden 1976. I januar hadde marknadsføringsavdelinga basert seg på tal frå 1975.

Tabell 5 – Prosentdel av importert lågsvoelholdig olje og energiforbruk i form av olje, 1976.

Land	Import av råolje i millionar tonn	Import av raffinerte produkt i millionar tonn	Import av lågsvoel olje (%)	Importert olje til energiforbruk (%)
Norge	5.7	0.3	18 %	22 %
Sverige	11.9	16.3	21 %	63 %
Danmark	7.9	8.6	13%	94 %
Finland	9.6	3.1	4 %	60 %
Vest-Tyskland	90.0	30.7	39 %	50 %
Nederland	53.1	- 23.6	16 %	41 %
Belgia	28.4	- 3.9	9.5 %	-
Frankrike	106.1	- 3.5	16 %	61 %
USA	202.0	80.8	31 %	16 %

Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Markedsføringsplan for Statfjord råolje, 8.3.1977. Side 7-8 (mitt sidetal).

Alle dei aktuelle landa var i stor grad avhengig av oljeimport for å dekkje delar av energiforbruket, og spesielt i Sverige, Vest-Tyskland og USA var ein stor del av importen lågsvoelholdig. I tillegg hadde desse tre landa høg import av både råolje og raffinerte produkt. Desse tre landa vart difor sett på spesielt ideelle for sal av oljen frå Statfjord, og det

vert alt i mars nemnd at ein avtale med Sverige hadde blitt diskutert ved forsyning av raffinerte produkt.¹¹⁸ Vest-Tyskland var eit ideelt land å selje Statfjord-oljen til ved alle dei tre framlagte kriteria, spesielt behovet for energi som vert skildra som «...Europas største energiforbruker og sterkt avhengig av andre land på energisektoren».¹¹⁹ I USA sitt tilfelle var transporten langt lengre enn alle dei andre landa, men på grunn av eit høgt importbehovet var USA ein aktuell nasjon å selje oljen til. Eit fjerde land som var av spesiell interesse var Finland. Finland var landet med lågast import av lågsvovelholdig olje, men transporten var relativt kort og landet sitt energibehov vart sterkt knyta opp mot oljeindustrien. Ein viktig grunn var at oljeindustrien i Finland var 100% nasjonalt styrt av selskapet Neste, og var eit selskap Statoil ynskja å samarbeide med.

I marknadsvurderinga for Finland kom det fram at ein utviding av den årlege raffinerikapasiteten til det nasjonale oljeselskapet Neste skulle aukast med 5-7 millionar tonn olje.¹²⁰ Dette tilsa at Neste ville få eit stort behov av importert råolje når utbygginga av raffinerikapasiteten var ferdig. Sidan Statoil hadde selt raffinerte produkt til Neste i 1975 hadde Statoil kjennskap til selskapet frå før. Neste var også interessert i å danne langsiktige avtalar med Statoil kom det fram i dokumentet, noko som forklarar kvifor Finland var av spesiell interesse. Eit samarbeid med selskap som Neste var ei ny retning i diskusjonen til samanlikning med kva som hadde blitt diskutert i januar. I januar hadde det ikkje blitt konkludert noko i spørsmålet om eventuelle samarbeidspartnarar. Gjennom skildringa av Neste hadde dette synspunktet endra seg i mars. Ein avgjersle måtte bli tatt om Statoil enten skulle marknadsføre oljen sjølv eller danne direkte samarbeid med enkelte selskap.¹²¹ Lønnsamheita ved å marknadsføre oljen sjølv vart sett på som liten og samarbeid med selskap som Neste vart sett på som ein betre måte å gå fram på. Dei mest aktuelle typane for oljeselskap som var framlagt i mars var nasjonale oljeselskap og uavhengige selskap, med internasjonale selskap som eit tredje val som var mindre aktuelt.¹²²

Grunngjevinga var at nasjonale selskap vart sett på som typen som Statoil kunne danne langsiktig avsetning ved. Samarbeid med nasjonale oljeselskap var også politisk

¹¹⁸ Ibid. Side 9 (mitt sidetal).

¹¹⁹ Ibid. Side 8 (mitt sidetal).

¹²⁰ Ibid. Side 11(mitt sidetal).

¹²¹ Ibid. Side 4-5.

¹²² Skilnaden på nasjonale og uavhengige selskap var at nasjonale selskap var statseigde eller delar av oljeselskapet var eigd av staten, medan uavhengige ikkje var det.

gunstig sidan oljesamarbeid kunne styrke samarbeidet mellom Noreg og andre nasjonar på andre områder. Uavhengige selskap hadde eit stort behov for råolje og sidan store delar av oljen skulle seljast i denne forma, i alle fall i startfasen, var det gunstig å danne avtalar med denne typen selskap også. Internasjonale selskap vart sett på som ein tredje moglegheit sidan eit samarbeid med desse kunne lede til enkel marknadsføring med andre selskap. Dette var likevel minst gunstig sidan eit samarbeid med slike selskap kunne skade Statoil sin handlefridom av olje. Utifrå dette kunne Statoil sjå på kvart enkelt av dei aktuelle marknadene, finne selskap som var av interesse for Statoil å samarbeide med og danne avtalar med desse selskapa. Dette forklarar kvifor oljeselskap for kvart enkelt marknad er ein sentral del av diskusjonen rundt enkelt marknader, og kvifor nokre nokon av desse selskapa vart sett på som «selskap av spesiell interesse» i avslutningsdiskusjonen for dokumentet.

Sidan Sverige, Vest-Tyskland og USA vart sett på som dei mest aktuelle marknaden saman med Finland var det aktuelt å sjå nærare på kva selskap som var aktuelle for kvart enkelt marknad. I likskap med Finland og Neste hadde Statoil tidlegare hatt handel med Svenske oljeselskap som OK og Nynäs, og saman med Svenska Petroleum vart desse tre oppført som selskap av spesiell interesse for Sverige.¹²³ Ein forsyningsavtale av raffinerte produkt mellom Noreg og Sverige vert diskutert som pågåande, og mogleg råolje sal til OK og Nynäs vart nemnd som ein moglegheit.¹²⁴ Svenska Petroleum vart nemnd i avslutningsdiskusjonen som eit potensielt oljeselskap av interesse, men kva innfallsvinkel Statoil ynskja å gå fram til dette selskapet vert ikkje spesifisert i nokon grad. Det tydeleggjerast at raffinerte produkt skulle vere hovudfokuset ved eit samarbeid med Sverige, medan sal av råolje kunne verte ein moglegheit med tid.

I Vest-Tyskland og USA sitt tilfelle var Statoil sin strategi å selje både raffinerte produkt og råolje. Korleis salet av desse skulle gå føre seg vert ikkje spesifisert i nokon stor grad, og det vert ikkje lagt fram at nokon avtalar hadde blitt diskutert på dåverande tidspunkt med tyske og amerikanske selskap. Til samanlikning med Sverige og Finland verkar marknadsanalysen av Vest-Tyskland meir ut som dokumentasjon på moglege retningar Statoil kunne velje å gå ved sal til Vest-Tyskland. Dokumentasjonen omhandlar i hovudsak to

¹²³ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Markedsføringsplan for Statfjord råolje, 8.3.1977. Side 21 (mitt sidetal).

¹²⁴ Ibid. Side 10 (mitt sidetal).

selskap, Deminex og Aral, som Statoil viste interesse for, og korleis desse selskapa var strukturert i den vest-tysklege oljeindustrien.¹²⁵

Hovudsynspunktet til Statoil var å konsentrere seg rundt Deminex, som var bygd opp av dei fire selskapa Veba, Union Rheinische Braunkohlen Kraftstoff AG, Wintershall og Saarbergwerke.¹²⁶ Av desse var Veba, Wintershall og Saarbergwerke oppført som selskap av spesiell interesse for Statoil i avslutningsdiskusjonen. Veba og Saarbergwerke var oljeselskap kor den vest-tyske stat hadde delar av eigarskapet i selskapa. Wintershall var eit uavhengig selskap styrt av BASF og Union Rheinische Braunkohlen Kraftstoff AG var eit uavhengig selskap eigd av Hoechst og RWE. Av desse var Veba størst med ein raffinerikapasitet på omkring 30 millionar tonn per år og Wintershall 8 millionar tonn per år.¹²⁷ Saarbergwerke sin kapasitet vart ikkje nemnd, og det er tydeleg at Saarbergwerke er det minste av desse selskapa sidan det kun utgjorde 9% av Deminex sin heilheit medan Veba og Wintershall representerte 54% og 18.5%. Til den tyske marknaden vart både råolje og raffinerte produkt sett på som varar Statoil kunne marknadsføre. Veba og Wintershall var selskap som var spesiell ideelle sidan begge var nasjonale selskap med ein stor raffinerikapasitet.

I USA sitt tilfelle var informasjonen som vart lagt fram langt lågare enn dei tre førre landa. Informasjonen handla hovudsakleg om ein tabell over ei rekkje amerikanske oljeselskap som skildra kor stor produksjonen av råolje og raffinerte produkt var for kvart selskap, og kor stor del av produksjonen som vart selt. Dette var i all hovudsak informasjonen som vart framstilt om landet, og det var kun i avslutningsdiskusjonen at USA vart nemnd i større grad. Der vart Ashland, Continental Oil og Sun Oil nemnd som selskap som var av spesiell interesse for Statoil. På grunn av mangelen på informasjon var det uklart kvifor desse vart sett på som selskap av «spesiell interesse». Likevel tilseier det at Statoil hadde ein viss innsikt over selskap som dei såg på som interessante i USA.

Danmark som aktuelt marknad må vidare nemnast innanfor dette temaet. I avsettingsmønsteret frå januar vart Danmark satt på lik linje som Sverige, Vest-Tyskland og Finland, men i mars hadde denne situasjonen endra seg. Danmark var ikkje plassert i det moglege avsettingsmønsteret i mars og representerer den einaste endringa som vart gjort i mønsteret i tida mellom januar og mars. Forklaringa på dette kan finnast i vurderinga av det

¹²⁵ Ibid. Side 13-14 (mitt sidetal).


¹²⁶ Ibid. Side 14 (mitt sidetal)

¹²⁷ Ibid. Side 13 (mitt sidetal).

danske marknadene og i kva selskap som var dominerande i landet. Desse var internasjonale selskap, som hadde ein representasjon i Danmark på 100%.¹²⁸ Internasjonale selskap var av typen selskap som Statoil minst ynskja å samarbeide med, og sidan det ikkje eksisterte nasjonale eller uavhengige oljeselskap i Danmark vart landet mindre ettertrakta frå Statoil sitt synspunkt.

Sjølv om Danmark ikkje lenger vart sett på som like aktuelt som i januar, var framleis Sverige, Finland, Vest-Tyskland og USA moglege marknader. Marknadsføringsavdelinga hadde sidan januar også danna eit bilde over moglege selskap som kunne og var interesserte i å kjøpe oljen frå Statfjord-feltet. Illustrasjon 1 illustrerer kor innsnevra strategien for marknadsføring av råolje og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet hadde blitt den 8.mars 1977.

Illustrasjon 1 – Plan for marknadsføring av olje frå Statfjord-feltet



Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Markedsføringsplan for Statfjord råolje, 8.3.1977. Side 20-21 (mitt sidetal). Illustrert av Stian Paulen, 2019.

Dokumenta frå januar og mars symboliserer den tidlege fasen til Statoil sin tanke kring salet av oljen frå Statfjord-feltet, og vart i hovudsak brukt til å informere administrasjonen i Statoil om kva tankar marknadsføringsavdelinga hadde kring salet av Statfjord-oljen. Fortsettinga av dette arbeidet skjedde den 19.juli 1977, kor det første utkastet av «Statoils avsetningspolitikk for petroleum» vart lagt fram.

¹²⁸ Ibid. Side 12.

4.3 Konklusjon

Avsettingsmønsteret som marknadsføringsavdelinga kom fram til den 3. januar 1977, starta prosessen rundt korleis ein mogleg avsetting frå Statfjord-feltet kunne sjå ut. Mønsteret viste ei rekkje marknader som kunne vere aktuelle, samtidig som ei rekkje problemstillingar kring avsettinga vart skildra og kva løysinga på desse kunne vere. Dette avsettingsmønsteret vart vidareutvikla den 8. mars, kor marknadsføringsavdelinga hadde funnet nokon aktuelle samarbeidspartnarar innanfor dei aktuelle marknadane, samt vidareutvikla problemstillinga som var påbyrja 3. januar. Planlegginga kring strategi utviklinga som gjekk føre tidleg 1977 kan difor oppsummast som fundamentet for den vidare planlegginga. Mykje hadde blitt utvikla i løpet desse tre månadane som ville ha implikasjonar for det vidare arbeidet, spesielt då marknader av spesiell interesse som den vidare planlegginga vart bygd vidare rundt. Det var viktig at planlegginga hadde klart å delt marknadane i to grupper. Spesielt viktig var det også at marknadsføringsavdelinga hadde kome fram til ei målsetting som skulle vere overordna den totale strategien for sal av råolje og raffinerte produkt.

Kapittel 5 –Avsetningspolitikken tek form

Planlegginga av marknadsføringsstrategien for Statfjord-feltet fortsette i andre halvdel av 1977. Utifrå informasjonen og vurderinga som hadde blitt tatt hadde marknadsføringsavdelinga kome fram til ei rekkje aktuelle marknader, samt diskutert i stor grad kva tankar avdelinga hadde kring marknadsføringsspørsmålet. Desse vurderinga og tankane skulle i løpet av sommaren og hausten settast inn i ein større kontekst, og verte ein del av Statoil sin avsetningspolitikk for petroleum.

5.1 Industridepartementet tek kontakt

Marknadsføringsavdelinga sine vurderingar kring utviklinga av ein strategi rundt råolje og raffinerte produkt fram til den 8. mars 1977 viser korleis avdelinga sitt interne arbeid vart gjennomført, og kva tankar avdelinga hadde rundt marknadsføringsspørsmål av Statfjord-oljen. Det var difor viktig at avdelinga sine tankar vart vidareført til Statoil sin leiding og Industridepartementet, og at arbeidet frå mars vart vidareutvikla. Dette skulle skje ved å setje vurderinga av sal råoljen og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet i eit større bilete kor heile petroleumsaktiviteten til Statoil vart vurdert.

Beskjeden om at arbeidet til marknadsføringsavdeling skulle setjast i ein større kontekst skjedde gjennom eit brev frå Industridepartementet til Statoil frå den 20. mai 1977.¹²⁹ Brevet var retta til marknadsføringsavdelinga, og var ein førespurnad om å danne ein utdjuving av avsetningspolitikken som marknadsføringsavdelinga hadde jobba med fram til dette tidspunktet. Departementet sin førespurnad vart svart på frå Statoil, og eit nytt brev frå den 31. mai kommenterer korleis Industridepartementet såg føre seg at det vidare arbeidet rundt avsetningspolitikken skulle skje. Industridepartementet ville at vurderingane som marknadsføringsavdelinga hadde tatt skulle systematiserast og setjast saman i ein rapport som tok føre seg både olje og gass. Tanken var at denne rapporten skulle utarbeidast i løpet av juni, og at den skulle leggje grunnlaget for ein meir omfattande og detaljert rapport etter sommarferien.

Industridepartementet sin kontakt med Statoil markerer at departementet ville ha større innblikk i Statoil sine planar kring avsetningsspørsmålet, samt kome med sine synspunkt. Eit

¹²⁹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Brev frå Industridepartementet: Kontinentalsokkelen. Statoils avsetningspolitikk, 31.5.1977. (I brevet vart Øystein Noreng, Erik Schanche og ein BS(finner ikkje ut kven dette er) nemnd som industridepartementet sin referanse frå Statoil)

samarbeid mellom Statoil sin marknadsføringsavdeling og Industridepartementet hadde alt blitt diskutert i stortingsmelding 21 i Statoil sine planar for 1977. Beskjeden om at Industridepartementet ville ha ein større deltaking kring avsettingsspørsmålet burde difor ikkje vore overraskande for marknadsføringsavdelinga.¹³⁰ Samarbeidet skulle vere langsiktig, og i den vidare utarbeidinga av avsettingspolitikken skulle Industridepartementet sine synspunkt saman med vurderingane som marknadsføringsavdelinga gjorde utgjere innhaldet og strategien for avsettingspolitikken. Industridepartementet sin deltaking ville difor auke mot hausten 1977 og i tida etter kor ein langsiktig avsettingspolitikk vart lagt fram.

Eit formelt svar på brevet frå Industridepartementet har ikkje blitt funnet i granskinga av kjelder, men eit brev frå Øystein Noreng til Erik Schanche, marknadsføringsavdelinga sin leiar, skildrar korleis brevet vart mottatt.¹³¹ I brevet foreslår Noreng at Industridepartementet sine førespurnadar vart følgt, og at ein førebuande rapport om avsettingspolitikken skulle leggjast fram til Industridepartementet i juni. Vidare kommenterte Noreng at ein meir omfattande rapport skulle presenterast i september kor Industridepartementet sine reaksjonar var satt saman med marknadsføringsavdelinga sin rapport frå juni. Schanche sitt svar på Noreng sin reaksjon er uviss, men Norengs reaksjon på brevet tilseier at avdelinga følgde Industridepartementet sin førespurnad slik som departementet ynskja.

Utifrå Noreng sin reaksjon på førespurnaden til Industridepartementet ville eit samarbeid mellom departementet og marknadsføringsavdelinga skje, og dermed også endre Statoil sitt arbeid rundt avsettingspolitikken. Fram til dette tidspunktet hadde Statoil sin marknadsføringsavdeling gjort planlegginga utan betraktning til verken Industridepartementet eller andre delar av den norske stat sine tankar rundt avsettingspolitikken. Sjølvstendigheita Statoil hadde hatt skulle no fjernast, og marknadsføringsavdelinga skulle jamleg rapportere til Industridepartementet. Kvifor Industridepartementet valde å ta kontakt akkurat på dette tidspunktet vert ikkje skildra, men planane for Statfjord utbygginga hadde lagt til rette at plattformen til Statfjord A skulle uttauast den 3. mai 1977.¹³² Då dette fann stad markerte det at produksjonsstarten ved feltet kom til å verte eit faktum, og for Industridepartementet var det difor truleg viktig å få ein orientering om framgangen om korleis planlegginga av strategien

¹³⁰ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1977. Årsberetning og regnskap 1975. Melding om virksomheten 1. halvår 1976», St. meld. nr. 21, 1976. Side 52.

¹³¹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Brev frå Øystein Noreng til Erik Schanche: Utredning om avsetningspolitikk - Henvendelse fra Industridepartementet, 31.5.1977.

¹³² Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 392-393

for avsettinga hadde blitt gjort på dette tidspunktet. Desse breva representerer difor eit skilje frå det gamle til det nye, kor Industridepartementet sine synspunkt skulle vere deltakande i forminga av den vidare strategien i avsetningspolitikken.

5.2 «Avsetningspolitikk for petroleum»

Som respons på Industridepartementet sin førespurnad la marknadsføringsavdelinga fram ein relativ kort oppsummering av si planlegging den 21. juni 1977. Dokumentet var på omkring 15 sider og omhandla i store delar den tidlegare planlegginga som hadde blitt gjort rundt avsetningsspørsmålet.¹³³ Dette var ein forgjengar av arbeidet som skulle kome i løpet av 1977 og delane som ikkje tidlegare hadde blitt diskuterte vart diskutert i større grad når den komplette rapporten av avsetningspolitikken vart lagt fram. Det første utkastet av denne rapporten vart gitt ut den 19. juli 1977 og vart kalla for «Statoils avsetningspolitikk for petroleum».

Dokumentet frå juli var ein samansetting av store delar av marknadsføringsavdelinga sine tidlegare vurderingar, samt nye vurderingar som hadde blitt gjort i tida mellom mars og juli. Desse var systematisk satt saman for å gje ei oversikt over Statoil sin komplette petroleumsaktivitet. Dette tyda at det ikkje lenger kun var råolje og raffinerte produkt som vart diskutert, men òg for eksempel naturgass.¹³⁴ Hovudfokuset i dokumentet var kring Statfjord, men også petroleumsaktivitet ved andre felt som Frigg, Valhall, Murchison og Ekofisk vart tatt med i vurderinga av avsetningspolitikken.

Innleiinga av dokumentet tok føre seg Statoil sin erfaringskunnskap, og kva som hadde skjedd internt i selskapet sidan det vart oppretta i 1972. Informasjonen som vart framlagt omhandla Statoil i sin heilheit, så Statfjord-feltet vart nemnd i liten grad og fokuset for marknadsføring var sentralisert kring Statoil sin informasjonsoppbygging for heile selskapet. Statfjord som eit spesifikt eksempel vart kun tatt opp i ein del av innleiinga som omhandla transport av petroleum. I dette delkapittelet vart tankane om transporten av oljen frå Statfjord-feltet skildra, og kva Statoil sine langsiktige planar for transporten frå Statfjord-oljen skulle vere.¹³⁵ Informasjonen som vart lagt fram var at den framleis skulle skje ved

¹³³ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk, Svar på Industridepartementet sin forespørsel, 21.6.1977.

¹³⁴ Det bør nemnast at våtgass og petrokjemi ikkje vart diskutert som eigne punkt i dette utkastet, og at dette fann stad i diskusjonen avsetningspolitikken av petroleum i seinare utkast.

¹³⁵ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I -19.7.77. Kapittel 1 – Side 7.

bøyelasting, og at Statoil hadde hatt ei rekkje oppgåver rundt utforminga av denne planlegginga. Resultatet var at to tankskip skulle stå for transporten i oppstartsfasen til Statfjord-feltet, og at det frå og med 1983 var forventa at fem skip ville krevjast for at ein jamn transport frå feltet skulle skje. Dette skulle skje i regi av det nye oppretta transportselskapet K/S Statfjord Transport A.S & Co. som hadde blitt oppretta av Statoil/Mobil-gruppa.¹³⁶ Ein plan for transporten etter produksjonsstart ved feltet hadde ikkje på eit tidlegare tidspunkt blitt lagt fram, noko som viser at ein langsiktig plan for transporten hadde blitt sett saman i tida mellom mars og juli. Dette viser også at Statoil hadde ei viss innsikt i kva mengder olje ein kunne forvente seg, og mengda ville auke utover 1980-tallet sidan det vart sett på som nødvendig å setje inn fleire skip. Moglegheita for at ein røyrleidning kunne erstatte transportsystemet ved bøyelasting vart mellom anna diskutert i stortingsmeldinga frå tidlegare år, men det var usikkert kva dei langsiktige planane for transporten ved Statfjord ville vere.¹³⁷ I 1979 vart det vedtatt av Statoil/Mobil-gruppa at bøyelasting skulle vere den permanente løysinga for transport av olje ved Statfjord-feltet.¹³⁸

I tillegg til transport, var avgiftsoljen frå Ekofisk eit viktig punkt i samanheng med Statfjord-oljen. Statoil hadde hatt ansvar for marknadsføringa av avgiftsoljen frå Ekofisk sidan 1974.¹³⁹ I tida fram til 1977 hadde Statoil danna ei oversikt over aktuelle marknader og danna kontakt med ei rekkje kjøparar i andre oljeselskap, tradingselskap og andre kjøparar av avgiftsoljen.¹⁴⁰ Salet av avgiftsoljen hadde skjedd gjennom både raffinerte produkt og råolje, noko som vart kommentert som «I praksis har det vist seg å være en betydelig fordel å være eksportør av råolje samtidig som man forsyner det internasjonale marknad med raffinerte produkt.»¹⁴¹ Dette var ei erfaring som marknadsføringsavdelinga hadde tatt til seg. I 1976 var planen at sal frå Statfjord-feltet skulle skje i form av sal av råolje, og i 1977 endra dette seg i dokumenta frå januar og mars. Då ynskja marknadsføringsavdelinga ei fordeling mellom

¹³⁶ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1978. Årsberetning og regnskap 1976. Melding om virksomheten 1. halvår 1977», St. meld. nr. 33, 1977. Side 13.

¹³⁷ Diskusjonen om ein permanent oljerøyrleidning vart i likskap som tidlegare år diskutert i St.meld. nr. 33 kring Statoils melding om verksamheita i 1977.

¹³⁸ Olje- og energidepartementet, «Ilandføring av olje fra Statfjordfeltet og status for en samlerørledning for gass», St. meld. nr. 58.1979. Side 19.

¹³⁹ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1977. Årsberetning og regnskap 1975. Melding om virksomheten 1. halvår 1976», St. meld. nr. 21, 1976. Side 17-18.

¹⁴⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I -19.7.77. Kapittel 1 – Side 7.

¹⁴¹ Ibid. Kapittel 1 – Side 4.

raffinerte produkt og råolje. Sidan ei fordeling vart sett på som «en betydelig fordel» for Ekofisk ville det også vere det for Statfjord-feltet. For eksempel ville dette vere sentralt for Statoil sin handlefridom sidan det tyda at selskapet ikkje var låst til å selje kun eit produkt. Denne erfaringa bidrog difor til å legitimere valet om at salet frå Statfjord-feltet skulle fordelast mellom råolje og raffinerte produkt.

Gjennom salet av avgiftsoljen frå Ekofisk hadde Statoil danna kontakt med kjøparar som var interesserte i både råolje og raffinerte produkt. Store delar av avgiftsoljen vart raffinert ved Mongstad, medan omkring 294 tusen tonn vart selt i form av råolje i 1976.¹⁴² Første utkastet frå juli gir eit innblikk i kven nokre av kjøparane av råoljen frå Ekofisk var. Selskapa som vart nemnd var Veba, Neste og Ashland Oil Company.¹⁴³ Desse tre selskap vart i mars sett på som selskap av spesielle interesse for Vest-Tyskland, Finland og USA (sjå illustrasjon 1). At Statoil hadde danna avtalar med desse ved sal av Ekofisk-råolje forklarar kvifor desse vart sett på som selskap av spesiell interesse. Statoil hadde alt danna kontakt og danna avtalar med desse selskapa, noko som forenkla marknadsføringa av Statfjord-oljen. Sidan Veba, Neste og Ashland Oil Company var interessert i å kjøpe olje frå Ekofisk, var sjansen stor for at dei var interessert i oljen frå Statfjord. Dette forklarar kvifor desse selskapa var av spesiell interesse i mars, og kvifor avtalane av avgiftsoljen frå Ekofisk var viktig for marknadsføringsspørsmålet av Statfjord-oljen.

Etter erfaringsbakgrunnskapittelet fortsette dokumentet å vurdere ulike tidsaspekt som Statoil såg på som viktige i avsetningspolitikken. Desse vart delt inn i tre deler, vist i tabell 6.

Tabell 6 – Tidsplanar for avsetningspolitikken.

Kortsiktlege planar	1-3 år (fram til ca. 1980)
Mellomsiktlege planar	3-10 år (perioden 1980-1990)
Langtidsiktlege planar	Lengre enn 10 år (etter 1990)

Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I - 19.7.77. Kapittel 2 – Side 1

¹⁴² Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1977. Årsberetning og regnskap 1975. Melding om virksomheten 1. halvår 1976», St. meld. nr. 21, 1976. Side 18.

¹⁴³ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I - 19.7.77. Kapittel 1 – Side 4.

Dei tre planane som Statoil la fram tok følge for at mengda petroleum selskapet produserte ville auke gradvis etter 1980 og utover 1990-tallet. For Statoil var det difor viktig å skape ei oversikt over desse aukingane av petroleum, og kor stor auken ville vere i åra etter 1980.¹⁴⁴ Vurderinga som vart lagt fram var at innteninga til Statoil var knyta til om produksjonsnivået av olje og gass vart høgt eller lågt. Ved eit lågt produksjonsnivå ville innteninga vere horisontal fram til slutten av 1980-tallet for så å stige i 1990 sidan tilgangen til gass auka. Eit høgt produksjonsnivå tyda at Statoil ville ha ein jamn vekst av innteninga for heile perioden. I vurderinga av dei tre tidsplanane vart Statfjord sett på som ein av Statoil viktigaste inntektskjelder.

For dei kortsiktige planane ville avgiftsoljen frå felt som Ekofisk framleis vere hovudinnteningskjelda i avsettinga av petroleum. Statfjord sin produksjonsstart var framleis satt til å starte ved årskiftet 1978 og 1979, så inntekta frå Statfjord ville skje mot slutten av denne perioden. Likevel vart det fastslått at Statfjord sin del av innteninga ville vere på omkring to millionar tonn råolje i 1980 målt i oljeekvivalent.¹⁴⁵ Statfjord-oljen ville difor vere ein del avsettinga, men ikkje vere den viktigaste.

I dei mellomstiklege planane for 1980-1990 var Statfjord ein langt viktigare del for Statoil sin petroleumstilgang. Statoil tok høgde for at Statfjord ville vere på platånivå ved slutten av perioden og Statfjord-feltet sin petroleumsaktivitet ville stå for omkring 60 prosent av Statoil sin totale petroleumstilgang.¹⁴⁶ Petroleumstilgangen ved Statfjord var enorm, og størrelsen i samheng med Statoil totale petroleumstilgang viste kor viktig feltet var for Statoil sin avsetting. Planlegginga og ein godt utretta strategi for denne perioden var difor viktig å opprette. Statfjord-feltet i den langsiktige planen for perioden etter 1990 var meir uklar enn dei førre planane. Oljen ville framleis vere ein viktig del av Statoil sin petroleumstilgang, men det vart lagt føre at gass, spesifikt naturgass, ville auke i denne perioden. Størrelsen på denne auken var framleis uklar, så framlegget av dei langsiktige planane var ikkje like fastslått som dei to tidlegare periodane. Statfjord ville framleis

¹⁴⁴ Ibid. Kapittel 2 – Side 2.

¹⁴⁵ Ibid. Kapittel 2 – Side 3 + Hofstad, «Oljeekvivalent», Oljeekvivalent er ein energieining som skildrar kor mykje energi som vert frigjort ved forbrenning av råolje. To millionar tonn råolje ville i denne samanhengen tyde energien som vart frigjort frå råoljen, og ikkje kor mykje råolje som vart produsert ved feltet.

¹⁴⁶ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I - 19.7.77. Kapittel 2 – Side 3.

produsere olje for denne perioden, men dersom gassen viste seg å vere meir lukrativ ville den ta over oljen sin rolle i Statoil sin petroleumsaktivitet.

5.2.1 – Nedstraumsaktivitet

I diskusjonen av dokumentet frå mars var avsettingsstrategi og Statoil sin mest mogleg faste inntening i samanheng med avsettingsstrategien sett på som hovudproblemstillinga til selskapet. I juli var hovudproblemstillinga framleis viktig, men den vert ikkje spesifisert i like stor grad som den vart i mars. Statoil var heller opptatt av at ein konkret strategi av råolje skulle opprettast, og korleis ein nedstraumsplan med ulike nedstraumsaktivitetar kunne sjå ut. Nedstraumsaktivitet må sjåast i samanheng med oppstraums- og midtstraumaktivitet. Oppstraums-delen består av utforsking av moglege oljefelt, og produksjonen ved desse felta.¹⁴⁷ Midtstraum tek føre seg lagring og transport av enten olje, gass eller andre produkt innanfor oljeindustrien til raffineri eller lagringsstadar. Nedstraumsaktiviteten avsluttar dei førre to ved distribusjon av den transporterte oljen i form av marknadsføring, raffinering og sal til kundar. Dersom eit oljeselskap følgjer desse tre stega vil oljeselskapet verte sett på som eit integrert oljeselskap.

At Noreg skulle ha eit integrert norsk oljeselskap hadde blitt diskutert til og med før Statoil vart skipa i 1972. I 1970/71 var planen at Noreg skulle ha eit «...integrert oljemiljø med såvel nasjonalt som internasjonalt siktepunkt».¹⁴⁸ Dette skulle skje i form av opprettinga av eit statleg oljeselskap gjennom nasjonal styring. I *Norsk oljevirkosomhet mellom det nasjonale og det internasjonale* kommentera Helge Ryggvik til at Arve Johnsen «...hadde en klar formening om at statsoljeselskapet så fort som mulig skulle utvikle seg til et operativt og integrert oljeselskap».¹⁴⁹ At Statoil skulle verte eit integrert norsk oljeselskap var difor eit spørsmål om tid. Fram til juli 1977 hadde Statoil nesten innfridd dette målet, kor både oppstraums- og midtstraumsaktiviteten hadde blitt utført eller var nær ei ferdigstilling. Kun nedstraums-delen måtte innfriast før selskapet kunne kalle seg eit integrert norsk oljeselskap. Dette viser kvifor planlegginga av nedstraumsaktiviteten var så viktig i dokumentet frå juli 1977, sidan dette var delen som vart diskutert mest i dokumentet.

¹⁴⁷ Yergin, *The Prize – The Epic Quest for Oil, Money & Power*. Side 781.

¹⁴⁸ Industridepartementet «Innstilling fra den forsterkede industikomité om undersøkelse etter og utvinning av undersjøisk naturforekomster på den norske kontinentalsokkel m.m», Innst. S. nr. 294, 1970-71. Side 638 + Hanisch og Nerheim *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 170.

¹⁴⁹ Ryggvik. *Norsk oljevirkosomhet mellom det nasjonale og det internasjonale*. Side 173.

I dokumentet frå juli hadde marknadsføringsavdelinga kome fram til fem ulike nedstraumsalternativ for sal av råolje, vist i tabell 7, som var sentrale for salet av Statfjord-oljen og Statoil sin framtidige petroleumaktivitet. Desse vart bedømd kronologisk etter kva Statoil såg på som enklast, med høgast inntening og med lågast mogleg kostnad.

Tabell 7 – Ulike nedstraumsalternativ

1.	Sal av råolje «Free on board» frå produksjonsstaden. ¹⁵⁰
2.	Sal av råolje til raffineri gjennom ein «cost, insurance, freight» avtalar. ¹⁵¹
3.	Eigen raffinering kor produkta blir selt i bulk
4.	Eigen raffinering kor produkta blir selt gjennom detaljert sal
5.	Vidareforedling og sal av petrokjemiske produkt.

Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I -19.7.77. Kapittel 3 – Side 1

I diskusjonen kring dei ulike nedstraumsalternativa vart alternativ éin sett på som enklast og billigast med tanke på kostnader for Statoil. Alternativ to var likt alternativ éin, med unntak av at Statoil ville ta på seg kostnadar knyta forsikring og andre liknande omkostningar ved dette alternativet. I begge alternativna var Statoil ansvarleg for transporten av oljen frå Statfjordfeltet, samt kostnadane som var knyta til frakta av råoljen. Kortsiktig var alternativ éin det mest aktuelle nedstraumsalternativet sidan det sikra ein rask og høg mogleg inntening for Statfjord-råoljen.¹⁵² Sidan alternativ to kravde eit visst kapitalnivå i form av omkostningar og forsikring var dette alternativet sett på som mindre gunstig enn alternativ éin. Denne avgjersla vart tatt i betraktning av oljekrisa frå 1973/74, som hadde skapt ein ubalanse mellom import av raffinerte produkt og råolje. I samanheng med tidlegare dokumentasjon hadde dei aktuelle marknadane for Statfjord-oljen stor overkapasitet ved sine raffineri, og behovet av råolje var

¹⁵⁰ Brækhus, «FOB», «Free on board» vil seie at seljaren har ansvar for fraktkostnader og at varen som seljast vert levert til hamna som skal ta imot varen.

¹⁵¹ Anderssen, «CIF», Ved «cost, insurance, freight» avtalar er seljaren ansvarleg for fraktutgifter, forsikring av varen og andre omkostningane fram til varen er levert til avtalt mottakspunkt.

¹⁵² DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I -19.7.77. Kapittel 3 – Side 2-3.

langt større enn raffinerte produkt for dei fleste land som ville importere olje frå Statfjord. For Statoil tyda dette at det ville vere ulønnsamt å plassere store mengder råolje til produksjonen av raffinerte produkt i oppstartfasen til Statfjord. Initiativet til utbygginga av bøyelasting ved feltet, og at to frakteskip var tilgjengeleg for Statoil å bruke for å frakte oljen frå Statfjordfeltet tilseier at alternativ éin og to over lengre tid hadde vore hovudinnfallvinkelen kring nedstraumsiniativet til Statoil.

Dei to første alternative vart spesielt satt i samanheng med oppstartsfasen, men kva med tida etter? Dei resterande alternativa kunne vise seg å vere meir gunstige i denne perioden. Dersom det for eksempel vart ein balanse mellom prisen på raffinerte produkt og råolje ville det vere gunstig å ha ei spreining i nedstraumsaktiviteten, altså ei fordeling mellom sal av raffinerte produkt og råolje. Statoil hadde alt tatt denne slutninga i mars, og at det ville vere sikrare for den langsiktige innteninga å satse på både raffinerte produkt og råolje. Frakteskipa kunne også brukast for desse alternativa hovudsakleg til å frakte råolje til Statoil sine egne raffineri, men også til utanlandske raffineri. Tilgangen til raffineri var difor viktig for den langsiktige innteninga.

Situasjonen ved Mongstad var framleis usikker i denne perioden, og det delte eigarskapet i Norsk olje A.S/Norol mellom Statoil, Norsk Hydro, Saga og Norske OK låste Statoil i ein situasjon som ikkje var gunstig. Den norske stat såg på Norsk olje A.S. som eit distribusjonsselskap som skulle fungere for alle selskapa.¹⁵³ For den norske stat var dette ein ordning som var lønnsam, men utifrå marknadsføringsavdelinga sine planar var dette eit stort hinder. Avdelinga såg føre seg at salet Statoil med tid skulle skje ved vertikal integrasjon, noko som medførte at Statoil ville ha kontroll over ulike ledd av distribusjonen av oljen.¹⁵⁴ Dette for å sikre at Statoil hadde mest mogleg kontroll av sal av oljen, både i form av råolje og raffinerte produkt, samt større innflyting på avgjersler dersom prisendringar skulle inntreffe. Raffinering ville vere eit viktig ledd i Statoil sin distribusjon, men Norsk olje A.S. sin inndeling mellom fleire selskap gjorde at vertikal integrasjon var vanskelegare å få sett i gang frå Statoil sin side.

¹⁵³ Ryggvik. *Norsk oljevirkosomhet mellom det nasjonale og det internasjonale*. Side 185.

¹⁵⁴ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I -19.7.77. Kapittel 3 – Side 3 + Stoltz «Vertikal integrasjon».

I tillegg var kapasiteten ved Mongstad framleis uklar sidan ein mogleg utviding av raffineriet hadde blitt diskutert, men ikkje avgjort.¹⁵⁵ Dersom prisane på råolje og raffinerte produkt balanserte seg ville Statoil ha ytterlegare behov enn Mongstad dersom utvidinga ikkje fann stad for høgast mogleg inntening. Ingen planlegging kring dette vart lagt fram i utkastet frå juli 1977, noko som representerer eit svakt ledd i den langsiktige avsettingspolitikken for Statoil. Det forklarar også kvifor sal av råolje vart sett på som meir gunstig enn raffinerte produkt. Statoil hadde i stor grad ikkje kapasitet ved eigne raffineri til å selje raffinerte produkt.

I mars hadde moglegheita for leige av raffineri blitt nemnd som ei mogleg løysing, men dette var ei kostbar løysing som Statoil hadde prøvd ut gjennom leigeraffinering frå Shell sitt raffineri ved Sola gjennom raffinering av olje frå Ekofisk.¹⁵⁶ Samstundes vart det slått fast at råolje var meir lønnsamt, i alle fall i oppstartfasen. Likevel vart det i utkastet frå juli konstatert at ein plan for raffinerte produkt måtte utrettast. Løysinga som vart lagt fram var framleis gjennom leigeavtalar, spesifikt gjennom langvarige deltakingsavtalar med andre oljeselskap.¹⁵⁷ Statoil ville gjennom slike avtalar selje råoljen til eit partnarselskap, kor delar av den selte råoljen var raffinerte på Statoils rekning. Salet av den raffinerte oljen ville også skje gjennom partnarselskapa, og Statoil ville dermed kunne ta nytte av andre oljeselskap sin nedstraumsdistribusjon. For Statoil var dette ei kostbar løysing kring raffineriproblemet, men sidan det ikkje vart lagt fram andre moglege løysingar måtte avtalar med andre selskap inngåast dersom Statoil skulle ha moglegheit å selje større mengder raffinerte produkt.

Denne løysinga hadde både negative og positive sider. Frå eit synspunkt vart Statoil tvunge til å knyte seg til samarbeid med andre oljeselskap over lengre tid. Dette kunne vise seg å vere ugunstig dersom samarbeidet ikkje fungerte godt. Det positive sidene med denne typen avtale var at raffineriproblemet Statoil stod ovanfor løyste seg. Samstundes trengte ikkje Statoil å bruke store ressursar på å utvikle ein nedstraumsstrategi sidan partnarselskapa sitt distribusjonssystem skulle stå for salet. I tillegg satt Statoil med mykje makt ved ein slik avtale. Som leverandør av råolje var Statoil det første og viktigaste leddet for at sal av

¹⁵⁵ Utvidinga av Mongstad ville ikkje finne stad før i 1989, og det er uklart kor mykje informasjon marknadsføringsavdelinga hadde kring dette i 1977 sidan ei mogleg utvidinga hadde blitt nemnd i mars.

¹⁵⁶ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Problemstillinger ved avsetning av råolje og raffinerte produkter, 8.9.1978. Side 3.

¹⁵⁷ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I - 19.7.77. Kapittel 3 – Side 16-17 (mitt sidetal).

raffinerte produkt skulle vere mogleg, noko som medførte at Statoil ville ha stor innflyting på korleis ein avtale skulle sjå ut. På grunn av Europa sin store overkapasitet ved raffineria hadde Statoil mange valmoglegheiter når det kom til samarbeidspartnarar. Statoil hadde dermed høg handlefridom dersom deltakingsavtalar skulle vise seg å vere eit viktig nedstraumsalternativ. Ein siste positiv følge ved denne typen avtale var at Statoil i sikker grad ville ha moglegheit til å selje råolje.

Det femte nedstraumsalternativet omhandla vidare foredling av råoljen og sal av petrokjemiske produkt. Dette alternativet vart sett på som minst gunstig på grunn av ein planlegginga av eit slikt produkt i liten grad hadde blitt diskutert på dåverande tidspunkt.¹⁵⁸ Statoil argumenterte difor for at dersom dette skulle vise seg å vere eit lønnsamt alternativ så ville produksjonen av dette produktet ikkje skje gjennom Statoil, men eit eksternt selskap. Om Statfjord-råoljen var aktuell for dette alternativet vart ikkje diskutert, men det var diskutert at det var ein moglegheit for at dette alternativet kunne vise seg å vere meir lønnsamt enn sal av råolje og raffinerte produkt med tid.

5.2.2 – Val av marknader og avtaleformar

I diskusjonen kring nedstraumsalternativ vart det vurdert at råolje kom til å verte hovudinntektskjelda frå Statfjord i oppstartsfasen. I likskap med dokumentet frå mars vart Vest-Europa, Skandinavia og USA sett på som dei mest aktuelle marknadane for Statfjord-oljen. Innanfor spesielt Vest-Europa og USA var overkapasitet eit tema som hadde blitt diskutert gjennom heile prosessen som marknadsføringsavdelinga hadde gjort, og framleis var dette eit område som Statoil kunne utnytta i sal av råolje. Informasjonen som vart lagt fram kring desse to områda var i store delar lik den som hadde blitt lagt fram i mars, med unntak av eit punkt som omhandla Vest- Europa. Sjølv om området hadde ein høg overkapasitet var det framleis planlagt ei utbygging av ny kapasitet som skulle bytte ut utdaterte raffineri.¹⁵⁹ Desse nye raffineria ville utifrå marknadsføringsavdelinga sin skildring endre produksjonen til lettare produkt som bensin. For marknadsføringsavdelinga var dette ein god nyheit sidan det skapte nye områder kor ein kunne marknadsføre lågsvoelholdig olje. I tillegg var det ein indikasjon på at overkapasiteten i Vest-Europa ville halde fram.

Saman med marknadsføringsavdelinga sitt syn på overkapasitet var nokre av kriteria for val av marknader lik den som hadde blitt diskutert i mars. Energibehov i form av olje og

¹⁵⁸ Ibid. Kapittel 3 – Side 2.

¹⁵⁹ Ibid. Kapittel 3 – Side 8 (mitt sidetal).

transportkostnader vart igjen diskutert som faktorar som spelte inn i valet av marknader.¹⁶⁰ Aktuelle kundar av Statfjord-oljen var i likskap med dokumentet frå mars diskutert som dei tre typande oljeselskap: nasjonale, uavhengige og internasjonale oljeselskap. I mars var tanken at Statoil i hovudsak skulle selje olje frå Statfjord til nasjonale og uavhengige selskap til fordel for internasjonale. I juli hadde denne vurderinga endra seg, og alle tre vart sett på som aktuelle i like stor grad. Forklaringa på denne endringa må sjåast i samanheng med endringar som hadde blitt gjort i dokumentet frå juli. Ei rekkje kriterium som Statoil måtte vurdere i sitt val av kundar skulle no avgjere kven som moglege kjøpar av Statfjord-oljen. I tillegg hadde vurderinga av samarbeidspartnarar blitt satt saman med valet av kundar. Diskusjonen involverte difor to synspunkt, val av kundar og val av samarbeidspartnarar.

Kriteria som Statoil skulle vurdere bestod av fire punkt som tok føre seg korleis andre oljeselskap vart sett frå Statoil sitt synspunkt. Strukturen til selskapet, korleis selskapet var posisjonert i marknaden, kva behov og tilgang selskapet hadde til råolje og raffinerte produkt og kva økonomisk stilling selskapet var i, var kriteria som Statoil tok stilling til.¹⁶¹ Tanken rundt oppbygginga av desse kriteria var at Statoil ynskja eit langvarig sal. Strukturen til selskapet var difor viktig sidan svake delar av strukturen kunne vere ugunstig for Statoil sin inntening. Moglegheit til ta i mot oljen, lagre den, raffinering og vidare sal var nokre punkt som ville hamne innanfor dette kriteriet. Dersom for eksempel lagringledet ikkje var stort nok ville dette setje ein stoppar for kor mykje olje Statoil kunne selje, og det ville difor vere ugunstig å velje eit selskap som var i ein slik situasjon.

Selskapet sin posisjon i marknaden var også viktig sidan det ville vere mest gunstig for Statoil å selje til eit selskap som alt var etablert som ein legitim seljar av olje. Dette var både på grunn av kvalitetssikring, men også at Statoil kunne ta nytte av den etablerte distribusjonen selskapet hadde.¹⁶² Statoil kunne ta nytte av indirekte marknadsføring utan å sjølv bruke ressursar på marknadsføre Statfjord-oljen. Dette var ved at store integrerte selskap selte Statfjord-oljen som raffinerte produkt med høg kvalitet, og at den dermed vart sett på som meir ettertrakta. Andre selskap kunne dermed vidare få interesse av å kjøpe Statfjord-oljen. Dette forklarar kvifor internasjonale selskap no vart sett på som meir gunstige enn i mars,

¹⁶⁰ Ibid. Kapittel 3 – Side 13 (mitt sidetal).

¹⁶¹ Ibid. Kapittel 3 – Side 19-20 (mitt sidetal).

¹⁶² Ibid. Kapittel 3 – Side 19 (mitt sidetal).

sidan denne typen selskap hadde etablert seg som selskap som Statoil kunne ta nytte av ved sidan av å selje råolje.

I tillegg måtte Statoil vurdere selskapa utifrå behov og tidlegare tilgang av råolje og raffinerte produkt. Kring Statoil sitt ynskje om langvarig sal var konkurranse eit viktig synspunkt å sjå på. Dersom eit selskap for eksempel importerte store mengder råolje frå ein seljar frå OPEC kunne oljen frå Statfjord konkurrere ut denne leverandøren. Dette som følgje av argumenta frå mars om at Nordsjøen var eit politisk stabilt område, og at transporten var langt lågare til for eksempel den europeiske marknaden enn frå OPEC-medlemsland. Betalingsdyktigheit var det siste kriteriet, og vurderte i hovudsak at selskap av interesse måtte ha dokumentasjon på nok kapital og finansiell styrke før ein avtale med Statoil kunne starte. Utifrå desse kriteria skulle Statoil avgjere om ulike oljeselskap var gunstige for sal av mellom anna Statfjord-oljen. Dersom kriteria var møtt var neste steg å danne avtalar.

I likskap med dokumentet frå mars vart kort- og langvarige avtalar saman med sal på «spotmarkedet» sett på som moglege avtaleformar ved sal av olje. I tillegg vart langsiktige deltakingsavtalar og tilbakeføringssal til konsesjonspartnarar sett på som moglege avtaleformar.¹⁶³ Deltakingsavtalar var, som nemnd tidlegare, hovudsakleg ei løysing for å løyse Statoil sin mangel på eigne raffineri, medan tilbakeføringssalet bestod av å tildele partar som hadde eigarskap Statfjord-feltet sin del av oljen som vart utvinna. Moglegheita for å bytte råoljen frå Nordsjøen mot andre typar råolje var også ein moglegheit. Dette var på basis av at lågsvovelholdig olje gav ein høgare marknadspris enn mellom- og høgsvovelholdig olje som var noko det norske marknaden kunne utnytte sidan Noreg ikkje eit høgt forbruket av lågsvovelolje (sjå tabell 3). Dette kunne endre seg dersom det norske marknaden satt krav til forbruk av mellom- og høgsvovelholdig olje, og dermed ville bytte av råoljekvalitetar verte mindre ettertrakta.

Dei tre tidlegare avtaleformene vart ikkje endra i noko vesentleg grad, med unntak av synspunkt rundt sal på «spotmarkedet» I avsettingsmønsteret frå januar og mars vart det lagt fram at omkring 10-15 prosent av salet frå Statfjord-feltet skulle skje gjennom sal på «spotmarkedet» (sjå tabell 4), men i juli anslo Statoil at det ville vere meir gunstig dersom sal på «spotmarkedet» var lågare enn forutsetninga frå januar og mars.¹⁶⁴ Grunngevinga var at

¹⁶³ Ibid. Kapittel 3 – Side 21 (mitt sidetal).

¹⁶⁴ Ibid. Kapittel 3 - Side 21 (mitt sidetal) + Ibid. Kapittel 7 – Side 3 (mitt sidetal).

det var usikkert kor lønnsamt det ville vere å satse så stort på denne typen avtaleform, sidan kortsiktige og langsiktige avtalar ville gje ei lengre inntening. Svingingar i marknaden var også noko som var usikkert, og dersom den generelle prisen på råolje sank ville sal på «spotmarkedet» vere uøkonomisk for Statoil. Endringa av tanken kring «spotmarkedet» påpeika at Statoil ynskja å danne avtalar framfor å berre selje oljen. Varig sal var difor viktigare enn ein rask inntening. Endringa tyda også at forslaget av avsettingsmønsteret frå mars ikkje lenger var gjeldande, og at eit nytt forslag måtte leggest fram. Tildelinga av olje til dei aktuelle marknadene vart også større, og ei ny vurdering av kvart enkelt marknad hadde difor blitt gjort.

5.2.3 – Aktuelle marknader

Vurderinga av kva land utanfor Noreg som ville vere av interesse for Statoil var den same som hadde blitt lagt fram i mars, og for kvart enkelt land var det lagt fram ein meir utdjupande vurderinga enn kva som hadde blitt gjort i mars. Marknadane bestod av dei skandinaviske landa: Sverige, Danmark, Finland. For Vest-Europa var Vest-Tyskland, Nederland, Belgia og Frankrike gunstige marknader, og i områdar utanfor Europa var USA sett på som aktuelt.¹⁶⁵

For dei tre skandinaviske landa var vurderinga frå juli svært lik vurderinga som hadde blitt gjort i mars, og det var kun mindre delar av vurderinga som hadde blitt endra. I Sverige vart det framleis lagt høgde for at sal av olje frå Statfjord-feltet ville gunstig. Raffinerte produkt var framleis sett på som det største salsområdet i Sverige, men moglegheita for å også selje råolje vart diskutert.¹⁶⁶ Nynäs og OK vart, i likskap som i mars, sett på som potensielle kjøparar av Statfjord-råoljen. I mars hadde Svenske Petroleum blitt nemnd som eit oljeselskap av spesiell interesse, men ingenting indikerer at dette var tilfellet i utkastet i juli. Nynäs og OK var difor dei mest aktuelle salsmarknadane for Statfjord-oljen.

For det finske marknaden var oljeselskapet Neste framleis aktuelt for eit sal av Statfjord-oljen. I vurderinga av Finland vert landet skildra at landet hadde «...stor velvillighet overfor et nordisk energipolitisk samarbeid» og eit råoljebehov som ikkje var stort nok til å dekkje landet sitt energibehov.¹⁶⁷ Dette lova godt for eit eventuelt sal av Statfjord-oljen sidan

¹⁶⁵ Ibid. Kapittel 5 – Side 1 (mitt sidetal).

¹⁶⁶ Ibid. Kapittel 5 – Side 7 (mitt sidetal).

¹⁶⁷ Ibid. Kapittel 5 – Side 12 (mitt sidetal).

Finland var villige til å samarbeid, samt at behovet var meir enn stort nok. Statoil hadde mellom anna inngått kontrakt med Neste om sal av råolje same år som utkastet i juli var skriva, så alt såg ut til å gå retning av at Finland var eit svært aktuelt marknad. Diskusjonen av Danmark var retta mot at Danmark var den minst ideelle marknaden i Skandinavia. Sidan Danmark sin oljenæring var styrt av internasjonale selskap, spesifikt Gulf, Esso og Shell, var det i mars tatt høgde for at Danmark var det minst aktuelle skandinaviske landet å selje Statfjord-oljen til.¹⁶⁸ Endringa i val av oljeselskap endra dette til ein viss grad, men sidan avtalar med Sverige og Finland alt var på god veg vart Danmark framleis sett på som minst ideelle marknaden av dei skandinaviske landa. Vurderinga av den danske marknaden hadde difor ikkje endra seg og var identisk med vurderinga frå mars.

I likskap med vurderinga av Danmark hadde kun små endringa skjedd i vurderinga av Vest-Tyskland. Deminex og Aral var igjen nemnd som selskapa som var av hovudinteresse med fokus på underselskapa Veba og Wintershall.¹⁶⁹ Endringa som hadde skjedd frå mars var positiv og omhandla at eit politisk samarbeid på energi- og industrifronten hadde blitt innleia mellom Vest-Tyskland og Noreg. Dersom dette samarbeidet vart inngått ville det ha stor positiv effekt for Statfjord-salet sidan det ville forenkla prosessen. Situasjonen til Tyskland var difor som Sverige og Finland retta i positiv retning for eit eventuelt sal.

Ingen steg hadde blitt gjort i vurderinga av det nederlandske og belgiske marknaden. Konkurransen i Nederland gjorde det problematisk for Statoil å få innpass til raffineria gjennom sal av råolje og landet var Europa sin største eksportør av raffinerte produkt.¹⁷⁰ Belgia var i ein liknande posisjon som Nederland med stor konkurranse, og det var ingen logisk innfallsvinkel for korleis Statfjord-oljen kunne marknadsførast i Belgia.¹⁷¹ Behovet for olje frå Statfjord var difor låg i begge landa. Det tyda likevel ikkje at situasjon ikkje kunne endre seg, og det vart nemnd at Nederland sitt behov for olje kunne auke utover 1980-tallet. På tross av dette var det meir gunstig for Statoil å prioritere sal til andre marknadar framfor Nederland og Belgia i tida etter produksjonsstarten av Statfjord-feltet.

¹⁶⁸ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Markedsføringsplan for Statfjord råolje, 8.3.1977. Side 12.

¹⁶⁹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I - 19.7.77. Kapittel 5 – Side 14-15 (mitt sidetal).

¹⁷⁰ Ibid. Kapittel 5 - Side 19 (mitt sidetal).

¹⁷¹ Ibid. Kapittel 5 - Side 21 (mitt sidetal).

Frankrike vart i mars sett som ein potensiell marknad på lik linje som Nederland og Belgia. I juli var hadde vurderinga endra seg mot at det franske marknaden ville vere meir gunstig enn marknadsføringsavdelinga hatt tatt høgde for tidlegare. Grunnlaget for denne endringa skjedde i hovudsak frå fransk side, kor det vart skildra at franske myndigheiter ynskja å danne langvarige leveringsavtalar med land som eksporterte olje.¹⁷² Norge ville vere eit land av interesse i denne samanhengen for Frankrike, og eit mogleg politisk samarbeid kunne avtalast. For Statoil var dette interessant i samheng med endringane som hadde skjedd kring avtaleformer for mellom anna Statfjord-oljen. Frankrike kunne vise seg å vere eit utmerka land kor langvarige deltakingsavtalar kring raffinerte produkt kunne vere aktuelt.

Det var derimot to negative faktorar som Statoil måtte vurdere før ein slik avtale vart inngått. Dei to faktorane bestod av Frankrike sin låge import av lågsvoelholdig olje, og at franske oljeselskap var direkte styrt av franske myndigheiter.¹⁷³ Dette tyda at importert olje frå Statfjord ikkje ville vere ideell for franske raffineri, og at Statoil ville forhandle med franske myndigheiter og ikkje med franske oljeselskap. Desse selskapa ville i hovudsak vere Elf og Total. Dette var i strid med kva Statoil hadde kome fram til i diskusjonen om val av samarbeidspartnarar og kundar. Sjølv om lågsvoelholdig olje ikkje var ideell for franske raffineri hadde landet ein stor overkapasitet ved sine raffineri. Det vart estimert at overkapasiteten var på omkring 50 millionar tonn årleg, og at kun 70% av kapasiteten ved franske raffineri vart utnytta. Frankrike hadde difor eit importbehov av råolje for å fylle kapasiteten, og lågsvoelholdig olje frå Statfjord kunne vere aktuelle sjølv om Frankrike ikkje hadde ein stor import av denne råoljekvaliteten. Styringa av franske oljeselskap av franske myndigheiter kunne vise seg å vere uproblematisk, og først når ein direkte dialog mellom franske myndigheiter vart oppretta kunne Statoil avgjere om dette ville vere problematisk. Forutsetninga var difor at Frankrike kunne vere eit aktuelt marknad, spesielt ved deltakingsavtalar.

Utgreiinga av USA som marknad var i mars svært mangelfull og få detaljer vart lagt fram kring Statoil sin strategi for denne marknaden. Likevel hadde USA blitt sett på som ein aktuell marknad, kor til og med oljeselskap av spesiell interesse hadde blitt lagt fram. I juli hadde vurderinga av den amerikanske marknaden blitt utgreia i større grad enn kva som hadde blitt gjort tidlegare. Den amerikanske marknaden var i hovudsak dominert av store

¹⁷² Ibid. Kapittel 5 - Side 22 (mitt sidetal).

¹⁷³ Ibid. Kapittel 5 - Side 22-23 (mitt sidetal).

multinasjonale selskap som Exxon, Mobil, Texaco, Chevron og Gulf.¹⁷⁴ Den resterande delen av det amerikanske marknaden var uavhengige oljeselskap. Oljeselskapa sitt behov for Statfjord-oljen var svingande. Dei multinasjonale selskapa hadde ei overflod av råolje i forhold til kva dei klarte å raffinere, så dette var ikkje ein marknad som var sett på som aktuell. Dei uavhengige selskapa var i motsett posisjon kor råoljetilgangen var låg, og det var overkapasitet ved raffineria. Desse ville difor vere utmerka kundar for Statfjord-oljen. Selskap som Ashland, Continental og Sun Oil ville vere i denne kategorien, noko som forklarar kvifor dei vart nemnd som selskap av spesiell interesse i mars. Ashland sitt tidlegare kjøp av Ekofisk-olje gjorde at dette selskapet utmerka seg som ein mogleg kjøpar av olje frå Statfjord. I tillegg var importen av raffinerte produkt høg for alle selskapa, så sal av raffinerte produkt til USA var også ein moglegheit.

Hovudfokuset var på kva del av USA som ville mest aktuelle for sal av Statfjord-oljen. For å svare på dette spørsmålet vart det amerikanske oljemarknaden delt inn i tre delar (sjå vedlegg 2):

- Aust kysten, som bestod av dei austlege delstatane nær austkysten av USA,
- Gulf kysten, som omfatta dei sørlege og midt-austlege statane av USA
- Vest kysten, kor vestkystlege statar og midt-vestlege statar var plassert (inkludert Alaska og Hawaii).

Av desse tre områda var aust kysten sett på som området som var det mest ideelle området for sal av råolje frå Statfjord-feltet.¹⁷⁵ Transportvegen vart kortast til denne delen av den amerikanske marknaden og området hadde eit stort forbruk av lågsvoelholdig olje som omfatta omkring 58 prosent av det totale råoljeforbruket. Dei to andre områda vart også vurdert, men vart ikkje sett på som like gunstige som aust kyst området. Gulf kysten hadde i likskap med aust kysten eit stort forbruk av lågsvoelholdig olje, men for å transportere Statfjord-oljen til store delar av dette området måtte Statoil danne avtalar om bruk av amerikanske røyrleidningssystem. Dette ville auke kostnadane kring sal av Statfjord-oljen betydeleg. Kostnadane ved sal til vest kyst området vart i likskap med Gulf kysten høge og også sett på som mindre aktuelt på grunn av den lange transportvegen. Transporten ville skje gjennom Panamakanalen, noko som ville vere for kostbart for Statoil. I diskusjonen av

¹⁷⁴ Ibid. Kapittel 5 – side 33 (mitt sidetal).

¹⁷⁵ Ibid. Kapittel 5 – Side 26-27 (mitt sidetal).

moglege avsettingar vart det lagt fram at eit eventuelt sal til desse to områda skulle skje gjennom kortsiktige avtalar, dersom dei i det heile tatt fann stad.¹⁷⁶

Aust kyst området ville difor vere hovudinnfallsområdet for olje frå Statfjord-feltet, så det var viktig at moglegheita for å ta i mot olje frå Statfjord var til stades. På dåverande tidspunkt var dette ikkje tilfellet og mottaksterminalane hadde kun moglegheit til å ta i mot mindre transporter.¹⁷⁷ Skipa som hadde blitt bestilt for å frakte Statfjord-oljen hadde ein større kapasitet enn denne avgrensinga, så Statoil stod ovanfor eit problem kor transporten av oljen ikkje ville verte optimalt brukt.¹⁷⁸ Utbygginga av to nye terminalar med større mottakskapasiteten var under bygging i Louisiana. Den første ville stå ferdig i 1980, medan den andre ein gang i løpet av 1980-tallet. Det ville difor vere meir gunstig for Statoil å selje oljen til det amerikanske marknaden når den første terminalen var ferdig. Eigarane av denne terminalen bestod i hovudsak av store multinasjonale selskap, som Shell, Gulf og Exxon. I tillegg hadde mellom anna Continental eigarskap, noko som var viktig i samanheng med at Continental hadde blitt sett på som eit selskap av spesiell interesse i dokumentet frå mars. Continental kunne difor vere ein aktuell kjøpar av Statfjord-oljen når terminalen var ferdig utbygd. Ashland hadde eigarskap i den andre terminalen som ville vere ferdig seinare, så når den var ferdig utbygd kunne ein liknande situasjon oppstå.

Vurderinga av dei aktuelle marknadane hadde til ein viss grad endra seg i perioden frå mars til juli. Frankrike vart no sett på som meir aktuell enn tidlegare, og avtalar for sal til Sverige, Finland, Vest-Tyskland og USA var under utforming. Endringane som fann stad tyda likevel at avsettingsmønsteret som hadde blitt lagt fram i mars ikkje lenger ville vere gjeldande, noko som leia til at nye mønster måtte leggest fram som passe betre inn i vurderingane som hadde blitt gjort av Statoil i juli.

5.2.4 – Fundamentet for avsettingspolitikken

I avslutningsdiskusjonen av utkastet frå juli vart all tidlegare informasjon samla opp for å danne eit fundament for avsettingspolitikken. Samanlikna med tidlegare dokumentet var det små endringar som hadde skjedd i hovudmålsetjinga og delmåla Statoil såg føre seg. Høgast

¹⁷⁶ Ibid. Kapittel 7 – Side 3 (mitt sidetal).

¹⁷⁷ Ibid. Kapittel 5 – Side 28 (mitt sidetal). Terminalane hadde ei avgrensing på å motta skip med større transport enn 120.000 tonn.

¹⁷⁸ Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1978. Årsberetning og regnskap 1976. Melding om virksomheten 1. halvår 1977», St. meld. nr. 33, 1977. Side 13.

moglege stabile inntekter var framleis Statoil sitt hovudmål med avsettingspolitikken.¹⁷⁹ Vidare vart spreining og fordeling på ulike marknader, handlefridom og ein langsiktige nedstraumsplan sett på som viktige delmålsetningar for at hovudmålsettinga skulle vere mogleg å gjennomføre.

Utifrå diskusjonen hadde Statoil svart på korleis gjennomføringa av kvar enkelt målsetting skulle skje, og nye moglege avsettingsmønster kunne difor leggast fram. Før eit ferdig mønster vart lagt fram vart ei mogleg fordeling mellom avsettingsformer lagt fram. Denne såg nærare på ulike avtaleformer som ville aktuelle for sal av Statfjord-oljen, og korleis fordelinga mellom dei ulike avtaleformane kunne sjå ut. Forslaget som vart lagt fram i juli er skildra i tabell 8.

Tabell 8 – Fordeling mellom ulike avsettingsformer

Avsetningsform	Andel av avsetningsmengdene
Spot salg	Ca. 5%
Kortsiktige avtaler	Ca. 20%
Langsiktige avtaler	40-50%
Andre avtaler, herunder bilaterale avtaler	25-30%

Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I - 19.7.77. Kapittel 7 – Side 3 (mitt sidetal).

På grunnlag av at det i utkastet frå juli vart sett på mindre gunstig å selje olje på «spotmarkedet», endra fordelinga av avsettingsavtalane seg til samanlikning med avsettingsmønsteret som hadde blitt lagt fram i mars. Sal på «spotmarkedet» skulle vere på omkring 5 prosent, og det mest naturlege området for denne typen sal var til nasjonale og statlege oljeselskap i Vest-Europa.¹⁸⁰ Dette på grunnlag av den låge transportavstanden som førte til at Statoil ville ha låge kostnader knyta til denne typen sal.

¹⁷⁹ Ibid. Kapittel 7 – Side 1 (mitt sidetal).

¹⁸⁰ Ibid. Kapittel 7 – Side 3 (mitt sidetal).

Fordelinga mellom kortsiktige- og langsiktige avtalar var relativt uendra i samanlikninga med mønsteret frå mars. Kortvarige avtalar skulle vere på inntil to år, medan langvarige skulle vere på meir enn to år. Kortsiktige avtalar vart tildelt ein litt lågare del av den totale avsettinga enn kva mønsteret frå mars hadde gjort. Marknader kor kortsiktige avtalar var aktuelle var Vest-Europa og West- og Gulf Coast områda i USA.¹⁸¹ Selskap av interesse ved denne typen avtalar ville hovudsaklege vere nasjonale og statlege deleigde oljeselskap i Europa og uavhengige oljeselskap i USA. I tillegg var det mogleg at internasjonale selskap var aktuelle innanfor denne typen avtale gjennom bytte av Statfjord-råolje mot råoljekvalitetar som var av mellom- og høgsvoelholdig kvalitet. Råoljen ville hovudsakleg bli brukt til raffinering ved Mongstad.

Vurderinga av langsiktige avtalar var i utkastet satt saman med langsiktige deltakingsavtalar. Nasjonale og statlege vesteuropeiske marknader og uavhengige selskap i USA vart sett på som mest gunstige ved slike avtalar, men også internasjonale selskap kunne vere moglege.¹⁸² Grunnlaget for denne vurderinga var at slike selskap hadde ein låg tilgang til råolje, men gode distribusjonssystem for sal av raffinerte produkt. Statoil ynskja å utnytte dette ved å selje råolje til selskapa, samt inngå partnerskap med nokre selskap for å danne seg ein inngang til raffineral utanfor Noreg. Distribusjonssystemet til partnarane ville bli brukt ved sal av raffinerte produkt. Vidare vart det satt opp eit minstekrav på 3 millionar tonn for kvart selskap for at avtalen skulle vere lønnsam for Statoil. Dette i syn av at råoljeprisen i nokre tilfelle var høgare enn den forventa prisen på raffinerte produkt. Statoil ville dermed sikre seg ei gjennomsnittleg høg inntening på tross at det var uøkonomisk å raffinere råoljen. Dersom råoljeprisen var lågare enn raffinerte produkt var det aktuelt dele tildelinga av 50 prosent råolje og 50 prosent raffinerte produkt.

I mars hadde den fjerde avtaleforma omhandla norsk raffinering ved Mongstad, men i juli hadde denne endra seg til å omhandle «andre avtalar, herunder bilaterale avtalar».¹⁸³ Denne typen avtale vart gitt 25-30 prosent av den totale avsettingsmengda, men det var uklart kven som ville ta del i denne typen av avtalar saman med Statoil. I utkastet vart det ikkje formidla kva planar Statoil hadde kring desse typane avtalar, med unntak av at dei kunne vere

¹⁸¹ Ibid. Kapittel 7 – Side 3 (mitt sidetal).

¹⁸² Ibid. Kapittel 7 – Side 4 (mitt sidetal).

¹⁸³ Ibid. Kapittel 7 – Side 3 (mitt sidetal).

bilaterale. Det tyda at avtalane skulle skje med to partar, kor Statoil var den eine.¹⁸⁴ Kva andre partar som skulle ta del i ein slik avtale vart ikkje formidla. Sjølv om det truleg framleis gjaldt sal til mellom anna Mongstad vart ikkje dette skildra i stor nok grad til å konkludere noko.¹⁸⁵

Som følgje av desse vurderingane vart det lagt fram eit mogleg avsettingsmønster som skulle vere gjeldande for avsettingspolitikken. Mønsteret som vart lagt fram hadde manglar, og i nokon tilfelle var ikkje informasjonen i mønsteret ikkje samsvarande med diskusjonen som hadde blitt gjort gjennom dokumentet.¹⁸⁶

På tross av desse manglane som vart nemnd i slutten av kapittelet var utkastet som vart formidla i juli langt større enn kva som hadde blitt diskutert tidlegare i mars. Planlegginga var framleis ikkje ferdig, men store delar av avsettingspolitikken hadde blitt gjort greie for. Dette forklarar kvifor dokumentasjonen av avsettingspolitikken i tida etter utkastet var under stadig revisjon, og små delar av dokumentet med endringar og tilleggspunkt som «Mål og midler i avsetningen av petroleum og petroleumsprodukter» for avsettingspolitikken er å finne i ei rekkje dokument for dei siste månadane av 1977.¹⁸⁷ Desse endringane var med på å forme det vidare utkastet av avsettingspolitikken. I kjeldegranskinga har kun eitt anna utkast av avsettingspolitikken for petroleum som var like komplett som første utkastet blitt funnet. Dette dokumentet manglar dato, og det er difor vanskeleg å seie med sikkerheit kor tid dokumentet vart publisert av Statoil. Framgangen som har blitt gjort tilseier at det enten vart publisert seint 1977 eller tidleg 1978 i kontekst med andre dokument for perioden. Eg har difor valt å plassere det innanfor denne perioden. Dette utkastet vert tatt opp og diskutert i neste kapittel.

5.3 Langsam framgang og nye utsettingar ved Statfjord-feltet

Ein kontrast til framgangen som vart gjort kring avsettingspolitikken var framgangen ved sjølve Statfjord-feltet. Uttauingsdatoen av plattformen frå Stord Verft hadde blitt satt til den 3. mai 1977, og det var planar om at plattformen skulle vere ferdig og ligge i fjorden nær verftet

¹⁸⁴ Store norske leksikon, «Bilateral- økonomi»

¹⁸⁵ Det bør nemnast at diskusjonen kring bilaterale avtalar ikkje vart diskutert nærmare i seinare utkast, og at denne avtaleforma var fjerna i desse utkasta.

¹⁸⁶ På grunn av manglar vel eg å ikkje illustrere det foreslege mønsteret, men eg har lagt ved illustrasjonen av mønsteret som eit vedlegg (sjå vedlegg 3).

¹⁸⁷ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Mål og midler i avsetningen av petroleum og petroleumsprodukter, 6.12.77.

før uttaininga fann stad.¹⁸⁸ Dette var ein optimistisk plan som viste seg å ikkje vere mogleg å gjennomføre. Arbeidet fram til mai var intenst, og det var usikkert om plattformen i det heile tatt ville vere klart til uttaining til den 3. mai. På eit tidspunkt vurdere Mobil å utsette datoen til juni. Likevel vart tidsfristen haldt og plattformen til Statfjord A hadde blitt taua ut til feltet i juni 1977, og den vidare installasjonen av plattformen starta kor tid etter.¹⁸⁹ Tidspress skulle vise seg å vere ein vedvarande problem ved feltet i tida fram til produksjonsstarten.

Før plattformen hadde blitt taua ut til feltet var det problem knyta til kven som skulle ha ansvar for entreprenørarbeidet og prosjektstyringa. I mars 1977 hadde Mobil underteikna avtalar med firmaet Brown & Root kring desse områda, medan ein norsk del av firmaet skulle ha ansvar for delar ingeniørkontrakten i samarbeid med Nederland sin avdeling.¹⁹⁰ Frå norsk side var dette ikkje ideelt sidan det ikkje varetok norske interesser ved at ansvaret var delt med Nederland. Ved april hadde ingen norske firma fått anbodspakker om arbeidet, men det låg føre at norsk deltaking skulle skje. Statoil måtte presse Mobil til å gje norske firma kontroll over elektroinstallasjonane ved plattformen. I tillegg kom firmaet BrownAker Offshore A/S inn med personell for å assistere installasjonen ved plattformen i juni 1977.¹⁹¹

Installasjonsarbeidet førte til at sysselsettinga knyta til Statfjord-feltet auka i stor grad, og perioden 1977 fram til 1982 markerte ein periode kor talet på arbeidsplassar knyta Statfjord auka i stor grad.¹⁹² Dette var på grunn av utbygginga av Statfjord A og Statfjord B, som var ferdig utbygd i 1982. Arbeidsforholda endra seg kontinuerleg, og arbeidarane som jobba ved feltet var frå rekkje ulike nasjonalitetar.¹⁹³ Dette gjorde mellom anna at beskjeder vart gitt ved ei rekkje språk, og det oppstod skilje mellom arbeidarar frå ulike land.¹⁹⁴ Kva påverknad dette hadde på produktiviteten av feltet er vanskeleg å seie, men utover hausten 1977 vart det uklart om installasjonsarbeidet ved feltet ville skje fort nok til å klare å halde tidsfristen til ein produksjonsstart sommaren 1979.¹⁹⁵

¹⁸⁸ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 392-393.

¹⁸⁹ Ryggvik og Smith-Solbakken, *Blod, svette og olje*, side 98.

¹⁹⁰ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 396.

¹⁹¹ BrownAker Offshore A/S var eit joint venture firma mellom Aker og Brown & Root.

¹⁹² Smith-Solbakken, *Oljearbeiderkulturen*, side 186.

¹⁹³ Ryggvik og Smith-Solbakken, *Blod, svette og olje*, side 114.

¹⁹⁴ Ryggvik og Smith-Solbakken, *Blod, svette og olje*, side 118.

¹⁹⁵ Industridepartementet, «*Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1978. Årsberetning og regnskap 1976. Melding om virksomheten 1. halvår 1977*», St. meld. nr. 33, 1977. Side 12.

32 løft av moduler skulle skje ved feltet, og tidsfristen for løfta var knapt.¹⁹⁶ I august var det klart at flammetårnet og boreriggen ikkje ville vere på plass ved feltet før våren og sommaren 1978, noko som førte til at borestartinga måtte flyttast frå april til juli. I stortingsmelding 33 kring Statoil sine planar for verksamheita var det difor retta usikkerheit til om produksjonen ved Statfjord A ville kome i gang sommaren 1979.¹⁹⁷ Det var mellom anna lagt høgde for at talet på arbeidstimar ved feltet ville vere høgare enn tidlegare antatt, og at det var fare for at produksjonsstarten ikkje ville finne stad før årskiftet 1979/80. For avsettingsspørsmålet kunne dette ha store påverknadar på det framtidige arbeidet. I stortingsmelding 33 frå Industridepartementet var det difor retta usikkerheit kring Statfjord-feltet, spesielt rundt produksjonsstart. Det var planlagt at produksjonsstarten ved Statfjord A skulle skje den 1. februar 1979, men at den no kunne vere forskyvd med seks månadar.¹⁹⁸ Dette ville føre til forsinka inntekter og auka kostnader.

5.4 Konklusjon

Konsekvensen av at Industridepartementet sendte ein førespurnad var at eit langt større arbeid enn kva som hadde blitt tidlegare vart lagt. Det samla alle områdene for avsetting frå Statfjord-feltet, og resulterte i at arbeidet kring avsettingspolitikken var meir samansett. Utkastet samla synspunkt frå fleire ledd i marknadsføringsavdelinga, og danna ein oversikt over korleis avsettinga ved Statfjord-feltet skulle gå føre seg. Framgangen var høg også i etterkant av utkastet ved at ei rekkje tilleggssynspunkt til utkastet vart gjort gjennomgåande i slutten av 1977. Industridepartementet sin førespurnad satt marknadsføringsavdeling i ein posisjon kor arbeidet måtte leggest fram, og det er uklart om eit utkast som var så informativt ville blitt lagt fram dersom departementet ikkje sendte denne førespurnaden. Ved Statfjord-feltet var ikkje framgangsplanen like god, og det var usikkerheit til om produksjonsstart ved feltet kom til finne stad ved tidsfristen som hadde blitt satt.

¹⁹⁶ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 396 -397.

¹⁹⁷ Industridepartementet, «*Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1978. Årsberetning og regnskap 1976. Melding om virksomheten 1. halvår 1977*», St. meld. nr. 33, 1977. Side 12.

¹⁹⁸ Industridepartementet, «*Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1978. Årsberetning og regnskap 1976. Melding om virksomheten 1. halvår 1977*», St. meld. nr. 33, 1977. Side 89.

Kapittel 6 – Langvarig plan etter produksjonsstart

På tross av utsettingane og den negative framgangen ved Statfjord-feltet var arbeidet internt i Statoil kring avsettingspolitikken i konstant framgang. Arbeidet fortsette kontinuerleg gjennom 1977-78, og i starten av 1979 vart ein langvarig plan for Statoil sin marknadsstrategiske plan av råolje og raffinerte produkt for perioden 1979-1990 lagt fram. I tillegg skjedde det endringar rundt internasjonale oljeprisar, så når produksjonsstarten av feltet skjedde i 1979 vart alt lagt til rette for at innteninga frå Statfjord A ville vere høg.

6.1 Styringsgruppa rundt avsettingspolitikken

I samanheng med industridepartementet sin førespurnad om ein utgreiing av avsettingspolitikken frå mai 1977 satt Statoil i juni 1977 saman ei styringsgruppe som skulle ha ansvar for å formulere og grunngje Statoil sin avsettingspolitikk.¹⁹⁹ Formann for gruppa var marknadsføringsavdelinga sin leiar Erik Schanche, som saman med Tor Espedal, leiar for økonomi og finans, og Helge Skinnemoen, frå foredlingsavdelinga, skulle danne ein plan for avsettingspolitikken til Statoil. Internt skulle dette skje ved marknadsføringsavdelinga.

Utkastet frå 19. juli 1977 var det første utkastet av denne planen. Vidare i 1977 jobba gruppa med å vidareutvikle dette dokumentet, kor for eksempel gruppa møtte med Arve Johnsen og la fram eit revidert forslag til disposisjonen den 8. september 1977 som følgje av møte.²⁰⁰ Arbeidet fortsette gjennom 1977, og resulterte i at eit nytt utkast av «avsettingspolitikken for petroleum» var lagt fram enten seint 1977 eller tidleg 1978. Det nye dokumentet om avsettingspolitikken mangla datostempling og utkast nummer, så det er vanskeleg å plassere det tidsmessig i Statoil sin planlegging av strategien for avsettinga av råolje og raffinerte produkt for Statfjord-feltet. Det er også vanskeleg å seie om dette skulle vere eit av fleire utkast kring dette temaet eller eit ferdig utkast.

I likskap med utkastet frå juli var vurderinga i det andre utkastet dekkjande for all petroleumsaktivitet som Statoil utførte. Lengde av dokumentet var derimot lengre enn utkastet frå juli. Dette var hovudsakleg på grunn av at all tidlegare informasjon no skulle samlast opp. Dette bestod delvis av synspunkt om marknadsføring av norsk olje før Statoil vart oppretta og

¹⁹⁹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk for Petroleum, ukjent utkast og ukjent dato. Side 1.

²⁰⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Avsetningspolitikken – Råolje/produkter: Revidert forslag til disposisjon etter møte med Arve Johnsen 7.9.1977, 8.9.1997.

tida mellom 1972-77. I tillegg var diskusjonen kring gass og petrokjemiske produkt meir omfattande enn kva utkastet frå juli gjorde greie for. I samandraget av dokumentet var avsettingspolitikken skildra som «...et av fundamentene for Statoils virksomhet...».²⁰¹

Statfjord var ein viktig del av dette fundamentet, men hovudfokuset til dokumentet låg kring heile Statoil selskapet og korleis organiseringa av avsettingspolitikken hadde blitt utgreia. Informasjonen som var knyta til Statfjord var i store delar den same som hadde blitt lagt fram i utkastet frå juli, og endringane som fann stad endra ikkje den generelle planen som hadde blitt lagt fram tidlegare. I motsetting til dokumentet frå juli var planlegginga som vart lagt fram meint å vere langvarig, og gjennom heile dokumentet verker det som at planen som vart lagt fram skulle vere gjeldande fram til midten av 1980-tallet.²⁰² Året 1985 var difor eit stoppepunkt for kor langt avsettingspolitikken vart planlagt.

6.1.1 – Ny marknadsvurdering

Sidan den første planlegginga for marknadsføringa av Statoil vart det sett på som viktig at Noreg sitt forbruk av olje skulle sikrast før eit eventuelt sal til andre marknader.²⁰³ Som tidlegare la alt høgde for at dette skulle vere eit enkelt mål å oppnå, som følgje av mengda olje som var forventa frå Statfjord-feltet, og den resterande olje skulle marknadsførast utanfor Noreg.²⁰⁴ Dei same marknadane som vart nemnd i juli, Skandinavia, Vest-Europa og USA, vart diskutert som mest aktuelle.²⁰⁵ I diskusjonen kring moglege typar oljeselskap Statoil skulle selje oljen til hadde ingen endringar blitt gjort sidan juli, og det var framleis nasjonale, internasjonale og uavhengige oljeselskap Statoil skulle samarbeide med.²⁰⁶ Sal på «spotmarkedet», kortsiktige- og langvarige kontraktar, deltakingsavtalar og tilbakeføringsal til konsesjonspartnarar var framleis avsettingsformene som vart sett på som mest aktuelle, i likskap med utkastet frå juli. Grunngevinga var som tidlegare knyta til energiforbruk, tilgang til nedstraumsaktivitet som Statoil kunne ta nytte av gjennom deltakingsavtalar, behov for

²⁰¹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk for Petroleum, ukjent utkast og ukjent dato. Side 1.

²⁰² Ibid. Side 4. Året 1985 var eit betydeleg år gjennom heile dokumentet, og var eit stoppepunkt for planlegginga av avsettingpolitikken.

²⁰³ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapportar. Markedsføring, 0002 – MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76. Side 1.

²⁰⁴ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk for Petroleum, ukjent utkast og ukjent dato. Side 80.


²⁰⁵ Ibid. Side 17.

²⁰⁶ Ibid. Side 82-83.

import av råolje, raffineringsskapasitet, transport og marknadane sin betalingsevne.²⁰⁷ Samstundes vart det gjort eit poeng ut av Noreg sitt politiske samarbeidet ovanfor desse marknadane, hovudsakleg for å legitimere kvifor eit langvarig sal til desse marknadane ville vere mogleg.²⁰⁸ Grunngevinga vart sett i samanheng med politiske, handelsmessige og geografiske faktorar som knyta Noreg til dei aktuelle landa.

For Statoil var det viktig at mogelege markadar som Noreg skulle drive handel med var politisk stabile og ha ein stabil økonomi som hadde behov for olje. Sidan hovudmålet til Statoil var høgast mogleg stabil inntening var dette ein sikker måte å sikre å fullføre dette målet. Nordsjøen som eit politisk stabilt område, samt råoljen sitt låge svovelinnhald, vart frå Statoil sin vurderinga sett på som hovudgrunnane til at norsk råolje ville verte sett på som attraktivt for vidare avsetning av ei rekkje vestlege land. På grunn av dette var det viktig at Statoil hadde ein viss innsikt i kva det forventa importbehovet av råolje til alle dei aktuelle var. Dette importbehovet er skildra i figur 5 og skildra dei vestlege landa sitt importbehov både frå 1976 og kva det forventa behovet kom til vere i 1985.²⁰⁹

Figur 5 – Import / eksport av råolje i 1976 og forventa import 1985.



Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk for Petroleum, ukjent utkast og ukjent dato. Side 28.

²⁰⁷ Ibid. Side 27-28, 80 og 82-83.

²⁰⁸ Ibid. Side 27.

²⁰⁹ Ibid. Side 28.

Alle dei aktuelle marknadane som ville aktuelle for sal av Statfjord-oljen ville ha ei auking i import av råolje, med unntak av det norske marknaden. Det tyda at behovet i vesten for råolje kom til å vere høg og at råoljeimporten til alle dei aktuelle marknadane kom til å auke i tida etter produksjonsstart.

Saman med dei aktuelle landa vart andre moglege marknader vurdert for sal av olje. Det mest interessante nye marknaden som vart vurdert var Canada.²¹⁰ Canada var på dåverande tidspunkt sett på som eit oljeeksporterande land, men Statoil forventa at landet sitt oljebehov ville verte større etter 1980. Canada kunne difor vise seg å vere eit aktuelt marknad med tid, og saman med USA representere ein salsmarknad utanfor Europa. Ingen vidare vurdering av den kanadiske marknaden vart gjort, og kva kanadisk oljeselskap som ville vere av interesse for Statoil vart ikkje lagt fram i dokumentet. Sjølv om Canada som marknad kun så vidt vart nemnd, indikerer det at det var ein moglegheit for at sal av olje frå Statfjord kunne verte selt til det kanadiske marknaden etter 1980.

Canada var eit politisk gunstig område kor Statoil kunne marknadsføre Statfjord-oljen, men også marknader som var mindre politisk gunstige vart vurdert. Deriblant vart Aust-Europa og Sovjetunionen vart nemnd som moglege framtidige marknader.²¹¹ Desse områda hadde fram til 1985 eit dekt oljebehov, men prognoser om det vidare behovet etter 1985 var uvisst. Hovudsakleg ville då til Polen og Aust-Tyskland kunne vere moglege marknader på grunn av at desse landa var geografisk godt plassert for transport av mellom anna Statfjord-olje. Før ein slutning kring om desse områdene kunne verte tatt måtte ei rekkje politiske spørsmål svarast på før eit sal av olje kunne skje til desse to landa.

På grunn av den politiske spente haldninga som gjekk føre seg under den kalde krigen hadde verken Aust-Europa eller Sovjetunionen tidlegare blitt sett på som aktuelle marknader i tidlegare diskusjonar. For Statoil var det vanskeleg å ta stilling til om desse marknadane kunne vere aktuelle, og i nemninga var det skrive «De politiske spørsmål disse antagelser reiser, skal ikke forsøkes besvart her».²¹² Statoil hadde verken myndigheit til å inngå eller oversikt over implikasjonane av opprettinga av avtalar med desse områda, og nemninga av

²¹⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk for Petroleum, ukjent utkast og ukjent dato. Side 17.

²¹¹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk for Petroleum, ukjent utkast og ukjent dato. Side 17.

²¹² Ibid. Side 17.

desse områda var retta til Industridepartementet. Industridepartementet hadde større innsikt om eit slik sal kunne vere gunstig, og kva implikasjonar det kunne ha for Noreg. Frå dagens synspunkt hadde den norske stat ikkje ynskje om å skade politiske forhold med andre vestlege land gjennom avtalar med Aust-Europa og Sovjetunionen. Sal til desse områda var difor lite aktuelt, og det verkar som Statoil var oppmerksame på dette sidan det var klart at politiske spørsmål måtte svarast på ved eit eventuelt sal til desse marknadane. Det er likevel interessant at dette var ein moglegheit som vart nemnd.

6.1.2 - Raffinerte produkt og råolje

Nedstrauksalternativa til Statoil hadde endra seg i det nye utkastet samanlikna med det tidlegare. Raffinerte produkt skulle no vurderast forretningsmessig mot sal av råolje, og det skulle vurderast om det ville vere lønnsamt å satse på sal av raffinerte produkt.²¹³ Ved sal av raffinerte produkt stod Statoil med to val: enten investere i eigne raffineri eller finne andre alternative raffineringssesmidar å engasjere seg i. Andre raffineringssesmidar ville då hovudsak vere gjennom deltakingsavtalar med andre oljeselskap. Grunngevinga for denne diskusjonen var at nytting av kapasiteten ved verdens raffineri var på i underkant 75 prosent, og at det i spesielt Europa var stor overkapasitet ved raffineria.²¹⁴ Som følgje av oljekrise frå 1973/74 hadde oljeforbruket i Europa blitt redusert i åra etter, men behovet for mellom anna bensin ville i tida fram mot 1985 auke.²¹⁵ For å halde tritt med det aukande behovet hadde det eksisterande utstyret i Europa stadig blitt oppgradert. Nokre land hadde også starta utbygging av nytt utstyr, men det var usikkert kor lønnsamt desse utbygginga var. Dersom det for eksempel ikkje skjedde ein stor vekst i bensinmarknaden eller om råoljeprisen auka ville utbygginga vere ein unødvendig kostnad. Spørsmålet Statoil stilte seg var difor om det var lønnsamt å investere i raffinerte produkt eller om sal av råolje var meir lønnsamt?

Europeiske og amerikanske markadar importerte store delar av oljen frå OPEC, og på grunn av mangel på tilgang til eigen råolje var det lite som tilsa at denne situasjonen skulle endre seg. Noreg var i ein unik situasjon blant dei europeiske landa ved at tilgangen til råolje var større enn kva raffineria i Noreg klarte å raffinere. På grunn av denne situasjonen var sal av råolje sett på som finansielt gunstig, og Statoil hadde sidan 1976 lagt høgde for at sal av råolje skulle vere hovudinntektskjelda frå mellom anna Statfjord-feltet. I samanlikning med

²¹³ Ibid. Side 58.

²¹⁴ Ibid. Side 59.

²¹⁵ Ibid. Side 62+68.

sal raffinerte produkt var bedømminga at Statoil kom til å få ein marginal høgare inntening ved sal av raffinerte produkt enn ved sal av råolje.²¹⁶ Dette på grunn av at etterspurnaden av raffinerte produkt kom til i stige i åra fram mot 1985, spesielt då i Vest-Europa.²¹⁷ For Statoil vart deltakingsavtalar med andre oljeselskap sett på som den mest gunstige måten å selje raffinerte produkt slik som i det tidlegare utkastet.

I val av deltakingsavtalar vart det satt opp ei rekkje punkt som Statoil såg på som gunstige. Desse bestod av punkt som hadde blitt nemnd i juli som nedstraumsdistribusjon, stabile priser og tilgang til marknader. I det nye dokumentet vart faktorar som optimal utnytting, oppgraderingar ved raffineria og moglegheit til å raffinere lette produkt som bensin også sett på som viktige.²¹⁸ Grunngevinga var hovudsakleg knyta til at Statoil i deltakingsavtalar skulle ta i bruk eigen olje frå Statfjord, som var av lågsvovelholdig kvalitet med låg eigenvekt.²¹⁹ At raffineria difor kunne lage «lette» produkt som bensin var difor viktig for Statoil. Ikkje alle raffineria kunne følgje Statoil sine krav, og mange var ikkje spesialiserte til å raffinere «lette» produkt. Dette hovudsakleg fordi det kosta å satse på slike typar produkt. Prisane på råolje kunne ha ein såkalla «svovelpremium» som tilsa at lågsvovelholdig råolje ville koste meir enn andre typar råolje med høgare svovelinnhald.²²⁰ For Ekofisk hadde norsk inntening vore på omkring éin dollar per fat meir enn konkurrerande råoljer frå OPEC-land på grunn av denne premiumen, og det var forventa at det same ville vere tilfellet for olje frå Statfjord. Konkurransesituasjonen av denne kvaliteten ville vere den same som hadde blitt nemnd tidlegare, og at Statfjord-oljen ville konkurrere med liknande kvalitetar frå Nord- og Vest-Afrika. Prisforholda var også uendra, og det var forventa at Statoil ville legge prisen på Statfjord-oljen på lik linje som OPEC-landa frå Nord- og Vest-Afrika.

Alt tilsa difor at sal frå Statfjord skulle skje i form av både råolje og raffinerte produkt, men diskusjonen om at dette kunne vise seg å ikkje bli tilfellet vart også tatt opp. På grunn av råoljen sin høge pris etter oljekrisa i 1973/74 bestod råoljeprisen for omkring 90% av dei

²¹⁶ Ibid. Side 72.

²¹⁷ Ibid. Side 73.

²¹⁸ Ibid. Side 74.

²¹⁹ API-verdien til Statfjord-råoljen vart no satt til å vere på 38-40 grader, høgare enn den var i 1976.

²²⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk for Petroleum, ukjent utkast og ukjent dato. Side 78.

totale kostnadane for ferdige raffinerte produkt.²²¹ Det tyda at dersom råoljeprisen for eksempel auka ville det ha store konsekvensar for kor lønnsamt sal av raffinerte produkt var. Samstundes var forutsetninga Statoil tok høgde for basert på prognoser fram til 1985, og det var mogleg at etterspørsel som vart lagt fram kunne vise seg å ikkje vere reel. At andre energiformer tok over for oljeindustrien var også ein fare.

6.1.3 - Det nye avsettingsmønsteret

I oppsummeringa av dokumentet om avsettingspolitikken var det små endringar som hadde skjedd i samanlikning med kva som hadde blitt lagt fram i juli. Den største endringar var at avsettingsplanen som vart lagt fram i det nye utkastet i hovudsak tok for seg ein meir langsiktig avsetting, og skildra korleis planen skulle sjå ut fram til midten av 1980-tallet. Den forventa mengda råolje til avsettinga hadde difor auka til 25-30 millionar tonn, frå 20 millionar tonn frå utkastet i juli.²²²

Diskusjonen og vurderinga av kva type avsetting og kva markadar som var aktuelle var endra til ein viss grad etter kva som hadde blitt lagt fram i juli og i mars i 1977. Bilaterale avtalar var fjerna som ein type avsettingspolitikk, og ikkje diskutert i oppsummeringa. Kvifor denne typen avtalar var fjerna er usikkert, men ein grunn kan vere at varigheita på denne typen avtala var varierande. Det kan difor vere mogleg at desse hadde blitt satt saman med gruppene kring kortsiktige og langvarige kontrakter.

Langvarige avtalar og deltakingavtalar hadde i mønsteret blitt satt saman som ei gruppe. Dette kan forklarast ved at deltakingsavtalar skulle inngåast på langsiktig basis, og at ingen andre forslag til langvarige kontraktar vart lagt fram frå Statoil sin side.²²³ Å kalle denne gruppa deltakingsavtalar var difor meir korrekt enn å ha ei gruppe for langsiktige kontraktar. Kontraktar med norske forhold, som for eksempel til Mongstad, hadde også sett ei forenkling. Desse var no satt i same gruppe som kortvarige kontraktar, i hovudsak for at det var svært aktuelt at Statfjord-oljen ikkje kom til å verte brukt ved norske raffineri. I staden ville høgare svovelkvalitetar bli brukt, og avtalar om bytter av råoljekvalitetar måtte difor opprettast. Avtalane kring eit slikt bytte skulle vere kortvarige.


²²¹ Ibid. side 72.

²²² Ibid. 93.

²²³ Ibid. 96

Avsetningsmønsteret som hadde blitt lagt fram i utkastet frå juli hadde manglar, og i nokon tilfelle stemte ikkje informasjonen som vart satt opp i mønsteret med vurderingane som hadde blitt lagt fram. I det nye utkastet hadde desse feila blitt retta opp, og diskusjonen av avsetningspolitikken hadde no blitt illustrert i eit korrekt avsetningsmønster. Forslaget til eit mogleg avsetningsmønster er skildra i figur 6.

Figur 6 – Mogleg avsetningsmønster



Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk for Petroleum, ukjent utkast og ukjent dato. Side 97.

Til tross for at det nye avsetningsmønsteret var korrekt oppført mangla ein viktig detalj som gjorde at det var vanskeleg å svare på korleis inndelinga av avsettinga skulle sjå ut. Kor stor del av avsetting kvar gruppe skulle få tildelt var ikkje oppført, og det vert ikkje gjort nokon grunngeving for kvifor dette var tilfellet. Ein forklaring er at avsetningsmønsteret tok høgde for ei avsetning for midten av 1980-tallet, og ikkje ved produksjonsstart av Statfjord A som tidlegare avsetningsmønster hadde gjort. Korleis inndelinga mellom avsetningsgruppene skulle sjå ut i 1985 var vanskeleg for Statoil å bedømme, og eventuelle tal som Statoil satt opp ville ikkje vere korrekt når avsetning fann stad på midten av 1980-tallet.

6.2 Planlegginga strekker seg til 1990

Planen som vart lagt fram i det seinaste utkastet av «Avsetningspolitikk for petroleum» tok føre seg ein avsetningspolitikk som strakk seg fram til midten av 1980-tallet. Arbeidet kring avsetningspolitikken fortsette gjennom 1978, og i september 1978 ser ein at planen no skulle strekke seg til 1990. Dette vart gjort via eit brev frå marknadsføringsavdelinga sin representant P.W. Hetland til styringsgruppa.²²⁴ I brevet var det hendvist til to vedlagte dokument, eit notat om «Problemstillinger ved avsetning av råolje og raffinerte» og eit samandrag av notatet. Som tittelen tilseier omhandla dokumenta marknadsføringsavdelinga sin vurdering av problemstillingar som var knyta råolje og raffinerte.

6.2.1 – Primærmarknadar og andre marknader

I tida fram til 1990 vart det lagt høgde for at råoljen som Statoil ville ha tilgang til hovudsakleg ville kome frå felta Ekofisk, Statfjord, Valhall og Murchison på grunnlag av at desse felta enten var ferdig utbygd eller ville produsere olje før 1990.²²⁵ I likskap med dei to utkasta av «Avsetningspolitikk for petroleum» var difor ikkje hovudsynspunktet satt rundt Statfjord, men all råoljetilgang som Statoil hadde tilgjengeleg. Det var presisert at Statoil sin tilgang til råolje plasserte selskapet i ein «...gunstig forhandlingsposisjon overfor potensiell partnere og kunder», kor målgruppa av kundar framleis bestod av land frå Nord-Vest Europa og USA.²²⁶ I likskap med tidlegare diskusjonar av avsetningspolitikken ville kundane og samarbeidspartnarane i desse landa i hovudsak bestå av ulike typar oljeselskap, men også industriselskap og storkundar vart no nemnd som moglege kundar og samarbeidspartnarar.

Marknadane som var aktuelle var no i skilnad frå tidlegare dokument delt inn i to grupper som bestod av primærmarknadar og andre marknadsområde. Primærmarknadane bestod av Noreg, Sverige, Vest-Tyskland, Frankrike og USA, medan Danmark, Finland, Belgia og Nederland vart sett på som dei andre marknadsområda.²²⁷ Inndelinga av desse to gruppene hadde blitt danna utifrå interne vurderinga av to faktorar, etterspurnad og kostnader. Etterspurnaden etter lågsvovelholdig olje vart sett på som det viktigaste avsetningskriteriet for

²²⁴ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Brev frå P.W. Hetland til styringsgruppen for avsetningspolitikk/markedsstrategi, 8.9.1978.

²²⁵ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Problemstillinger ved avsetning av råolje og raffinerte produkter, 8.9.1978. Side 2.

²²⁶ Ibid. Side 11 + 13.

²²⁷ Ibid. Side 11.

Statoil, medan pris- og konkurranseforhold saman med transportkostnadar vart sett på som sekundære kriteria som Statoil hadde bedømt.²²⁸ Primærmarknadane var alle, med unntak av Noreg, leiande importørar av lågsvoelholdig olje, konkurrerande på pris og låg transportmessig gunstig til det norske oljemarknaden.²²⁹

6.2.2 – Råolje og raffinerte produkt til 1990

Inndelinga av primærmarknadar og andre marknadar var ei ny endring som tidlegare ikkje hadde blitt presisert, og Statoil hadde danna klare vurderinga på kva marknadar som Statfjord-oljen skulle seljast til. På grunn av dette vart også endringar av aktuelle nedstrømsalternativ diskutert. Alternativa vart framleis delt mellom råolje og raffinerte produkt, og i tilfellet for råolje var ingen nye planar drøfta. For raffinerte produkt var derimot ei rekkje nye synspunkt lagt fram. Leigeraffinering vart på nytt sett på som eit mogleg alternativ, og danninga av ei eigen distribusjonsskjede for produkt vart eit anna.²³⁰ Samstundes var tidlegare alternativ som deltakingsavtalar og utviding av egne raffineri sett på som moglege.

Utifrå desse vurderingane vart det lagt fram tre ulike forslag til alternativ for kor langt nedstrømsaktivitetane til Statoil kunne strekke seg. Det var vidare presisert at forslaga som vart lagt fram kunne med tid vise seg å vere aktuelle.²³¹ Desse alternativa vart satt opp mot kvarandre og det vart utgreia kvifor alternativa ville lønnsame, samt kva alternativ som ville vere mest lønnsamt. Desse vart bedømt etter kor stort engasjement Statoil skulle ha kring raffinerte produkt, kor alternativ A vart sett på som lågt, alternativ B middels og alternativ C høgt.²³² Dei moglege alternativa er illustrert i illustrasjon 2.

²²⁸ Ibid. Side 12.


²²⁹ Det kan argumenterast for at transportvegen til USA var lang, men Statoil tok høgde for at USA var transportmessig gunstig.

²³⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Problemstillinger ved avsetning av råolje og raffinerte produkter, 8.9.1978. Side 12.

²³¹ Ibid. Side 15.

²³² Ibid. Side 15-19.

Illustrasjon 2 – Ulike nedstrømsalternativ 8.9.1978.



Kjelde: Basert på kjelde - Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Problemstillinger ved avsetning av råolje og raffinerte produkter, 8.9.1978. Side 15-21. Illustrert av Stian Paulen.

Alternativ A tok høgde for eit lågt nedstrømsengasjement, og at raffinering av råolje frå mellom anna Statfjord ikkje skulle strekke seg lenger enn til det norske marknaden.²³³ Raffinerte produkt ville då bli raffinert av norske selskap som Statoil hadde eigarskap i, hovudsakleg gjennom Norol og Mongstad-raffineriet, og skulle marknadsførast på det norske marknaden. Veksten av raffinering ville ved eit slik val vere låg, og innteninga ville i hovudsak skje ved sal av råolje.

Alternativ B omhandla eit middels nedstrømsengasjement ved at det vart inngått ein langvarig forsyningsavtale av råolje med Sverige, forutsett at Statoil fekk inngå ein leigeavtale av raffineri. Statoil ville ved eit slikt alternativ fokusere nedstrømsaktivitetane sine ved eitt oljeselskap i det svenske marknaden.²³⁴ Kva oljeselskap som kunne vere aktuelt vart ikkje nemnd. Ved dette alternativet skulle norsk raffinering som vist i alternativ A også førekomme. Alternativet tok høgde for at forsyningsavtala med Sverige ville auke utover 1980-tallet, og at omkring ein tredjedel av Statoils totale forsyning av råolje skulle omsettast på det svenske marknaden, då enten som sal av råolje eller gjennom leigeraffinering. For å realisere eit slikt alternativ og i mest mogleg grad sikre seg langvarige inntekter vart det

²³³ Ibid. Side 15.

²³⁴ Ibid. Side 17.

forutsett at Statoil måtte investere i det svenske oljeselskapet, og med tid kjøpe seg inn i selskapet.²³⁵ Saman med høgare transportkostnadar enn Alternativ A ville dette føre til ekstra kostnadar og senke inntektene. Ved eit kort perspektiv fram til 1982 ville dette alternativet gje ein låg auking av dei totale salsinntektene i samanlikning med Alternativ A, men mot starten av 1990 ville inntektene vere langt større. Eit slik alternativ tok difor høgde for ein sein jamn inntektsauking.

Det siste alternativet vart sett som eit høgt nedstraumsengasjement frå Statoil sin side. Alternativ C omhandla at Statoil engasjerte seg i både Alternativ A og B, men også ved raffineri i Vest-Tyskland og Frankrike. For Vest-Tyskland ville dette skje gjennom ein gradvis oppbygging, kor leigeraffinering ville mest aktuelt fram til 1982 og deltakingsavtalar i tida etter 1982.²³⁶ Det franske engasjementet skulle vere likt det vest-tyskele engasjementet, men ikkje starte opp før 1985 ved leigeraffinering og deltakingsavtalar i 1990. For Statfjord tyda dette at Vest-Tyskland var meir aktuelt enn Frankrike i oppstartfasen av feltet. Innteninga ved alternativ C ville i likskap som alternativ B bringe med seg ei rekkje kostnadar som Alternativ A unngjekk. På grunn av transportlengda og kostnadar kring raffineringa ville Statoil ha ei negativ inntening i tida mellom 1980-1982 i samanlikning med alternativ A. Først i 1985 ville Statoil sjå ein låg auka salsinntekt før eit underskott igjen ville visse seg når avtalar med Frankrike vart starta.²³⁷ Dette alternativet tok høgde for eit langt tidsmessig nedstraumsengasjement som til samanlikning med alternativ A ikkje ville sjå ei betydeleg inntening før etter 1990, men sikra Statoil sin deltaking på fleire marknader. Prognose som vart lagt fram kunne også endre seg og ei rekkje berekningar vart gjort for å vise korleis alternativa kunne endre.

På grunn av at vurderinga av dei tre alternativa vart diskutert utifrå interne prognoser gjort av marknadsavdelinga kunne endringar rundt desse prognosane ha stor innverknad på resultatet av kvart alternativ. Endringane bestod av at mengda produkt raffineringa i Europa kunne raffinere ikkje endra seg før 1990, kostnaden kring raffinering minka med 25%, prisen på råolje var stabil fram til 1990 og om produksjonen ved Statfjord-feltet vart forsinka med eit år.²³⁸

²³⁵ Ibid. Side 18-19.

²³⁶ Ibid. Side 19-21.

²³⁷ Ibid. Side 21.

²³⁸ Ibid. Side 21.

Den mest interessante endringa som kunne skje var dersom Statfjord-feltet hadde ein produksjonsforseinking på eitt år, sidan dette var ein reell bekymring som vart tatt opp som ein moglegheit av Olje- og industridepartementet i stortingsmelding 26 for 1978.²³⁹

Konsekvensane av ei slik utsetting var i hovudsak sett i samanheng med inntening frå råolje og raffinerte i perioden. Ein berekning for kva konsekvensar ei utsetting på eitt år ville ha for inntektene vart utført og transkribert i tabell 9.

Tabell 9 - Minking av inntekter ved ein forseinking av produksjonsstart av Statfjord-feltet på eitt år. (million kroner, 1978)

	1980	1982	1985	1990
Opphavleg salsinntekt	3.274	4.938	8.271	10.561
Ny salsinntekt	1.996	3.633	6.960	10.834
Endring	- 1.278	-1.305	-1.311	+273

Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Problemstillinger ved avsetning av råolje og raffinerte produkter, 8.9.1978. Tabell 3-3, Side 21.

Som ein kan sjå ville ei slik utsetting ha store konsekvensar for inntektene frå råolje og raffinerte produkt. I samanlikning med inntekt frå den opphavelige produksjonsstarten ville inntektene ikkje jamne seg ut før 1990. Dette tydeleggjer kort viktig det var at ikkje nye utsettingar av feltet fann stad, og at produksjonsstarten fann stad som planlagt ved årskiftet 1979/1980.

Samanhengen med ein eventuell endring av produksjonsstart ville ikkje ha langvarige påverknader på overskottet frå dei ulike nedstraumsalternativa. I tabell 10 er det skildra at desse alt i 1985 ville ha justert seg til å vere tilsvarande som tidlegare framlagt. Ei utsetting ved Statfjord-feltet ville difor ikkje endre vurderinga av nedstraumsalternativa i nokon vesentleg grad, med unntak av at overskottet i startperioden ville vere lågare.

²³⁹ Olje- og energidepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1979. Årsberetning og regnskap 1977. Melding om virksomheten 1. halvår 1978», St. meld. nr. 26, 1978. Side 8.

Tabell 10 – Overskottsdifferansar

	1980	1982	1985	1990
Endring i alternativ B's overskudd i forhold til alternativ A	- 5,0	-	-	-
Endring i alternativ C's overskudd i forhold til alternativ A	- 11,0	-5,0	-	-

Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Problemstillinger ved avsetning av råolje og raffinerte produkter, 8.9.1978. Tabell 3-4, Side 22.

Marknadsføringsavdelinga tok ingen avgjersler kring kva av dei tre nedstrømsalternativa som ville vere mest gunstige for sal av råolje og raffinerte produkt. Dette måtte avgjerast utover vidare planlegging fram til produksjonsstart gjort av marknadsføringsavdelinga og styringsgruppe for avsetningspolitikken.²⁴⁰ Den vidare planlegginga skulle difor bestå av å finne ut kva eventuelle samarbeid Statoil måtte bygge opp og kor stor investering kring raffinering Statoil kunne forvente seg. Utifrå planlegginga av desse to punkta kunne vidare nedstrømsengasjement diskuterast med større presisjon og sikkerheit.

6.3 Produksjonsstarten nærmar seg

Den 27. oktober 1978 la Olje- og energidepartementet fram Statoil sin plan for verksemda i 1979. I samandraget av denne planen vart Staffjord skildra som «...det viktigaste bidrag til selskapets inntjening», men det vart usikkerheit til kor tid denne innteninga ville skje.²⁴¹ I planen frå 1977 var produksjonsstarten satt til sommaren 1979, og i planen for 1978 vart utifrå Statoil vurdering umogleg å følgje denne planen. Den nye produksjonsdatoen vart satt til årskiftet 79/80 på grunn av at produktiviteten ved feltet hadde vore låg.²⁴² Det var også lagt

²⁴⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Problemstillinger ved avsetning av råolje og raffinerte produkter, 8.9.1978. Side 23-24.

²⁴¹ Olje- og energidepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1979. Årsberetning og regnskap 1977. Melding om virksomheten 1. halvår 1978», St. meld. nr. 26, 1978. Side 4.

²⁴² Ibid. Side 8.

føre at denne fristen kunne bli utsett ytleigare. Grunnen til utsettinga var mellom anna at ein brann hadde brytt ut ved plattformen i februar, noko som hadde kosta fem menneskeliv.²⁴³

I november 1978 starta produksjonsboringa av utvinningsbrønnane ved Statfjord A.²⁴⁴ Boringa skulle skje i regi av boreselskapet Loffland Brothers, og totalt skulle 28 brønnar borast ved heile feltet.²⁴⁵ Planen i 1978 var at all installasjonsarbeid skulle vere fullført innan august 1979, men når produksjonsboringa starta var framgangen alt sju til åtte veke forsinka. Tida som vart tapt skulle vise seg å ikkje vere mogleg å ta igjen, og det vart sett føre at installasjonsarbeidet tidlegast ville vere ferdig i november 1979. Utifrå framlegget frå den 8. september ville dette ha store konsekvensar for det forventta innteninga frå Statfjord-feltet. Statoil sin tanka var difor at desto raskare produksjonen starta desto betre ville inntektsutsiktene vere. I *Frå vantrø til overmøt?* aktualiserer Tore Jørgen Hanich og Gunnar Nerheim kva konsekvensen av ei utsetting av Statfjord A ville ha dersom produksjonsstarten vart utsett med seks månader, altså produksjonsstart den 1. mai 1980.²⁴⁶ Noverdien ved ein slik utsetting ville utgjere meir enn 350 millionar kroner, noko som verken Statoil, den norske stat eller dei andre medlemmane av Statoil/Mobil-gruppa hadde ynskjer om.

Ei løysing måtte difor presenterast, og om våren og sommaren 1979 var Mobil i stadig dialog med Oljedirektoratet og Olje- og energidepartementet for å prøve å kome fram til ei løysing.²⁴⁷ Løysinga kom i midten av september 1979, kor Mobil sendte ein formell søknad til Olje- og energidepartementet om godkjenning til å ta i bruk fire brønnar som ville vere klare til produksjon i løpet av kort tid. Søknaden vart godkjent i midten av november på tross av at Oljedirektoratet hadde nokre motførestillinga til forslaget. Olje- og energidepartementet hadde innsikt i kva konsekvensen av ei lang utsetting ville føre til, og utifrå synspunkta som hadde blitt lagt fram i notatet den 8. september godkjente departementet Mobil sin søknad. Frå eit inntekts messig perspektiv var dette positivt sidan det tyda at dei forskyvde inntektene ville vere langt lågare enn for eksempel forslag som Hanich og Nerheim skildra. Råoljeproduksjonsstarten av feltet vart satt i gang den 24. november og tre dagar seinare starta

²⁴³ Smith-Solbakken, «Statfjord A-brannen»

²⁴⁴ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmøt til vantrø?* Side 400.

²⁴⁵ Smith-Solbakken, *Oljearbeiderkulturen*, side 212.

²⁴⁶ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmøt til vantrø?* Side 401.

²⁴⁷ Ibid. Side 400.

lastinga av den første lasta frå Statfjord-feltet.²⁴⁸ 13. desember vart den første lasten frå Statfjord-feltet levert til Mongstad.²⁴⁹

6.3.1 – Ei ny styringsgruppe vart sett saman

Som ein kan sjå var perioden frå oktober 1978 til slutten av 1979 prega av hektiske tider ute ved Statfjord-feltet. Internt i styringsgruppa for avsetningspolitikken skjedde det også endringar, kor spesielt 2. november 1978 markerte ein viktig dato for det siste planleggingsåret før produksjonsstart. Dette var datoen kor ei ny styringsgruppe vart satt saman. Gruppa var beståande av medlem frå den gamle styringsgruppa frå Statoil sine ulike avdelingar, samt representantar frå Olje- og energidepartementet.²⁵⁰ Varigheita til dette samarbeidet skulle utifrå referatet vare fram til januar 1979, men ein ser i etterkant at styring styringsgruppa hadde eit møte saman den 7.mai.²⁵¹ Det er usikkert om samarbeidet i denne gruppa varte lenger enn til mai 1979.²⁵²

Gruppa si rolle skulle i hovudsak fungere på same måte som den tidlegare, kor marknadsføringsavdelinga danna vurderingar som vart lagt fram til styringsgruppa. Sjølv om prosessen var den same, var det likevel ein markant endring at departementet engasjerte så mykje rundt avsetningspolitikken. Det marker mellom anna at den norske stat no ville ha ei innsikt i kva som føregjekk internt i Statoil, og hadde gjennom gruppa moglegheit til å ytre si meining ovanfor Statoil.

Olje- og energidepartementet starta raskt å ytre si meining, og allereie under det første møtet i styringsgruppa den 15. november 1978 vart det lagt fram klare tankar kring kva gruppa ynskja å sjå i nær framtid. I referatet av møtet verkar det som at Olje- og energidepartementet sine representantar, hovudsakleg representant Johan Vold, hadde ei leiande rolle i gruppa.²⁵³ I møtet den 15. november vart to punkt gått gjennom. Det første var

²⁴⁸ Lavik, Håkon, *Statfjord: the largest oilfield in the North Sea*. Side 40.

²⁴⁹ Hanisch og Nerheim. *Norsk oljehistorie – Frå overmot til vantro?* Side 402.

²⁵⁰ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Referat frå møte i arbeidsgruppen for statens avsetningspolitikk 15. november 1978, 22.11.1978.

²⁵¹ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Referat av «Møte med OED 7.5.79 om Stortingmelding om oljevirkosomheten, avsnitt om avsetningspolitikken, 11.5.1979.

²⁵² I kjeldegranskingar er møtet den 7.5.79 det siste som førekom av styringsgruppa som vart skipa 2. november 1978. Det er usikkert om gruppa vedvarte sitt samarbeid etter denne datoen.

²⁵³ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Referat frå møte i arbeidsgruppen for statens avsetningspolitikk 15. november 1978, 22.11.1978. Side 1.

å ta opp hovudproblemstillingane som den gamle gruppa hadde vurdert, altså transport, forsyning av råolje, pris og moglege avsetningsmåtar for råolje og raffinerte produkt slik at den nye gruppa var kjent med planlegginga som hadde blitt gjort tidlegare. Dette fortel at Olje- og energidepartementet hadde fått innsikt i vurderinga som hadde blitt gjort den 8. september 1978 kring konsekvensane av ei utsetting av Statfjord-feltet. Denne informasjonen var truleg avgjerande kring Olje- og energidepartementet sin avgjersle om å godkjenne Mobil sin søknad i november 1979.

Det andre punktet vurderte kva den framtidige planlegginga skulle omhandle, og kor tid denne planlegginga skulle leggest fram. Fokuset av planlegginga var kring råolje foredling, raffineringsindustrien, Statoil sin framtidige marknadsføring av både råolje og raffinerte produkt og kva utsiktane var for det norske oljemarknaden.²⁵⁴ Det vart tatt sikte om at planlegginga av desse punkta skulle vere ferdig avslutta i løpet av januar 1979, og at førsteutkastet skulle verte lagt fram første veka av desember 78. Den 6. desember 1978 vart difor eit utkast lagt fram beståande av fire sider og ein disposisjon kalla Statoils marknadsføring lagt fram med tittelen «3.3.4 - Statoil's markedsføring» retta mot «St. meld 1978-79».²⁵⁵ Dette indikerer at disposisjonen frå utkastet frå 6. desember 1978 var meint som eit tidleg utkast av noko som skulle ta del av ei stortingsmelding. I løpet av kjeldegranskinga har kun eitt anna utkast av dette dokumentet blitt funnet, datert 3.5.1979, i samband med eit dokument av same dato som skildrar utkast som «av foreløpig karakter».²⁵⁶ Tittelen på dette dokumentet var «Stortingsmelding om oljevirkosomheten. Utkast til avsnitt om statens avsetningspolitikk» tilseier at eit avsnitt om statens avsetningspolitikk var meint å vere ein del av Olje- og energidepartementet sin stortingsmelding 28 for 1979-1980 om Statoils verksemd. I stortingsmelding 28 er derimot eit punkt med namnet «avsetningspolitikk» ikkje oppført, og ingen av avsnitta tek føre seg tema som avsnittet skildrar.²⁵⁷ Dette tilseier at på eit tidspunkt etter 3. mai vart det bestemt at dette punktet ikkje skulle ta del i stortingsmeldinga.²⁵⁸ Dette

²⁵⁴ Ibid. Side 1.

²⁵⁵ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Vedr. OED-ST. MELD. 1978-79, Utkast til disposisjon, 3.3.4 – Statoil's markedsføring, 6.12.78

²⁵⁶ DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Stortingsmelding om oljevirkosomheten. Utkast til avsnitt om statens avsetningspolitikk. 3. mai 1979.

²⁵⁷ Olje- og energidepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1980. Årsberetning og regnskap 1978. Melding om virksomheten 1. halvår 1979», St. meld. nr. 28, 1979.

²⁵⁸ Det må merkast at i Olje- og energidepartementet sin stortingsmelding nr. 44 for 1980 vart punkta som avsetningspolitikken tok føre seg tatt i stor grad.

var truleg på grunn av usikkerheita som var knyta til produksjonsstarten av Statfjord-feltet på dåverande tidspunkt.

6.3.2 – Det andre oljesjokket

Samstundes som produksjonsboringa av Statfjord-feltet vart satt i gang skjedde det drastiske endringar i Iran som skulle få følgjer for internasjonale oljeprisar. Den iranske revolusjon begynte sommaren 1978 med ei rekkje demonstrasjonar mot den iranske leiinga, og i løpet av hausten gjekk større og større delar inn i streik av landets industri.²⁵⁹ For det internasjonale oljemarknaden hadde revolusjonen og streikane store konsekvensar. I september vart det produsert omkring seks millionar fat olje per dag, og som verdas nest største oljeeksporterande land var spesielt vestlege land avhengige av oljen.²⁶⁰ I januar hadde mengda eksportert olje minka til éin halv million fat, og tanken om ei ny oljekrise starta å bli ein realitet. I februar og mars hadde den iranske industrien gjenoppbyggja seg mot ein eksport som var på omkring halvparten av kva som hadde blitt eksportert i september. Det verka som ei ny oljekrise hadde blitt unngått.

Dette var ikkje tilfellet, og i mars haldt OPEC sine medlemsland eit møte for å diskutere den aukande oljeprisen som hadde visst seg på grunn av minka av iransk eksport.²⁶¹ Prisen på «spotmarkedet» hadde då auke med omkring 30%, og prisen på raffinerte produkt med 60%. Vestlege land starta å hamstre olje i frykt av at prisstigninga av oljen kom til å ha like stor effekt som oljekrisa frå 1973/74 hadde hatt. Samstundes starta land å sette inn restriksjonar mot bruk, for å minke oljeforbruket. Dette hadde ein liten på effekt på kva som skulle skje vidare. Ved september 1979 starta krigen mellom Irak og Iran, og den dagleg tilføring olje til verdas oljebehov minka med omkring fire millionar fatt.²⁶² Panikken var no eit faktum, og det visste seg at oljeprisane som hadde auka frå mars skulle fortsette å auke. I løpet av året 1979 auka prisane frå 13 dollar per fat til 26 dollar per fat, og prisen fortsette å auke fram til 1981 januar kor prisen hadde stege til 37 dollar per fat. Etter januar starta prisen å sinke, men ei ny oljekrise hadde vore eit faktum.

²⁵⁹ Yergin, *The Prize – The Epic Quest for Oil, Money & Power*. Side 659-660.

²⁶⁰ Howarth, *A century in Oil: The «Shell» Transport and Trading Company 1897-1997*. Side 336.

²⁶¹ Yergin, *The Prize – The Epic Quest for Oil, Money & Power*. Side 671.

²⁶² Howarth, *A century in Oil: The «Shell» Transport and Trading Company 1897-1997*. Side 337.

6.4 Marknadsstrategisk plan 1979-1990

For Statoil sin inntening frå Statfjord-feltet hadde oljekrisa frå 1979-1981 positive langvarige konsekvensar, men under den siste tida av planlegginga av avsettinga for Statfjord-feltet var det usikkert kva konsekvensar prisstigninga på oljen ville ha. Den siste planlegginga fann nemleg stad 15. januar 1979, og rapporten «Markedsstrategisk plan for omsetning av råolje og raffinerte produkter, 1979-1990» vart danna relativt tidleg i oljesjokket.²⁶³ På grunn av at planlegginga skjedde på dette tidspunktet hadde ikkje marknadsføringsavdelinga, som gav ut rapporten, innsikt i kor langvarig krisa kom til å vere. Situasjonen i Iran vart internt i avdelinga skildra som ustabil, og det var forventa at tilgangen på råolje ville minke i verda.²⁶⁴ Dersom krisa skulle vise seg å vere langvarig ville tilgangen vere låg i lengre tid, var marknadsføringsavdelinga sitt synspunkt. På grunn av at det var usikkert for avdelinga kor alvorleg krisa faktisk var, og det vart ikkje gjort ein vidare diskusjon kring dette temaet. Planlegginga av avsettinga frå Statfjord var difor i store delar den same som hadde blitt lagt fram før krisa.

Rapporten som vart lagt fram var ei vidareføring og avslutting av all tidlegare dokumentasjon kring planleggingsprosessen, og la fram den langsiktige planen for kva som skulle skje med råolje og raffinerte produkt frå mellom anna Statfjord-feltet. Planen som vart lagt fram var den siste som tok føre seg planlegginga av avsettingspolitikken før produksjonsstart ved Statfjord-feltet vart satt i gang.²⁶⁵ Rapporten vart delt inn i fem ulike kapittel som omhandla selskapsmessige grunnlag, marknadsområda, verkemiddel, strategi og handlingsprogram. Dei første fire delane var stort sett dokumentasjon av informasjon som hadde blitt lagt fram tidlegare med små endringar. Det siste punktet, som omhandla Statoil sitt handlingsprogram, gjekk i djupna på kva dei framtidige planane til selskapet var, og korleis fordelinga mellom råolje og raffinerte produkt ville sjå ut i perioden 1979-1990. Dette punktet skildra difor den langsiktige planen til Statoil.

Målsettinga Statoil såg føre seg ved sal frå Statfjord-feltet var at avsettinga var stabil og sikker inntening på langsiktige basis, og at salet skulle skje gjennom eigen tilgang av olje

²⁶³ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapport. Markedsføring, 0002, MO01-05A2729, Markedsstrategisk plan for omsetning av råolje og raffinerte produkter 1979-1990, MAR 15.1.79.

²⁶⁴ Ibid. Side 14-15

²⁶⁵ Dette av kjelder eg har funnet.

fordelt mellom sal av råolje og raffinerte produkt.²⁶⁶ I fordelinga mellom råolje og raffinerte produkt vart det lagt høgde for at engasjementet for raffinerte produkt ikkje skulle overstige halvparten av Statoil sin tilgang av råolje. Denne strategien var hovudsakleg for å hindre at Statoil hamna i ein situasjon kor selskapet hadde for mykje raffinerte produkt å selje, og for å hindre at for store delar av råoljetilgangen vart knyta til raffinerte produkt. Fleksibilitet var difor ein viktig del av planlegginga for fordelinga mellom raffinerte produkt og råolje.

Statfjord vart sett på som svært viktig for avsetting, og feltet ville vere Statoil sin hovudinntektskjelde ved sidan av avgiftsolje frå Ekofisk i dei kommande åra.²⁶⁷ Aukingar av inntekt ville for perioden 1979-1990 auke med omkring 240% prosent, og i 1990 var det forventa at 90% av den totale forsyninga av råolje ville kome frå Statfjord-feltet. Feltet vart difor markert som den viktigaste forsyingsplattforma for framtidig inntekt. For at inntekta skulle vere høgast mogleg vart det diskutert, som tidlegare, at Statoil måtte ha ei oversikt over kva marknadsområde som ville gje høgast mogleg inntening. Konkurransen mellom Statfjord-oljen til å konkurrere med råolje frå Nord-vest Afrika, på grunn av råoljen låge svovelinnhald. Som tidlegare vart primærmarknadane Noreg, Sverige, Vest-Tyskland, og USA, men no vart også Frankrike sett på som eit primærmarknad.²⁶⁸ Sverige, Vest-Tyskland og USA var som tidlegare skildra storimportørar av lett, lågsvovelholdig olje og vart difor sett på som primærmarknadar. Frankrike hadde høge priser på raffinerte produkt, og dette var grunngevinga for kvifor Frankrike no vart sett på som eit primærmarknad og ikkje ein sekundær marknad på linje med Danmark, Finland, Nederland og Belgia.²⁶⁹

Avtalar med desse landa skulle skje enten via kortsiktige, langsiktige eller deltakingsavtalar i likskap med tidlegare diskusjonar til nasjonale, internasjonale og uavhengige oljeselskap.²⁷⁰ I tillegg ville ein del av oljen bli selt på «spotmarkedet» då til dei same type selskapa, men også til andre oljeselskap og industriselskap. Tanken var at salet skulle skje både gjennom sal av råolje og raffinerte produkt. Ulike nedstrømsalternativa for raffinerte produkt vart difor diskutert kor deltakingsavtalar, leigeraffinering og utviding av

²⁶⁶ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002, MO01-05A2729, Markedsstrategisk plan for omsetning av råolje og raffinerte produkter 1979-1990, MAR 15.1.79. Side 34-35.

²⁶⁷ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002, MO01-05A2729, Markedsstrategisk plan for omsetning av råolje og raffinerte produkter 1979-1990, MAR 15.1.79. Side 7.

²⁶⁸ Ibid. Side 29.

²⁶⁹ Ibid. Side 16+29.

²⁷⁰ Ibid. Side 31+33.

norske raffineri var moglege vegar å gå.²⁷¹ Deltakingsavtalar var mest aktuelle langvarige alternativet i primærmarknadane fordi dette alternativet hadde flest moglege positive sider for Statoil. Grunngevinga var hovudsakleg at Statoil ved slike avtalar var plassert godt i ein forhandlingsposisjon sidan Statoil hadde kontroll over tilgangen til råolje ovanfor partnarselskapa. Dette gav Statoil ein maktposisjon kor ein kunne velje kva selskap som var mest aktuelle og kor den høgaste avsettinga ville førekomme.

Utifrå denne vurderinga vart det satt opp eit handlingsprogram for kvart enkelt av primærmarknadane, samt kva den framtidige planen til Statoil ville vere rundt desse marknadane. Eit handlingsprogram for kvart av dei sekundære marknadane vart ikkje lagt fram, og desse var samla saman til eit punkt. Det var også lagt fram eit handlingsprogram for sal på «spotmarkedet» som Statoil såg føre seg kom til å vere eit gjeldande alternativ i heile perioden frå 1979-1990.²⁷² For råolje vart tatt høgde for at sal til alle primærmarknadane, med unntak av Frankrike, ville finne stad i løpet av perioden 1979-1983.²⁷³ Frankrike vart ikkje tatt med fordi det primært var fokus på sal av raffinerte produkt i dette marknaden. Sal til Noreg skulle skje kort tid etter at Statfjord-feltet sin produksjon hadde starta opp. For primærmarknadar utanfor Noreg var avtalar med Vest-Tyskland dei første som ville kome i gang, og Statoil ville i utgangen av 1979 starte ein dialog om ein langsiktig avtale med det nasjonale oljeselskapet Veba om forsyning av råolje. I midten av 1980 såg ein føre seg at avtalar med det svenske marknaden ville starte, då i samarbeid med selskapa OK, Nynäs og Svenska Petroleum. Om desse avtalane skulle vere kortvarige eller langvarige vart ikkje presisert, men forhandlingane omhandla at Statoil skulle forsyne desse selskapa med større leveransar av råolje. I tillegg tok Statoil høgde for at i løpet av perioden 1980-1983 ville ytleigare avtalar med USA og det vest-europeiske marknaden starte opp. Dette var framleis i planleggingsstadiet.

For raffinerte produkt var primærmarknadane som var aktuelle Noreg, Sverige, Vest-Tyskland og Frankrike. I Skandinavia skulle sal av raffinerte produkt i hovudsak skje frå norsk side gjennom Norol. Statoil hadde difor tenkt å søke om ein overtaking av eigarskapet i Norol ved slutten av 1979.²⁷⁴ I ettertid ser ein at Statoil sin søknad vart innvilga, og både

²⁷¹ Ibid. Side 30+31.

²⁷² Ibid. Side 41-42.

²⁷³ Ibid. Side 42.

²⁷⁴ Ibid. Side 42.

Hydro, Saga og Norges Kooperative Landsforening hadde selt seg ut av selskapet i løpet av 1979.²⁷⁵ Statoil overtok også den norske statens eigardel av selskapet, noko som tyda at Statoil hadde full kontroll av raffineriet ved Mongstad. Det vart vidare også lagt føre at Statoil skulle søke om utviding av raffinerikapasiteten i Noreg. Med tanke på at ingen utvidingar ved Mongstad fann stad før 1989 vart denne søknaden ikkje innvilga før eit seinare tidspunkt i 1984 kor stortinget godkjente utvidinga.²⁷⁶ I etterkant ser ein at Statoil avgjorde at raffineriet ved Mongstad skulle byggast ut i 1980/81.²⁷⁷ Saman med raffinering ved Mongstad var det også mogleg at Statoil involverte seg på det svenske marknaden. Ei slutning om raffinering på det svenske marknaden måtte difor takast før dialogen om råoljesal i midten av 1980 vart starta opp med svenske oljeselskap. Avgjersla om eit svensk raffineriengasjement måtte difor takast i starten av 1980.

Vidare vart handlingsprogrammet av sal av raffinerte produkt til Vest-Tyskland og Frankrike skildra. For Vest-Tyskland skulle vurderinga av lønnsamheit, samt moglege oljeselskap avgjerast i løpet av midtperioden av 1979.²⁷⁸ Veba vart tatt som eit spesial tilfelle, kor moglegheita for eit samarbeid mellom Statoil og Veba skulle takast opp under møtet kring sal av råolje i slutten av 1979. Dette indikera at Statoil sin plan var at sal av raffinerte produkt i Vest-Tyskland skulle skje gjennom deltakingsavtalar med tyske oljeselskap, kor Veba markerte seg som eit oljeselskap som Statoil ynskja å samarbeide med. Den vidare planen for Vest-Tyskland var å slutføre forhandlingane, noko Statoil såg føre seg ville skje seint 1979. Slutninga om eit eventuelt samarbeid skulle takast mot midten av 1980, og ved ein eventuell avtale ville raffineringssamarbeidet starte opp i 1982.

Handlingsprogrammet for det franske marknaden hadde store likskapar med det tyske handlingsprogrammet. Statoil tok føre seg at vurderinga av lønnsamheita ved marknadsføring og raffinering på det franske marknaden ville finne stad på eingong i midten av 1981.²⁷⁹ I denne vurderinga ville det mellom anna verte vurdert om Statoil sitt samarbeid ovanfor franske myndigheita, som hadde sterk kontroll over det franske marknaden, ville vise seg å vere lønnsamt. Dersom dette viste seg å vere tilfellet ville ei vurdering av aktuelle franske

²⁷⁵ Ryggvik. *Norsk oljevirkosomhet mellom det nasjonale og det internasjonale*. Side 186.

²⁷⁶ Thorsnæs, «Mongstad» + Lie, *Oljerikdommer og internasjonal ekspansjon – Hydro 1977-2005*. Side 108.

²⁷⁷ Johnsen. *Gjennombrudd og vekst*, 1990. Side 284.

²⁷⁸ DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapport. Markedsføring, 0002, MO01-05A2729, Markedsstrategisk plan for omsetning av råolje og raffinerte produkter 1979-1990, MAR 15.1.79. Side 43.

²⁷⁹ Ibid. Side 43-44.

oljeselskap verte gjort mot slutten av 1981. Ei slutning kring dette temaet skulla takast tidleg 1982, og ein oppstart av samarbeid med franske oljeselskap ville tidlegast starte i 1983.

Det totale handlingsprogrammet som vart lagt fram den 15.1. 1979 markerte slutten på planlegginga av kva som skulle skje med Statfjord-oljen før produksjonen ved feltet vart starta opp. Sal av råolje var hovudfokuset etter oppstartsfasen, og dette ville starte opp kort tid etter produksjonsstart. Eventuelle sal av raffinerte produkt utanfor Noreg ville finne stad i løpet av den tidlege fasen av 1980-tallet, og Statoil hadde mellom anna klare vurderingar for korleis dette skulle gjerast i Sverige og Vest-Tyskland, med eit eventuelt tredje område i Frankrike utover 1980-tallet.

6.5 Konklusjon

Det siste året før produksjonen av Statfjord-feltet vart truleg den mest hektiske perioden i selskapets historie. Selskapet måtte takle nye utsettingar ved å finne løysingar som gjorde at produksjonen fann stad før årskiftet 1979/80 medan ein ny oljekrise i verdsmarknaden utfolda seg. Samstundes gjekk planlegginga internt ved marknadsføringsavdelinga framover, og i starten av året 1979 hadde Statoil ein langsiktig plan for korleis råolje og raffinerte produkt skulle avsettast når Statfjord-feltet starta sin produksjonsstart. Råolje skulle få størst merksemd, og planen la føre at råolje i startperioden for Statfjord-feltet skulle stå som hovudinntektskjelda frå feltet. Det at handlingsprogrammet involverte Vest-Tyskland og Frankrike i raffinerisamanheng tyda at Statoil skulle gå for eit nedstraumsengasjement som var likt Alternativ C frå september 1978. Det tyda at avsettinga frå Statfjord kring raffinerte produkt ville skje sakte, men at den ville vere stabil. Denne avgjersla kan sjåast i samanheng med Statoil sin overordna målsetting om ein langvarig stabil avsetting, og ved å gå for dette alternativet sikre det at Statoil sin avsetting ville vere langvarig fram mot 1990-tallet.

Kapittel 7 - Konklusjon

For å svare på oppgåva sin problemstilling, *Korleis utvikla Statoil ein strategi for avsettinga av norsk olje i perioden 1974-1979, med fokus på råolje og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet?*, har eg gått kronologisk fram for å skape ei oversikt over korleis Statoil sin planleggingsprosess til ein strategi for avsetting av råolje og raffinerte produkt frå Statfjord-feltet gjekk føre seg i perioden 1974-1979. Planleggingsprosessen starta for fullt i februar 1976 kor hovudsynspunkta var retta mot avsettinga av råolje. I tida fram til 1979 var avsettinga meir komplett, og ved starten av 1979 hadde Statoil danna ein plan for både råolje og raffinerte produkt gjennom eit handlingsprogram og ein plan som skulle vare fram til 1990.

Grunnen til at utviklinga av strategien starta i utgangspunktet var fordi Noreg gjennom Statfjord-feltet var i ein situasjon kor landet hadde for mykje olje samanlikna med kva landet hadde behov for. Dette er grunngevinga for kvifor planleggingsprosessen var så viktig, sidan Statoil sin marknadsføringsavdeling i 1974 hadde fått oppgåva om å danne ein plan for kva som skulle skje med overfloda av olje Statfjord-feltet ville generere. Konsekvensen av planleggingsprosessen var at Statoil hadde danna ein strategi som skulle løyse Noreg sin store tilgang til olje. To løysingar kring olje vart tidleg framstilt, sal av råolje og sal av raffinerte produkt. Frå Statoil sitt synspunkt var det viktig å satse på begge områda, hovudsakleg for at det ville gje ein sikrare og mest mogleg stabil inntening. Etter kvart som prosessen om ein strategi utvikla seg vart hovudmålet for avsettinga også klar. Dette målet var ved slutten av strategiutviklinga at avsettinga skulle vere stabil og inntening på langsiktige basis skulle vere sikker. Ved å fordele salet mellom råolje som gav stabil avsetting, og gjennom sal av raffinerte produkt, som var ein langvarig prosess, sikra Statoil at avsettinga var både stabil og langvarig.

I handlingsprogrammet som planleggingsprosessen resulterte i var sal av råolje og raffinerte produkt delt opp i kvar sine grupper av marknader. Planen var at sal av råolje skulle starte kort tid etter oppstarten av feltet, i hovudsak for å sikre at inntening av dei ressursane som hadde blitt brukt for å setje i gang Statfjord vart tent inn på kort tid. Sal av råolje var difor både ein kortsiktig og ein langsiktig plan for avsettinga. Hovudmarknadane ved eit slikt sal skulle vere Skandinavia, Vest-Europa og USA. I tillegg skulle delar av råoljen seljast på «spotmarkedet» i heile perioden frå 1979 til 1990. Sal av raffinerte produkt var motsett frå sal av råolje og dette skulle vere ein langsiktig plan for avsettinga frå Statfjord. På grunn av dette var dette ikkje like mange marknader som var aktuelle sett utifrå Statoil og

marknadsføringsavdelinga sine vurderingar, og kun Noreg, Vest-Tyskland, Frankrike og Sverige hadde under lengre tid av planlegginga blitt diskutert som moglege marknader for raffinering av oljen. Dette var også tilfellet i handlingsprogrammet som avslutta planlegginga for raffinerte produkt kor Statoil gradvis utover 1979-1983 skulle engasjere seg i nedstraumsengasjement for kvart land. Felles for både sal av råolje og raffinerte produkt var at Statoil skulle i hovudsak selje oljen til andre oljeselskap, kor både nasjonale, uavhengige og internasjonale selskap vart sett på som aktuelle.

Store delar av planleggingsprosessen for strategien hadde leia fram til denne planen som hadde blitt utført av Statoil sin marknadsføringsavdeling, men også Industridepartementet og andre avdelingar ved Statoil hadde bidratt i arbeidet som vart utført. Sjølv om den norske stat gjennom Industridepartementet, og seinare Olje- og energidepartementet, hadde bidratt i prosessen var det marknadsføringsavdelinga som hadde gjort den største delen av strategiutviklinga. Departementa kom i hovudsak med innspel om endringar av arbeidet som marknadsføringsavdeling alt hadde gjort, noko som fortel at Statoil stod for dei avgjerslene som vart gjort under prosessen.

Resultatet av strategien som vart utvikla kan kallast Norges avsettingspolitikk, og det er ingen tvil om at denne delen av norsk historie var viktig for den rikdommen Noreg fekk i etterkant. På lengre sikt ville sal av råolje og raffinerte produkt sikre at avsettinga frå Statfjord-feltet ville vere langvarig og ha stor innverknad på Noreg sin økonomi fram til 1990, og som vi veit i dag også tida etter. Det vil difor vere interessant å sjå nærare på korleis avsettingspolitikken og strategien som vart utvikla på 1970-tallet påverkar Noreg i tida etter 1979, og korleis den påverka Noreg i dag.

Kjeldeoversikt:

Kjelder frå Statoils arkiv ved statsarkivet i Stavanger:

Da – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkiv:

L0099 – XA01-M1.09

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Betraktinger vedrørende markedsføring av Statfjord-råolje, 3.1.1977.
- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Brev frå P.W Hetland til styringsgruppen for avsetningspolitikk/markedsstrategi, 8.9.1978.
- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Del II – Avsetningspolitikk 7.7.1977.
- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Problemstillinger ved avsetning av råolje og raffinerte produkter, 8.9.1978.
- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Referat av «Møte med OED 7.5.79 om Stortingmelding om oljevirkosmheten, avsnitt om avsetningspolitikken, 11.5.1979.
- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk for Petroleum, ukjent utkast og ukjent dato.
- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Statoils Avsetningspolitikk, Svar på Industridepartementet sin forespørsel, 21.6.1977.

-Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0099 – XA01-M1.09, Stortingsmelding om oljevirkosomheten. Utkast til avsnitt om statens avsetningspolitikk. 3. mai 1979.

L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Avsetningspolitikken – Råolje/produkter: Revidert forslag til disposisjon etter møte med Arve Johnsen 7.9.1977, 8.9.1977.

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Brev frå Industridepartementet: Kontinentalsokkelen. Statoils avsetningspolitikk. 31.5.1977.

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Brev frå Øystein Noreng til Erik Schanche: Utredning om Avsetningspolitikk - Henvendelse fra Industridepartementet, 31.5.1977.

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Markedsføringsplan for Statfjord råolje, 8.3.1977.

-Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Mål og midler av avsetningen av petroleum og petroleumprodukter, 6.12.77.

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Referat frå møte i arbeidsgruppen for statens avsetningspolitikk 15. november 1978, 22.11.1978.

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 –
Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 –
XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum, Utkast nr. I,19.7.77.

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 –
Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 –
XA01-M1.09-XA01-M2.02, Vedr. OED-ST. MELD. 1978-79, Utkast til disposisjon, 3.3.4 –
Statoil's markedsføring, 6.12.78.

Dm – Statfjordarkivet:

L0010 – Rapporter. Markedsføring,

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 –
Sentralarkivet/Fjernarkivet, DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0001,
MO01-00A2727 – MO01-01A2728, Statfjord seminar – Markedsføring råolje, 24.2.76.

- Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 –
Sentralarkivet/Fjernarkivet, DM – Statfjordarkivet, L0010 – Rapporter. Markedsføring, 0002,
MO01-05A2729, Markedsstrategisk plan for omsetning av råolje og raffinerte produkter
1979-1990, MAR 15.1.79.

Publiserte stortingsmeldingar, stortingsinnstillingar og stortingsproposisjonar

-Industridepartementet, «A. Virksomheten på den norske kontinentalsokkel. B. Virksomheten til Den norske stats oljeselskap A/S i 1974, og selskapets planer for virksomheten i 1975. C. Virksomheten til Statens oljedirektorat i 1973 og 1974», St. meld. nr. 81 (1974-75). Oslo: Industridepartementet, 1974.

-Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1976. Årsberetning og regnskap 1974. Melding om virksomheten 1. halvår 1975», St. meld. nr. 30 (1975-76). Oslo: Industridepartementet, 1975.

- Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1977. Årsberetning og regnskap 1975. Melding om virksomheten 1. halvår 1976», St. meld. nr. 21 (1976-77). Oslo: Industridepartementet, 1976.

-Industridepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1978. Årsberetning og regnskap 1976. Melding om virksomheten 1. halvår 1977», St. meld. nr. 33 (1977-78). Oslo: Industridepartementet, 1977.

- Industridepartementet, «Innstilling fra den forsterkede industikomité om undersøkelse etter og utvinning av undersjøisk naturforekomster på den norske kontinentalsokkel m.m.» Innst. S. nr. 294 (1970-1971). Oslo: Industridepartementet, 1970-71.

- Industridepartementet, «Undersøkelse etter og utvinning av undersjøiske naturforekomster på den norske kontinentalsokkel m.m» St. meld. nr. 76(1970-71): Oslo Industridepartementet.

-Industridepartementet, «Utøvelse av Den norske stats oljeselskap a.s' opsjon på deltakelse i utviklingen av petroleumforekomst på Statfjord-feltet. (utvinningstillatelse for petroleum nr. 037 på blokkene 33/9 og 33/12)», St. prp. Nr. 114 (1974-75). Oslo: Industridepartementet, 1975.

- Olje- og energidepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1979. Årsberetning og regnskap 1977. Melding om virksomheten 1. halvår 1978», St. meld. nr. 26 (1978-79). Oslo: Olje- og energidepartementet, 1978.

- Olje- og energidepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1980. Årsberetning og regnskap 1978. Melding om virksomheten 1. halvår 1979», St. meld. nr. 28 (1979-80). Oslo: Olje- og energidepartementet, 1979.

- Olje- og energidepartementet, «Den norske stats oljeselskap A/S. Selskapets planer for virksomheten i 1981. Årsberetning og regnskap 1979. Melding om virksomheten 1. halvår 1980», St. meld. nr. 44 (1979-80). Oslo: Olje- og energidepartementet, 1979.

- Olje- og energidepartementet, «Ilandføring av olje fra Statfjordfeltet og status for en samlerørledning for gass», St. meld. nr. 58 (1979-1980). Oslo: Olje- og energidepartementet, 1979.

Skriftlege kjelder

- Austvik, Ole Gunnar, «Staten som petroleumsentreprenør». *Tidsskrift for samfunnsforskning* vol. 48, Nr. 2 (Juni 2007): 197-226.
- Haller, Tobias, Annja Blöchlinger, Markus John, Esther Marthaler og Sabina Ziegler (eds.), *Fossil Fuels, Oil Companies, and Indigenous Peoples – Strategies of multinational oil companies, states and ethnic minorities - Impact on environment, livelihoods, and cultural change*. Wien: Lit Verlag GmbH & Co, 2007.
- Hanisch, Tore Jørgen og Nerheim, Gunnar. *Norsk oljehistorie - Fra vantro til overmot?* Oslo: Leseselskapet, 1992.
- Hanisch, Tore Jørgen, *Om valget av det gode samfunn: Artikler om økonomi og historie*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS, 1996.
- Howarth, Stephen, *A century in Oil: The «Shell» Transport and Trading Company 1897-1997*. London: Weidenfeld & Nicolson, 1997.
- Howarth, Stephen & Jonker, Joost, *Powering the Hydrocarbon Revolution, 1939-1973 – A History of Royal Dutch Shell, volume 2*. New York: Oxford University Press, 2007.
- Johnsen, Arve. *Utfordringen – Statoil-år*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S, 1988.
- Johnsen, Arve. *Gjennombrudd og vekst: Statoil-år 1978-1988*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S, 1990.
- Keetie Sluyterman, *Keeping Competitive in Turbulent Markets, 1973-2007 - A History of Royal Dutch Shell, volume 3*. New York: Oxford University Press, 2007.
- Kvendseth, Stig S., *Funn! - Historien om Ekofisks første 20 år*. Ukjent utgivar stad: Phillips Petroleum Company Norway, 1988.
- Lavik, Håkon, *Statfjord: the largest oilfield in the North Sea*. Stavanger: Statfjord Group, 1997.
- Lie, Einar, *Oljerikdommer og internasjonal ekspansjon – Hydro 1977-2005*. Oslo: Pax Forlag A/S, 2005.
- Marcel, Valérie, *Oil Titans – National Oil Companies in the Middle East*. Baltimore: Brookings Institution Press, 2006.

- Nerheim, Gunnar. *Norsk oljehistorie - En gassnasjon blir til*. Oslo: Leseselskapet, 1996.
- Noreng, Øystein. *Olje-Norge: det bevisstløse eksperiment*. Oslo: Aschehaug, 1984.
- Norsk Esso A/S. *Om forsyningskrisen vinteren 1973/74*. Oslo: Grøndahl & Søn Forlag, 1974.
- Priest, Tyler, «Shifting Sands: The 1973 Oil Shock and the Expansion of Non-OPEC Supply» I *Oil Shock – The 1973 Crisis and its Economic Legacy*, redigert av Elisabetta Bini, Giuliano Garavini og Federico Romero, 117-141. London og New York: I.B. Tauris & Co. Ltd, 2016.
- Ryggvik, Helge. *Norsk oljevirkosomhet mellom det nasjonale og det internasjonale: en studie av selskapsstruktur og internasjonalisering*. Oslo: Unipub forlag, 2000.
- Ryggvik, Helge og Smith-Solbakken, Marie, *Blod, svette og olje*. Oslo: Norsk Petroleumsforening, 1997.
- Sejersted, Francis. *Systemtvang eller politikk: Om utviklingen av det oljeindustrielle kompleks i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget, 1999.
- Smith-Solbakken, Marie, *Oljearbeiderkulturen – Historien om cowboyer og rebeller*. Trondheim: forfatter, Historisk institutt og Rogalandforskning, 1997.
- Venn, Fiona, *The Oil Crisis*, London: Pearson Education Limited, 2002.
- Yergin, Daniel, *The Prize – The Epic Quest for Oil, Money & Power*. New York: FREE PRESS, 1991.

Kjelder frå nettsider

- Anderssen, Harald, B. «CIF» store norske leksikon, utgitt 9. januar 2019. Lest 03.05.2019
<https://snl.no/CIF>
- Arkivverket, «Statoil 40 år», Arkivverket, utgitt 3.5.2017, Lest 03.04.2019.
<https://www.arkivverket.no/om-oss/oljearkivet/statoil-40-ar#!#block-body-1>
- Brækhus, Sjur, «FOB» store norske leksikon, utgitt 20. februar 2018. Lest 03.05.2019
<https://snl.no/FOB>
- Gårseth-Nesbakk, Levi, «Avsetning – regnskap». Store norske leksikon, utgitt 28. desember 2017. Lest 07.03.2018
https://snl.no/avsetning_-_regnskap
- Hofstad, Knut. «Oljeekvivalent», store norske leksikon, utgitt 29. april 2019. Lest 30.04.2019.
<https://snl.no/oljeekvivalent>
- Lundberg, Nils H.. «Råolje» Store norske leksikon, Utgitt 2.november 2017. Lest 20.02.2018
<https://snl.no/r%C3%A5olje>
- Norsk oljemuseum, «Ekofisk», utgitt 16. desember 2015. Lest 27.10.2018
<https://www.norskpetroleum.no/fakta/felt/ekofisk/>
- Norsk oljemuseum, «Statfjord», utgitt 16. desember 2015. Lest 27.10.2018
<http://www.norskolje.museum.no/statfjord/>
- Oljedirektoratet «Oljeordliste» Lest 18.02.2018
<http://www.npd.no/no/Om-OD/Informasjonstjenester/Oljeordliste/>
- Petroleum.co.uk «API Gravity». Lest 09.04.2019
<http://www.petroleum.co.uk/api>
- Petroleum.co.uk «Benchmark Oils». Lest 09.04.2019
<http://www.petroleum.co.uk/benchmarks>
- Petroleum.co.uk «Sweet vs. Sour Crude Oil». Lest 09.04.2019
<http://www.petroleum.co.uk/sweet-vs-sour>

- Ryggvik, Helge, «Statoil ASA». Ryggvik, Helge. Store norske leksikon, utgitt 6. Februar 2015. Lest 18.02.2018

https://snl.no/Statoil_ASA

-Smith-Solbakken, Marie, «Statfjord A-brannen». Store norske leksikon, utgitt 8.januar 2018. Lest 17. april 2019.

https://snl.no/Statfjord_A-brannen

-Stoltz, Gerhard, «Vertikal integrasjon», store norske leksikon, utgitt 7. august 2014. Lest 10.04.2019.

https://snl.no/vertikal_integrasjon

-Store norske leksikon. «Bilateral – økonomi», store norske leksikon, utgitt 20. februar 2018. Lest 12.04.2019.


[https://snl.no/bilateral - %C3%B8konomi](https://snl.no/bilateral_-_%C3%B8konomi)

- Thorsnæs, Geir, «Mongstad», store norske leksikon, utgitt 22. februar 2019. Lest 30.04.2019

<https://snl.no/Mongstad>

Vedlegg


Vedlegg 1 - Organisering av Statoil sine avdelinger 1972/73



Kjelde: Arkiverket, «Statoil 40 år», arkivverket, utgitt 3.5.2017, Lest 03.04.2019.


<https://www.arkivverket.no/om-oss/oljearkivet/statoil-40-ar#!#block-body-1>

Vedlegg 2 – Inndeling av det amerikanske oljemarknaden



Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I - 19.7.77. Kapittel 5 – Side 26 (mitt sidetal).

Vedlegg 3 – Avsetningsmønster frå 19.juli 1977.



Kjelde: Statsarkivet i Stavanger, A-101656 - PA 1339 – Statoil ASA, 0001 – Sentralarkivet/Fjernarkivet, DA – Saks- og korrespondansearkiv, konsernarkivet, L0100 – XA01-M1.09-XA01-M2.02, Statoils avsetningspolitikk for petroleum: Utkast nr. I - 19.7.77. Kapittel 7 – Side 5 (mitt sidetal).

